

Årsrapport 2014

Fylkesmannen i Hordaland

Innhold

I - Fylkesmannens beretning	Side 3
II - Introduksjon til embedets hovedtall	Side 6
III - Årets aktiviteter og resultater	Side 9
IV - Styring og kontroll i embedet	Side 22
V - Vurdering av framtidsutsikter	Side 26

I - Fylkesmannens beretning

Eg vil her gi nokre merknader til ein del overordna og særlege spørsmål som har betydning for embetet.

Vurdering av dei samla resultata og ressursbruken i embetet

Embetsoppdraga inneheld samla fleire oppgåver / aktivitetar enn det det er ressursar til. Dei viktigste sakene er prioriterte. Vi har sett i verk fleire organisatoriske tiltak for å få ein meir effektiv og samordna organisasjon. Vi har nedbemanna embetet med ca. ti årsverk for å frigjere nokre av ressursane til lønsauke og kompetanstiltak. Resultatet er at vi har god overordna budsjettstyring. Vi gjer innan alle fagområde grundige vurderingar av prioriteringar, samt tenkjer forenklingar og effektivitetstiltak.

Aktiviteten i embetet har i 2014 vore høg i alle avdelingane i embetet. Embetet har innan alle fagområde løyst embetsoppdraga med god måloppnåing. Det har i all hovudsak gjennomført dei prioriterte oppgåvene i 2014 innanfor dei tildelte ressursane. Volumkrav for tiltak, t.d. tilsyn, og sakshandsamingstider for enkeltsaker, t.d. byggesaker og saker om krav om rettar etter helse-, sosial- og utdanningslovgivinga, er oppfylte

Embetet har også i 2014 arbeidd mykje med å utvikle eit god styringssystem med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta. Det er tatt inn i eit styringshjul som sikrar god styring og kontroll av oppgåver og økonomi gjennom året. I 2014 hadde embetet eit mindreforbruk på i underkant av kr. 2 mill.

Viktige prioriteringar

Med mange oppgåver og oppdragsgivarar er det ei utfordring å finne løysingar og arenaer, der desse oppgåvene kan løysas samordna. Embetet har difor stor merksemd på samordning innan og mellom avdelingar, t.d. innan landbruk, plan og helse-, sosial-, barnevern og utdanning. Vi har i 2014 også hatt fire prioriterte fellessatsingar, der samordning er essensielt: - barn og unge, - beredskap, - kommunereforma og kompetanseutvikling.

Sentrale forhold i embetet og fylket av betydning for verksemda

Betre styring av Fylkesmennene

Embetet er nøgd og ser det som viktig det arbeidet KMD har initiert for ei «Betre styring av Fylkesmannen». Når det gjeld utforming av dei ulike embetsoppdraga, varierer desse meir enn saklege tilhøve tilseier. Det bør arbeidast mot en klargjering av overordna mål og eit tydlegare skilje mellom mål og verkemiddel, basert på Fylkesmannens ulike roller. Det er også trong for å vurdere styringsdialog, med sikte på å få ein så kostnadseffektiv og innhaldsmessig fornuftig styringsdialog som mogeleg.

Kommunereforma

Dei grunnleggjande formåla med reforma samsvarar med det som er situasjonen i kommunane i fylket: - små og manglande kompetansmiljø, - fragmentert areal- og transportplanlegging, - stor bruk av interkommunalt samarbeid som gir eit demokratisk underskot og stort potensiale for å bruke større og meir fagleg kompetente kommunar til å løysa fleira av samfunnets velferdsoppgåver.

2014 har vore brukt til informasjon og rettleiing av kommunane når det gjeld innhaldet i og føresetnadene for kommunesamanslåingar. Kommunane verka no å vere i ein fase då dei førebur politisk vedtak om samanslåing og dei administrative konsekvenser slike vedtak vil gi.

Beredskap og samfunnstryggleik

Det har i 2014 vore ein monaleg auke i beredskapshendingar som er registrerte i CIM. Mens talet for 2012 og 2013 var 110 og 127, var talet for 2014 309 hendingar. Det samsvarar også med det som embetet elles registrere: 2014 har vore prega av mange, og til dels alvorlege hendingar, og særleg klimahendingar. Det ser ut for at dei prediksjonane klimaforskarane gjorde for berre nokre år sidan, no er i ferd med å bli realitet.

Arbeidssituasjonen i fylket

Den økonomiske aktiviteten i fylket er framleis høg. Trass i sterk nedbemanning innan oljesektoren, synes det ikkje til no å ha hatt vesentlege konsekvensar for arbeidsløysa i fylket, sjølv om denne har auka noko det siste året. Hovudforklaringa på dette synes å vera at det i stor grad er innleigd utanlands arbeidskraft som i størst mon mister arbeidet, og at mange av dei overflødige får seg arbeid i andre sektorar. Det siste gjeld særleg ingeniørar. Det må likevel forventas auka arbeidsløysa i tida som kjem.

Regional ubalanse i fylket

Det er ein markant regional ubalanse mellom ytre og indre delar av Hordaland, der fylket er differensiert i vekstområde og stagnasjons-/fråflyttingsområde. Vi ser få spor i den regionale areal- og distriktspolitikken, som tar sikte på aktivt å utligne desse forskjellane. Det viktigaste verkemiddel i denne samanhengen er å knyte desse delane av fylket saman transportmessig. Det bør vere ei transportpolitisk prioritering å satse på utbetring av E 16 og jenbanelina frå Arne til Voss.

Miljøutfordringar / planutfordringar

Miljøutfordringane er store og komplekse. Her skal kort nemnast to: Det har vore ei nærast katastrofal auke i rømningar frå oppdrettsfisk i 2014, med dei miljømessige konsekvenser det medfører. Det kan konstaterast at verken offentleg styresmakter eller næringa sjølv har beredskapsmessige virkemiddel til å ta hand om oppståtte situasjonar av dei dimensjonane vi no ser.

Dessutan veks utsleppa frå transportsektoren, og privatbilbruken aukar i dei største kommunane i fylket. Kommunane har etterkvart fått verkemiddel til å begrensa denne situasjonen, og t.d. kan nemnast at etter initiativ frå opposisjonen i Bergen bystyre har kommunen vedtatt å innføre ei køprisordning frå 2016.

I kommunanes planlegging synes det og å vera ein motvilje mot å revidere arealplanar med omsyn til t.d. tidlegare regulerte buområde som ut frå ein areal- og transportpolitikk regjeringa har foreskrevet i sine statlege rettsningslinjer ikkje byggjer opp om regjeringas klimamål.

Velferd, helse

Det er store utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg og kvalifisert personell i dei kommunale tenestene, og det er svak leiarkompetanse. Desse forholda har innverknad på handtering av omstillingsprosessar, tryggleik og kvalitet i dei kommunale tenestene.

Når det gjeld samhandlingsreforma, er situasjonen særleg i dei større kommunane at dei heimebaserte tenestene ikkje er organiserte eller dimensjonerte for oppfølging av generelt meir behandlings- og pleiekrevjande pasientar.

Verjemål

Det er krevjande og sterkt kritikkverdig at det framleis ikkje er på plass ei godkjent dataløysing, og at vi er langt unna «digitalt førsteval» som var ei målsetting for reforma då ho vart gjennomført frå 1.juli 2013. Embetet har sett inn mange kompenserande tiltak for å sikre at brukarane våre blir minst mogeleg skadelidande, som t.d. omdisponering av ressursar, kriseløysingar og rutiner med ei meir manuell sakshandsaming enn planlagt. Tatt omsyn til dette representerer reforma eit klår rettstryggleiksframsteg samanlikna med tidlegare verjemålsordning.

Strukturreformar – statleg regional forvaltning

Når ein no må forventa at det skjer store endringar i kommunestrukturen, er embetet svært samd i at det ligg til rette for og bør gjerast ei vurderinga av den stале regionale forvaltninga. Det vert vist til ei grundigare omtale av dette under kap. V.

Byggesaker

Når det gjeld byggesaker, har vi handsama 517 klagesaker i 2014. Vi arbeider systematisk med å byggje ned restansane på området. Vi har i 2014 vore innafør fristen på tolv veker sakshandsamingstid i nesten samtlege saker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for år 2014 er 44 dagar.

Bergen, 2. mars 2015

LARS SPONHEIM

(sign)

II - Introduksjon til embetets hovedtall

Presentasjon av Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen er Kongen og regjeringa si representant i Hordaland, og utfører dei oppgåver som er gitt i Instruks for fylkesmenn, fastsett ved kgl. res 7.8.1981, endra ved kgl. res 10.11.1988 og 6.7.1999, og Instruks for fylkesmennes beredskapsarbeid, fastsett ved kgl. res. av 18.04.08.

Dei sentrale styringsdokumenta for Fylkesmannen er fylkesmannsinstruksen, Prop 1 S (2011-2012) for fagproposisjonane, tildelingsbrev frå KMD, fullmaktsbrev og oppdrag gitt frå departement og direktorat. jf. <http://oppdrag.fylkesmannen.no>

Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dei tolv oppdragsdepartementa og åtte oppdragsdirektorata våre formidlar mål og resultatkrav. Dei enkelte departementa har direkte instruksjonsmynde over Fylkesmannen innan det enkelte departement sitt saksområde.

Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn viktige saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Fylkesmannen skal aktivt bidra i samfunnsutviklinga i regionen samt ivareta rettstryggleik for innbyggjarane og sørgje for samordning.

Sentrale oppgåver for Fylkesmannen er å:

- Ivareta rettstryggleiken for enkeltpersonar gjennom tilsyn og klagebehandling
- Formidle og bidra til gjennomføring av nasjonal politikk
- Sørgje for samordning av statlege styringssignal til kommunesektoren og formidle statlege forventningar konsistent, tydeleg og heilskapleg
- Spille ein aktiv rolle i det regionale plan- og utviklingsarbeidet
- Vere talerøyr for fylket overfor sentrale styresmakter
- Ivareta tilskotsforvaltning og andre forvaltningsoppgåver på ein god måte.

All verksemd skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Verksemda skal vidare drivast i samsvar med prinsippa om kvalitetsleiing og kontinuerleg forbetring.

Det skal vere trygge og gode arbeidstilhøve ved embetet som gjer at dei tilsette trivst i arbeidet og får brukt ressursane sine på best mogleg måte. Alle har ansvar for å bidra til eit arbeidsmiljø prega av tverrfagleg samarbeid, respekt, tillit og samhald.

Intern organisering

Fylkesmannen i Hordaland er lokalisert i Statens hus i Bergen. Embetet er organisert med seks fagavdelingar, jf. lenkje til [organisasjonskart](#).

Fylkesmannen hadde i fjor 178,3 årsverk fordelt på 200 tilsette. I årsverka inngår alle faste tilsette og lengre engasjement uavhengig av finansiering. Embetet har stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområde, og vi har tilsette som i dag blir nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat. Det er generelt god søking til ledige stillingar.

Vi har to allmøte årleg for alle tilsette.

Det var fleire endringar i leiinga i 2014. Leiinga i dag er:

- Fylkesmann Lars Sponheim
- Assisterande fylkesmann Rune Fjeld
- Fagdirektør Ole Bakkebø

- Fylkeslege Helga Arianson
- Avdelingsdirektør for miljøvernavingdelinga Kjell Kvingedal
- Avdelingsdirektør for utdanningsavingdelinga Anne Hjermann
- Avdelingsdirektør for landbruksavingdelinga Åse Vaag (ny)
- Avdelingsdirektør for administrasjon- og verjemålsavingdelinga Kari Tepstad Utvær

Pr. i dag er assisterande fylkesmann Rune Fjeld overordna leiar for kommunal- og samfunns-planavingdelinga.

Visjon, verdiar og leiarprinsipp

Fylkesmannen har definert eit verdsett som skal ligge til grunn for all aktivitet i verksemda.

Vår visjon: *Fylkesmannen skal utføre godt styresett og møte urett med rett*

Verdigrunnlaget vårt

Demokratisk: Vi skal arbeida for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer blir følgde opp og gjera konsekvensane av dei i Hordaland kjende for dei nasjonale styresmaktene.

Rettferdig: Vi skal hegna om rettstryggleiken både i avgjerdene og i avgjerdsprosessane. Vi har eit særleg ansvar for rettstryggleiken til dei som ikkje sjølve kan fremja interessene sine.

Open: Vi skal vera opne for innsyn, leggja til rette for deltaking frå innbyggjarane og sikra eigne tilsette medverknad.

Påliteleg: Vi skal vera uhilda og grunnkje vedtaka våre fagleg og gje kunnskapsbaserte råd ut frå vårt beste faglege skjønn.

Effektiv: Vi skal bruka ressursane våre slik det er politisk bestemt, og vi skal nå dei politiske måla på den mest berekraftige måten.

Samordning - samarbeid

Eit viktig mål for embetet som det vert arbeidd kontinuerleg med er å ha god intern samordning og samarbeidd på tvers av avelingane. Vi har etablert ei lang rekkje møtestader interne møtestader for å drøfte oppgåver som er avelingsovergripande og det er utarbeidd samarbeidsrutinar på fleire område m.a. innanfor planområdet, tilsyn, verjemål, beredskap, barn- og unge.

Embetet hadde fire prioriterte fellessatsingar i 2014:

1. Barn og unge-prosjekt
2. Beredskap
3. Kommunereforma
4. Kompetanseutvikling

Samarbeid med andre embete og andre verksemder

Fylkesmannen i Hordaland har årleg innanfor ulike fagområde samarbeid og erfaringsutveksling med andre fylkesmannsembete. I 2014 har vi m.a. hatt fleire hospiteringsbesøk frå andre embete.

Vestlandlandssamarbeid

Fylkesmennene på Vestlandet (FMSF, FMRO og FMHO) med sine respektive leiargrupper, hadde felles møte i Ullensvang hausten 2014. Bakgrunnen for møte var å diskutere om vi kan fordela arbeidsoppgåver mellom embeta, slik at vi på dei aktuelle områda kan effektivisere og tenestene, utnytte ressursane meir effektivt, yte betre tenester for publikum og sikre større rettslikskap.

Fleire utviklingstrekk og reformer tilseier at Fylkesmennene bør utvikle felles strategiar for samhandling og oppgåveløysing. Vi står framfor ei kommunereform som vil medføre endringar på alle nivå i forvaltninga, både når det gjeld struktur og oppgåver. I ein slik prosess er det naturleg at Fylkesmennene vurderer om vi har oppgåver som kan utførast av større kommunar. Samstundes bør det vurderast om oppgåver som i dag ligg i

departement, direktorat eller ander regionale statlege etatar, kan utførast meir effektivt og med større lokalkunnskap av fylkesmannsembeta.

Etter samlinga har FMSF og FMHO inngått eit samarbeid om å drøfte vidare om det er konkrete arbeidsoppgåver som kan fordelast mellom embeta. Det er utarbeidd ein tidsplan, og dei respektive avdelingsdirektørane har ansvar for å følgje opp samarbeidet innanfor sine fagfelt. Dette er eit arbeid som held fram i 2015.

Det er inngått eit vidare samarbeid mellom alle tre vestlandsembeta for å vurdere om det er tenleg og ressurseffektivt å ha eit ressursembete innanfor særskilte oppgåver/fagområde.

Ulike samordningstiltak

Fylkesmannen har i seinare år fått styrka mynde som samordnar av statlege styringssignal for sektorar og statsetatar med oppfølgingsansvar overfor kommunane.

Særleg gjeld dette gjennom samordning av tilsyn, og ikkje minst statlege motsegner til kommunale arealplanar, der Fylkesmannen også har mynde til å avskjere motsegner.

Tilsynsforum er eit viktig organ for samordning, og arbeidet her har også i 2014 vore vektlagt.

Desse møteplassane gir også arena for dialog og rettleiing mellom statlege organ og kommunane.

Gjennom rådgiving, kurs, konferansar, møter o.a. utøver Fylkesmannen i Hordaland sitt samordningsansvar.

Vi viser til merknadene under kapittel V, Strukturreformar – statleg regional forvaltning, som særleg har betydning når det gjeld å få til ein meir samordna og koordinert stat, særleg når det gjeld kommunane.

III - Årets aktiviteter og resultater

Kommunereforma

I samband med kommunereformarbeidet har fylkesmannen sjølv vitja 28 kommunar hausten 2014, i tillegg deltatt på nokre formannskapsmøter. Det er kommunane som på eige initiativ har invitert fylkesmannen. Fylkesmannen har jamlege møter i KS- styret i Hordaland for å avklare problemstillingar og drøfte tiltak i denne prosessen. KS har delteke på ein del av kommunestyremøta. Fylkesmannen har i tillegg delteke med foredrag hos ulike organisasjonar i både privat og offentleg sektor. Fylkesmannen har fått mange førespurnader om å delta i folkemøter og legg opp til å delta i omlag to møter i kvar region i fylket.

Ved at fylkesmannen personleg har deltatt på og prioritert møta med kommunestyra, vert reforma forankra i det organet som skal fatte vedtak om muleg samanslåing av kommunar. Samstundes får alle kommunar og kommunestyremedlemmar likelydande budskap om reforma, verkemiddel, føremål og tidsramme for prosessen. Interesse for reforma er stor og vi oppfatter stemningen slik at kommunestyremedlemmane i hovudsak er positivt til dette arbeidet. Geografi, kommunikasjonar og innbyggjartal kan i deler av fylket gjere arbeidet krevjande.

Skjønsmidlane - prosjektskjøn

Fylkesmannen i Hordaland reserverte i 2014 kr 23,7 millionar av skjønstilskotet for 2014 til fornyings- og innovasjonsprosjekt, uføresette hendingar og generell fordeling seinare. Kr 16,7 mill vart fordelt i første runde.

I samband med tildelinga for 2014 vart det føretatt ei utgreiing av prosessen, med deltakarar frå kommunane, KS og Universitetet i Bergen. Det vart vedteke at regionråda skulle få ein aktiv rolle i prosessen. Regionråda skal no vurdere søknadane og prioritere mellom dei. Kommunane kan sjølvsagt framleis søke Fylkesmannen direkte, særleg gjeld dette kommunar som ikkje er knytte til regionråd. Praksisen held fram i 2015.

Kommuneøkonomi – gjeldsgrad

Hordaland har to kommunar i ROBEK-registeret (Stord og Osterøy). Det er eit sær sars lite tal kommunar, sett over ein tiårsperiode. Generelt er Hordaland eit «tofartsfylke», med stor aktivitet og vekst i pressområda, særleg i kystområda, og fråflytting/stillstand i særleg dei indre områda av fylket. Inntektssystemet sin kompensasjon er, trass i det nye veksttilskotet, noko etterskotsbasert. Det gir utfordringar for vekstkommunane som er i fleirtal. Det gjeld særleg med tanke på innbyggjartal. Samstundes har dei små kommunane som ikkje har vekst, betydelege ressursar, og i nokre høve, stor ressursar grunna inntekter frå kraftindustri eller eigedomsskatt på industrianlegg. Ser vi på frie inntekter pr. innbyggjar i ein kommune, og særleg om vi legg til eigedomsskatt og kraftinntekter, er skilnadene betydelege.

Det ligg ikkje føre tal for 2014 enno, men ser vi på netto driftsresultat i 2012 og 2013, er resultatet i fylket (u/ Bergen) likt eller betre enn landet elles.

Målt i samaliknbare tal var gjelda fylket, både med og utan Bergen, lågare enn for landet u/Oslo ved inngongen til årtusenet. Deretter auka gjelda kraftig, og ligg no over landsgjennomsnittet.

Netto gjeld over brutto driftsinntekter dei siste ti åra:

	2004	2009	2013	Auke i gjeldsandel	Auke-%
Hordaland	54,98 %	53,90 %	73,22 %	33,16 %	18,23
Bergen	48,75 %	41,76 %	73,21 %	50,17 %	24,46
Ho u/Bergen	62,22 %	66,44 %	73,23 %	17,69 %	11,00
Landet u/Oslo	59,50 %	68,73 %	75,85 %	27,49 %	16,36

Sjølv om det har vore ein mindre auke i veksten i høve til landet dei siste åra, ser vi ut frå kommunane sine styringsdokument at investeringstakten, med låneopptak, ikkje stopper opp.

Fylket har mange kommunar med god inntektsside, men i nokre høve vekker gjeldsauken bekymring. Avdrag og renter tar av inntekter som skal gå til kommunale tenester, og ein renteauring i framtida kan få stor effekt for somme kommunar.

Fylkesmannen har få andre verkemiddel enn rettleiing overfor kommunane. For ROBEK kommunar har

Fylkesmannen godkjenningsfunksjon. Det gir ein meir grundig dialog i forkant av søknad og godkjenning, noko som igjen fører til få avslag. ROBEK-kommunane er få, berre to kommunar. Det er ikkje nødvendigvis dei som er i ROBEK i dag som har eit gjeldsproblem i framtida.

Ved publisering av KOSTRA-tal vert det utarbeida rapport for kommunane i Hordaland. I tillegg vert rapportgeneratorar for den einskilde sektor publisert (samarbeid mellom Fylkesmennene). Det set fokus på KOSTRA, og rapporteringa vert stadig betre. KOSTRA -tala vert i stor grad nytta i kommunane sitt økonomiarbeid, og er også referert i Fylkesmannen sine budsjettbrev.

Kommunane får ved framlegging av kommuneproposisjonen og statsbudsjett eit notat som omhandlar det kommuneøkonomiske, med vekt på fylket. I tillegg vert meir omfattande analyser lagt ut på nettet saman med notatet og lenker til regjeringa sin nettstad om emnet.

Fylkesmannen samarbeider også med KS om konferansar om emnet. Det vert i tillegg arrangert einskildmøte med kommunar etter behov.

Alle kommunane i fylket får eit skriv med analyse av den aktuelle kommunen sitt budsjett og økonomiplan, det gjeld altså også kommunar som ikkje er i ROBEK. Fylkesmannen meiner dette gir god kontroll over den einskilde kommune sin økonomi, og er noko som vert motteke med stor interesse.

Fylkesmannen i Hordaland har lagt stor vekt på rettleiing. Samtlege kommunar får vurdert gjeldsnivået i samband med at Fylkesmannen skriv til kommunen om årsbudsjett. I tillegg kjem munnleg rettleiing, og publisering av KOSTRA-rapportar to gonger i året.

Velferd, helse og personleg tenesteyting

Embetet samordnar alle oppdrag frå HOD, BLD og AID og legg vekt på også å koordinere tiltaka med oppdrag frå andre departement.

Dei fleste innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på. Det er likevel store variasjonar i tenestetilbodet og enkelte grupper kjem dårlegare ut enn andre. Fleire av kommunane har formidla at dei prioriterer stramt.

Det er framleis store utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg og kvalifisert personell i dei kommunale tenestene. Leiarkompetansen er svak og har innverknad på handtering av omstillingsprosessar, tryggleik og kvalitet i dei kommunale tenestene, spesialisthelsetenestene og statlege barnevernstenester jf. kapittel 2.3. Utan god leiing og styring er det vanskeleg å hente ut effekten av den tilførsel av stillingar og kompetanse som er tilført kommunane. Også i samband med gjennomføring av kommunereforma vil det vere avgjerande med god og kompetent leiing for å oppretthalde forsvarleg og tilstrekkeleg tenesteyting til befolkninga.

Samarbeidsavtalane mellom spesialisthelsetenesta og dei kommunale helse- og omsorgstenestene har medverka til betre samarbeid. Elektronisk meldingsutveksling har forenkla kommunikasjon og informasjonsoverføring. Potensialet er likevel ikkje nytta fullt ut. Innhald i og svartid på meldingane kan bli betre og det er ønskjeleg å utvide ordninga til fleire tenester/fagområde.

Iverksetting av reforma har synleggjort behovet for samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Styrkt og utvida tenestetilbod i spesialisthelsetenesta, til dømes til personar med psykiske lidningar og rusproblem, har konsekvensar for kommunane si prioritering og dimensjonering av tenestetilbod. Det blir konkretisert seinare i kapitlet.

Samhandlingreforma har innverka på bruken av sjukeheimplassar ved at korttids plassane no i hovudsak blir nytta til pasientar som blir skrivne ut frå sjukehus. Tilgangen på korttids plassar er sterkt redusert for andre enn dei som kjem frå sjukehus, til dømes plassar for avlastning og rehabiliteringsopphald. Det har konsekvensar for tenestetilbodet til mange pasientar. I fleire av dei større kommunane er dei heimebaserte tenestene førebels ikkje organiserte eller dimensjonerte for oppfølging av generelt meir behandlings- og pleiekrevjande pasientar og kompensere ikkje for reduksjon i tilbod om korttidsopphald. Sjølv om heimetenestene er bygd ut, er det framleis liten kontinuitet i tilbodet til mange av brukarane. Talet på hjelparar som går til ein pasient i løpet av ein månad er alt for høgt. Det påverkar kvaliteten på tenestene. Både pasientar, brukarar og pårørande opplever dette som lite tilfredsstillande og lite trygt. Risiko for svikt og misforståing blir også større.

Vi har i fleire år peika på behovet for fleire tilrettelagte bustader med tilbod om individuelt tilpassa oppfølging. Fylkesmannen leier programrådet som rådgir Husbanken om kva for kommunar som bør takast opp i programmet. Eit sentralt mål for samarbeidet med Husbanken er å følgje opp, samordne og vidareutvikle det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området. Vi har og ført tilsyn med kommunane sin praksis for tildeling

av midlertidig bustad og arbeidet med å skaffe varig bustad. I fleire kommunar er det for liten tilgang på utleigebustader. Dei siste åra har fleire kommunar kome godt i gang med å etablere fleire bustader med buoppfølging, men det er framleis stor mangel på bustader til personar med psykiske lidingar og rusproblem. For flyktningar, einslege unge, fattige barnefamiliar og personar som kjem ut av fengsel, er det heller inga enkel oppgåve å finne eigna bustad. Fylkesmannen meiner at kommunen bør ha plikt til å skaffe varig bustad til dei som ikkje klarer det sjølve. Eigna bustad er eit grunnleggjande behov. Det er og nødvendig for å gje forsvarlege helse- og omsorgstenester og for å vidareføre behandling og rehabilitering som er påbegynt i spesialisthelsetenesta.

Tenester må vere samordna. Nesten alle kommunane slit med å få dette til. Det kjem tydeleg fram i arbeidet med samhandlingsreforma. Vi ser dei same behova for samordning i satsinga på rus og psykiatri, barnevern og i no ei brei satsing på barn og unge. Den interne organiseringa i embetet og prioritering av samarbeid mellom avdelingane har gjort Fylkesmannen betre i stand til å sjå dei ulike tenestene i samanheng og utvikle felles strategiar for dette. I møte med dei ulike tenestene og i vurderingar av klage og tilsynssaker, har vi i mykje større grad løfta fram konsekvensane av mangel på samarbeid, formidla tydelege forventningar og peikt på svikt i samarbeidet når det har mangla. Svikt i samarbeid har til dømes gått ut over barn i barnevernet. Når det gjeld samarbeid, er det mykje som bør blir betre. Barn og unge-satsinga er ei viktige del av dette og bli omtalt under kapittel 2.3.

Vi held krava til saksbehandlingstider i klage- og tilsynssaker innan helse-, barneverns- og sosialområdet. I mange tilsynssaker tek vi opp svikt i samarbeid mellom ulike instansar. Her er det mykje å gå på, og vi fører oftare enn før partane saman for å kome fram til betre samarbeidsrutinar. Når det gjeld lovendingane om styrkte rettar for pasientar, brukarar og pårørande i tilsynssaker, hadde vi tilpassa vår praksis til føresengene før dei blei iverksette. Vi har gode erfaringar med å sikre brukarmedverknad og høyre pasient, brukar og pårørande og har kortare saksbehandlingstid i 2014 enn åra før. Det landsomfattande tilsynet med barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar i 2013 og 2104 førte etter vår vurdering til betre rutinar av både utgreiing og behandling. Samarbeidet med andre tenester, særleg barnevernet er viktig og blir arbeidd vidare med.

Det ser framleis ut til å vere vanskeleg for kommunane å prioritere langsiktig helsefremjande arbeid som del av samhandlingsreforma. Det står og ein del att før vi har klart å gjere strategiar for fleire gode leveår og mindre sosial ulikskap synlege og allment aksepterte i generell samfunnsplanlegging og i sektorar som har ansvar for utdanning, samferdsel, bustadutvikling og næring. Det er lettast å få gjennomslag for tilrettelegging for fysisk aktivitet.

På den andre sida viste dei kommunane som vi førte tilsyn med i 2014, at mykje av folkehelsearbeidet kommunane gjer, blir definert som noko anna. Det gjeld ikkje minst det systematiske arbeidet i utdanningssektoren. Når vi samanliknar med tidlegare år, er folkehelsearbeidet likevel klart høgare prioritert i 2014.

Oppvekst, barnehage og opplæring

Embetet sikrar koordineringa av arbeidet for barn og unge innad i embetet gjennom ei «Barn og Unge – gruppe». I tillegg til dei fagområda som er lista opp i tildelingsbrevet er embetet si Kommunal og samfunnsplanavdeling del av gruppa. Det gir ein naturleg inngang for å følgje opp korleis barn og unge sine interesser blir vektlagt og får plass i kommunane sitt planarbeid. Alle dei aktuelle avdelingsdirektørane er faste medlemmer i gruppa og har deltatt fullt ut i det løpande arbeidet.

Embetet har lagt til grunn ei brei satsing i alle kommunar på barn og unge. Kunnskapsgrunnlaget og kjennskap til status i eigen kommune er sentralt. Vi legg vekt på universelle og strukturelle tiltak der det er mogeleg, men samstrundes at tiltaka skal vere innretta for å nå særleg utsette barn. «Barn og unge gruppa» skal utvikle Fylkesmannen sine strategiar på området. Strategien må både vere langsiktig, men og gjere noko for å gjere kvardagane enklare her og no og sørge for deltaking og ikkje utestenging. Kommunane er komne ulikt langt når det gjeld å kartleggje status og skaffe oversikt over helsetilstanden som del av det kommunale planarbeidet. Vi legg vekt på at utsette barn og unge blir tatt omsyn til i kommunen sine planar. Fylkesmannen samarbeider med relevante kompetansesentre og søker å samordne tiltak mot barn og unge gjennom denne møtestaden.

Ein sentral del av Barn- og unge satsinga i embetet vårt er konkret knytt til den situasjonen born frå inntektsfattige familiar er i. Embetet har arrangert eit drøftingsmøte for sentrale samarbeidspartar (NAV, BUFdir, Helse-Bergen, KS, fleir av kompetansesentra i fylket, fylkeskommunen, friviljuge organisasjonar m.fl.) for å få eit felle overblikk over korleis dei respektive tar omsyn til fattige barn i arbeidet sitt og for å løfte fram behov for samarbeid. Fem kommunar er inviterte til ei særskilt satsing mot barnefattigdom. Satsinga skal gå over fem år og det er stilt krav om politisk forankring i dei aktuelle kommunane. Embetet er vidare aktivt medverkande i utforminga av kommunane si innretting av arbeidet, kommunane får tilgang på embetet sin kompetanse på områda økonomi, plan, juss, statistikk og analyse, samt anna relevant fagleg bistand. I tillegg til fagleg støtte

bidreg embetet med skjønsmidlar, og går saman med kommunane i ei vurdering av relevante tilskottsmidlar. Med den økonomiske støtta embetet legg til rette for meiner vi at vi skal ha høge forventningar til arbeidet i kommunane.

Vi veit at mange kommunar har eit uklårt bilete av kor mange barn som inngår i statistikken om barnefattigdom. Vi ser difor at ein viktig del av satsinga må ta opp i seg korleis kommunar får kunnskap om eigen situasjon. Vidare må dette få konsekvensar for kommunen sitt daglege tenestetilbud og arbeid, eller sagt med andre ord: sikre at alle kommunane sine tenestetilbud rekk heilt ut og inkluderer dei som er svakast økonomisk stilt.

Informasjon og rettleiing om Barnekonvensjonen (BK) er følgt opp i Barn og unge-gruppa sitt arbeid. Vurderingar av omsynet til barnets beste er ein obligatorisk del av klagesakbehandlinga. Embetet har og brukt nettsidene gjennom ei eiga bannersak «Barns beste» for å sette dette på dagsorden. I tillegg er regelverksamlingar for kommunane brukt. Vi søker der å synleggjere korleis BK må sjåast i samanheng med andre rettar som skal sikre barn og unge.

Embetet har ein sers god struktur for kontakt både med skuleeigar og barnehagemyndene i kommunane. Det bidreg til at dei emna vi tar opp i rettleiingsarbeidet vårt i stor grad er etterspurde og relevante. Vi har berre positive erfaringar frå det nye nasjonale tilsynet etter opplæringslova.

Det kan gjerast mykje for å lette situasjonen til barn under barnevernet. I våre møte med kommunane og i tilsynet med dei, ser vi at dei har trengt lang tid for å få på plass nye årsverk og få lært opp disse. Som nemnd i Kap 2.2. meiner vi at behovet for styrka leiarkometanse og ei heving og utvikling av fagkompetansen er nødvendig. Vi ser enno ikkje heile effekten av den statlege styrkinga av barnevernet. Det er og stort behov for å normere kva som ligg i kravet om fagleg forsvarlege tenester både i det kommunale og statlege barnevernet. Det arbeidet er kome kort. Her treng fagmiljøa hjelp utanfrå på ein annan måte enn det dei har fått så langt. Få ser samanhengen mellom dette kravet og krav om styringssystem. Her meiner Fylkesmannen at det er behov for å systematisere meir og ta i bruk den kunnskapen vi har på ein betre måte. Til dømes er det etter kvart godt dokumentert korleis det går med barn i fosterheim. Kva konsekvens skal det få for statleg politikk og tiltak i barnevernet? Er det gode barnehagar og tiltak for å sjå til at barn fullfører skule og anna utdanning som er det langsiktige tiltaket? Det er spørsmål det blir det arbeida med i embetet si barn og unge-satsing og som vi vil diskutere med oppdragsgjevar og forskingsmiljø/kompetansesenter.

Når det gjeld behandling av klager og dei ulike tilsynsoppgåvene, er måla med eit lite unntak nådd. Tilsyn og oppfølging av fosterforeldre viste stor variasjon mellom kommunane. Der styring og leiing er svak, ser vi dei største manglane og avvika. Vi følgjer opp kommunene til vi ser at korrigerande tiltak har gitt ønska effekt. Andre kommunar følgde opp fosterheimane som forventa. I 2013 utfordra vi leiarar i kommunen til å lese og bruke kvartalsrapporteringane på barnevern. Vi følgde dette opp i 2014 og brukte og rapporteringa til å ta opp med kommunen tal vi ikkje kunne la passere. Det førte til at kommunane retta vesentlege feil i rapporteringa. Vi meiner denne dialogen har ført til både auka merksemd og betre rapportering om resultat i barnevernet.

Fleire kommunar har gitt tilbakemelding om at dei har merka at Bufetat ikkje på same måte som før klarer å finne eigna fosterheimar eller institusjonsplassar. Det gjeld særleg dei litt eldre barna som har samansette problem. Det tek ofte for lang tid å finne eigna fosterheima eller institusjonsplassar. Det fører til fleire akuttplasseringar enn nødvendig. Når plasseringa i tillegg kan bli langvarig og også feil når det gjeld barnet sitt behov, blir det ei alt for stor belastning på barna. Det er døme på at dei er blitt introdusert til miljø som kan bli ei stor tilleggsbelastning og vanskeleg å kome ut av igjen. Bufetat si erfaring er at det er vanskeleg å rekruttera nok fosterheimar. Samstundes arbeider dei med å redusere institusjonsplassar slik oppdraget er. Fylkesmannen forstår at dei organisatoriske endringane som pågår kan vere krevjande. Men det har konsekvensar for barna. Vi har behandla fleire tilsynssaker det siste året der tema har vore at tenester frå det statlege barnevernet ikkje har vore gode nok. Denne utfordringa er stort sett likt oppfatta av kommunen, Bufetat og Fylkesmannen.

Når det gjeld busetting av flyktingar, har embetet brukt siste delen av 2014 til å førebu seg på ein prosjektperiode på to år der vi skal ansvar for busetting. Arbeidet var i gang frå nyttår 2015. I prosjektet legg vi stor vekt på å kople dei aktuelle sektorområda til busettingsarbeidet. Når det gjeld klagebehandling og tilsyn etter introduksjonslova, har embetet god kompetanse og meiner at vi har gitt sentrale bidrag i utforminga av tilsynet. Embetet har eit svært godt samarbeid med VOX. Vi merker oss at dialogen om korleis kurstilboda til sektoren skal leggjast opp skjer i tett dialog. Den kunnskapen vi har om kommunane sine behov blir tatt omsyn til frå VOX si side og resultatet er stor etterspurnad og svært høg deltaking på etterutdanningskursa.

Når vi vurderer kva resultat vi har oppnådd, meiner vi følgjande kan fungere som indikatorar: interessa for deltaking i satsinga mot barnefattigdom var stor. Det betyr at i tillegg til dei fem aktuelle kommunane, er det eit godt grunnlag i heile fylket for å sette tematikken på dagsorden. Dette føl vi opp i 2015 med ein konferanse som tar opp emnet utsette barn og unge med særleg fokus på barnefattigdom og psykisk helse. Vidare meiner vi at

besøkstala på nettsakene våre om barns beste er ein aktuell indikasjon på at bodskapet vårt og den rettleinga som ligg der, når ut. Vi meiner og at den interessa som er vist frå eksterne samarbeidspartar om sårbare barn sin særlege situasjon må inngå i vår resultatvurdering.

Internt i embetet er omfanget av saker og tema som blir behandla og følgt opp over avdelingsgrensene i auke. Den plassen barn og unge har fått i embetet sitt planarbeid må reknast og som eit relevant mål. Ut frå desse vurderingane meiner vi at embetet kan konkludere med god resultatoppnåing.

Arealdisponering, byggesaker og universell utforming

Kommuneplanlegging (tal for 2013 i parentes)

Vi har mottatt 18 (10) meldingar om oppstart og planprogram til uttale. Vi har mottatt 19 (16) saker til offentleg ettersyn.

Reguleringsplan (tal for 2013 i parentes)

Vi tok imot melding om oppstart til 267 (268) reguleringsplanar og 197 (168) planar til offentleg ettersyn.

Statleg samordning av motsegner

Fylkesmannen i Hordaland har frå 1. september 2013 delteke i forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar. I forsøket er Fylkesmannen gjeven kompetanse til å avskjere statlege motsegner.

I Hordaland vert dette handtert i eit samordningsprosjekt i stab, der alle aktuelle motsegnspunkt frå statlege styresmakter vert sendt Fylkesmannen. Etter ein samordningsrunde, der m.a. eventuell statleg motstrid vert vurdert, får kommunen tilbod om eit dialogmøte, der alle dei statlege innvendingane vert gjennomgått og drøfta, saman med fagstyresmaktene. Dersom kommunen har ønska slikt møte, vert det sendt ein samordna statleg uttale i etterkant, innanfor avtalt frist, der det vert opplyst kva for konfliktpunkt som faktisk blir fremja som motsegn, kva punkt som eventuelt er avskorne av Fylkesmannen eller som ikkje lenger vert sett på som aktuelle. I siste gruppa finn ein til dømes planar der staten etter møtet finn at det likevel ikkje vil vere naudsynt å fremje motsegn. Vidare finn ein mange døme på planar som har formelle-, eller større faglege manglar ved utlegging og som kommunen etter ein dialog ser at dei vil arbeide vidare med i samarbeid med planleggjar og/ eller statlege samarbeidspartar. (Forlenga medverknad, med ev. nytt ettersyn).

Fylkesmannen har ikkje avskore motsegner frå andre statsetatar i 2014. Likevel har talet på motsegner som faktisk har blitt fremja vorte redusert mykje i høve til kva som var utgangspunktet i uttalane. Ein gjennomgang av motsegnssakene som har vore handsama gjennom samordningsprosjektet viser:

Samordna uttale og statlege motsegner - 2014:

- Uttaler til 4 arealdelar til kommuneplanar er samordna. 47 konfliktpunkt (frå generelle motsegner til motsegn mot konkret arealbruk) er drøfta i dialogmøte. 12 konflikt er fremja som motsegn etter dialogmøte. 7 statlege instansar har delteke. (Kystverket, Fiskeridirektoratet, Noregs vassdrags og energidirektorat, AVINOR, Statens vegvesen, Forsvarsbygg og Fylkesmannen).
- Det er gjennomført samordning av uttaler til 51 reguleringsplanar, med 101 aktuelle statlege motsegnspunkt. Av desse er 57 konfliktpunkt fremja som motsegn. 44 punkt er ikkje fremja. Av dei 57 motsegnspunkta som vart fremja til reguleringsplanar, var heil 40 punkt knytt til planar der det ikkje var halde dialogmøte.
- Av 51 reguleringsplanar der det i utgangspunktet var peika på konflikt mot statlege-/ viktige regionale interesser, vart det fremja motsegn til 37, men 5 av desse enda opp med redusert tal motsegnspunkt i høve til kva som var varsla i utgangspunktet. Til 14 reguleringsplanar vart det etter dialogmøte anten ikkje fremja motsegn i det heile, eller at kommunane fann å ville arbeide vidare med/ endre planane før det vert teke endeleg stilling til motsegnspørsmålet. (Forlenga medverknad).
- Ingen statlege motsegnspunkt er avskorne i 2014. 7 statlege styresmakter har delteke i samordninga om reguleringsplanar. Desse er (Kystverket, Jernbaneverket, Noregs vassdrags og energidirektorat, AVINOR, Statens vegvesen, Forsvarsbygg og Fylkesmannen).

Landbruk og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruk, næring og mat

Regional næringsutvikling

Hordaland har vi i mange år hatt tett samarbeid mellom dei regionale partane Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen. Det har særleg gitt seg utslag i stor aktivitet knytt til lokalsamfunnsutvikling, entreprenørskapsarbeid, reiseliv og matområdet. I 2014 blei Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017 (Strategidokument for styrking av rekrutteringa til landbruket i Hordaland) godkjent av fylkespolitikarane. Dette strategidokumentet bygger på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland og etterspør forslag til konkrete tiltak som oppfølging av meldinga. Fylkesmannen har følgd opp dette med å initiere to pilotprosjekt i to ulike kommunane på tema auka mjølkeproduksjon. Frå FM si side har det vore viktig å engasjere det regionale og lokale politiske nivå og miljø, mest mogleg i utviklinga av landbruket i fylket.

Regionalt bygdeutviklingsprogram blei utarbeidd i samsvar med Landbruksmeldinga (St.meld. 9 2011/2012). Innsatsen er konsentrert om å auke produksjonen innanfor prioriterte områder som mjølk, sau, frukt og skog. Det er gjort store investeringar i 2014 både innanfor mjølkesektoren, sauenæringa, fruktdyrkinga og skogsvegar. Dette håper vi skal vere med å styrke produksjon i framtida. Innanfor frukt næringa spesielt ser vi stor aktivitet og det er i 2014 gjeve tilskot på ca 10 mill til nye plantingar.

Det har vore tett samarbeid i 2014 mellom næringa, FM og FOU-miljø for å skape ein felles arena for samarbeid mellom partane. Det blei søkt om støtte til å vidareføre dette samarbeidet og legge til rette for koordinering og initiere gode regionale forskingsprosjekt som næringa etterspør.

Inn på Tunet (Ipt)

Ipt-samarbeidet internt på embetet er etter kvart på plass. Det blei utarbeid ein handlingsplan (2014-2016) som grunnlag for aktivitet. Det er stor interesse blant bøndene for å etablere tilbod, men vi ser for få aktive kjøpargrupper. Det bør i framtida leggast større vekt på å marknadsføre Inn på tunet-godkjenninga gjennom Matmerk, slik at det blir ei kjent ordning og den dominerande godkjenningsordninga for gardsbaserte tenester til det offentlige. Ordninga er i dag for lite kjent blant kjøpargruppene. Per i dag er det ingen marknadsføring av Inn på tunet nasjonalt og ingen plan for å merkevarebygge Inn på tunet i Matmerk. Det bør bli ei prioritert oppgave nasjonalt.

Skog og tre

Tresatsinga i Hordaland har eit aktivt nettverk og det er eit tett samarbeid mellom trebasert næring, utdanningsinstitusjonar og forvaltning. Ein viktig del av arbeidet har vore å få meir kunnskap om tre inn i dei lokale kompetansmiljøa i Bergen. Fylkesmannen, Bergen Kommune, Bergen Arkitektskole, Kunsthøgskule i Bergen og Hordaland Fylkeskommune v/ Arna vidaregåande skule, har stifta eit formelt samarbeid med økonomisk støtte frå Husbanken for å driva informasjonsarbeid og spissa trefokuset i dei nemnte utdanningssentra. Samarbeidsforumet vert kalla «Treklang».

Matsatsinga

Det er aukande etterspurnad etter lokalmat og spesialprodukt innan lokalmatproduksjon og det vert registrert at det er underskot i marknaden på enkelte produkt. Denne etterspurnaden har ført til auka interesse for informasjon, kurs og kompetansebyggande tiltak hos lokalmatprodusentane, og ført til auka aktivitet hos nye etablerarar. FM og Kompetansenavet Vest har fortsatt eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevande tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og rettleiing er besøksordning ei god hjelp for nye etablerarar, og dei som ynskjer å revitalisere eiga verksemd. Fylkesmannen, den regionale partnerskapen og Sjømatsenteret har i 2014 slutført Matstrategien "Vegval for lokalmat i Hordaland". Han ligg no føre som eit politisk godkjent dokument i Hordaland Fylkeskommune. Matstrategien gjer føresetnader for målretta verkemiddelbruk og er eit arbeidsreiskap for komande satsinga næringa vil ta tak i. Matfestivalen i Bergen har den største samlinga av lokalmatprodusentar i landet, og er den viktigaste marknadsplassen for mange aktørar. Fylkesmannen vil framover også arbeide for å sikra kompetansmiljøa i fylket, som Vestnorsk Kulturakademi og andre, som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen. Bergen søkte om status som «UNESCO Creative Cities of Gastronomy», som ein av fem byar i verda.

4H Matskole «Matens vei fra jord til bord» er eit ferie- og fritidstilbod til born mellom åtte og tolv år der born gjennom praktisk erfaring lærer om matlaging med sunn, lokal og kortreist mat og om maten sitt opphav. Som eit delprosjekt arrangerte 4H i samarbeid med Fylkesmannen, Barnas Matfestival samstundes med Bergen Matfestival i 2014. Det fekk mykje positiv merksemd. "Barnas restaurant" som vart dreva av born under festivalen vart ein viktig formidlingsarena for lokal mat, mattryggleik og økologi.

Økologisk

Utfordringane for Hordaland i forhold til utvikling av økologisk produksjon er synleggjort i Regionalt næringsprogram (RNP). Det er eit nært samarbeid med både næringa, storkjøkken og marknaden elles. Nytt i 2014 er at utviklingsarbeidet knytt til økologisk i stor grad vert dreve parallelt med arbeidet innanfor konvensjonell produksjon på områda som sau, mjølk og frukt. Arbeidet knytt til føregangsfylke frukt- og bær som Fylkesmannen i Hordaland har hovudansvaret for, fekk i 2014 ei tydeleg utviding til også å gjelde heile landet. Det er satt av 1,5 årsverk til dette arbeidet, og det er gode tilbakemeldingar på arbeidet. (Sjå eigen rapport frå føregangsfylkearbeidet).

Miljøvern- og klima

Særtrekk ved miljøutfordringane

Aktiviteten innan miljøforvaltning har vore høg heile året. Miljøvern- og klimaavdelinga har i hovudsak gjennomført dei prioriterte oppgåvene i 2014 innanfor dei tildelte ressursane. Summen av oppdraga i embetsoppdraget frå Miljødirektoratet ligg godt over kapasiteten.

Viktige prioriteringar har vore forvaltning av verneområda, tiltak i verneområda, prioriterte artar, naturtypar etter naturmangfaldlova, inngrepssaker, vassdragssaker, forureiningsaker, tilsyn og klimatilpassing. Den sterke veksten i fylket gjev generelt mange søknader om løyve etter forureiningslova og høg tilsynsaktivitet.

Ei stor oppdrettsnæring gjev miljøutfordringar frå røming og lakseluspress på ville bestandar av laks og sjøaure. Det er og arbeid knytt til lokalisering og sakshandsaming, utslepp og tilsyn, og fiskeforvaltning.

Fleire kommunar i bergensregionen har store utbyggingsoppgåver for å reinse kommunale utslepp. Det er eit etterslep på å rydde opp i miljøgiftforureina grunn og sjøbotn.

Tilpassing til klimaendringar og start på arbeid med reduksjon av klimagassutslepp

Gjennom 2014 har vi fått fleire eksempel i fylket på konsekvensar av klimaendringane. Flaumen i Odda og Voss førte til store skadar på bustader og infrastruktur. Arbeid med klimatilpassing vert viktig framover. Det må vi kombinere med aktive tiltak for å nå måla om reduksjon i klimagassutslepp i 2020.

Vi har gjennomført ei kartlegging av kor mange kommunar som skal revidere klima- og energiplanane sine. 22 kommunar av 33 svarte etter puring. Alle kommunene har klima- og energiplanar. 15 kommunar har ikkje planlagt når dei skal revidere planen. Sju kommunar skal revidere planen innan 2015.

Vassforvaltning gjennom regional plan

God vassforvaltning etter vassforskrifta er eit satsingsområde som skal gje reint og godt vassmiljø. Vi har gjeve faglege innspel til den regionale vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet. Overvåkingsprogrammet vart levert innan fristen. Vann-Nett vert fortløpande oppdatert.

Vassdragssaker og energisaker

Det er fortsatt stort press på utbygging av vassdraga. Fylkesmannen ga i 2014 høyringsfråsegn i rundt 30 nye saker. Drivkreftene her er nasjonale mål om fornybar energi og el-sertifikatordninga, og Hordaland har flest søknader. Vi rådde frå eller hadde motsegn i nær halvparten av sakene, grunna konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale omsyn som anadrom fisk, biologisk mangfald eller samla belastning på landskap, inngrepsfri natur og friluftslivsinteresser. I 2014 avgjorde NVE og Olje- og energidepartementet rekordmange saker i Hordaland. Om lag halvparten av sakene fekk avslag, oftast i tråd med råda våre. Vi ser at fleire prosjekt vert redusert, trekt eller utbyggjar venter med å investere, oftast på grunn av dårleg økonomi.

Fylkesmannen medverkar i eit prosjekt i regi av Klima- og miljødepartementet for å utvikle metode for vurdering av samla belastning. Arbeidet vil halde fram i 2015.

Vi er også i tett dialog med dei største energiselskapa i fylket, gjennom jamlege dialogmøter med deltaking av fylkesmannen og miljøvernsjef. Vi prioriterer deltaking på synfaringar og dialog med NVE. Det meiner vi er viktig for å få fram våre faglige råd og synspunkt på ein god måte.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Utfordringar knytte til rømd oppdrettsfisk er minst like omfattande som tidlegare år. Rapportar viser at det i seinare tid er rømt nær 150 000 oppdrettsfisk i fylket. Situasjonen er kritisk for dei aller fleste av våre ville laksebestandar, spesielt på grunn av sjukdom og lakselus. Sjøaurebestanden er og sterkt redusert. Fylkesmannen har ved mange høve opna for uttak av rømd fisk.

Det har vore nedgang og rekordlåge fangstar av laks og sjøaure i Hordaland i 2014. Orsaka i tillegg til tilbakegang i bestandene, er trulig lite nedbør, høge temperaturar og låg vassføring i mange vassdrag i 2014.

Gjennomføring av pliktig organisering er i rute, nokre elvar har allereie gjennomført organiseringa etter forskrifta. Vi har starta opp eit reetableringsprosjekt i Modalen. 110.000 rogn vart sett ut våren 2014. Det er gjennomført kontroll av rognboksane. Arbeidet med Hardangerfjordpiloten og særskilt med uttak av rømt fisk held fram. Oppfølging av naturforvaltningsvilkår gitt i vassdragskonsesjonar går etter planen, men det er ikkje starta opp arbeidet med oppfølging av småkraftverk og settefiskanlegg. Vossoprojektet har gått inn i ein ny fase. Frå vår side vil arbeidet i prosjektet halde fram som tidlegare, men utan eigen prosjektleiar.

Arbeidet med å hente inn bestandar til genbanken for hardangerbestandane starta hausten 2014, Vi har fått løyve til å hente inn laks og sjøaure frå 21 vassdrag langs Hardangerfjorden.

Sakshandsaming etter lakse- og innlandsfiskelova går som normalt.

Viltsaker

Klagesaker i hjorteforvaltninga vert handtert fortløpande. Det er ikkje mange saker, men nokre av dei er relativt komplekse.

Rovvilt

Vi har brukt mykje ressursar på rovviltforvaltning samanlikna med tidlegare, først og fremst på grunn av ei erstatningssøknad i Fitjarøyane, og søknad om fellingsløyve på kongeørn som skadegjerar på villsau i same område. Regelverket er ikkje tilpassa slike saker.

Mesteparten av tildelinga i 2014 er nytta for å erstatte tap i 2013. Utsett til 2014, ettersom ytterligere dokumentasjon var nødvendig. Tapa i 2014 vart mindre. Likevel kan det bli behov for en viss tilleggsføring på denne budsjettposten mot i 2015.

Villrein

En søknad om dispensasjon fra tamreinloven for en stamme på 300 dyr i Vossafjella er til handsaming i Landbruks- og matdepartementet. Vi har brukt tid på å sjå om det var mulig å komme frem til ei felles løysing mellom grunneigarane. Reinsdyra har vore i området sidan 1928. Det er og nokre mindre flokkar med reinsdyr i fylket som er uavklåra etter lovverka for villrein og tamrein.

Verneområder

Arbeidet med forvaltning av verneområde følger i hovudsak vedtekne planar, tildelte tiltaksmidlar og generelle mål. Forvaltningsplanane som fekk særskilt tildeling i 2013 er godkjent i 2014. Arbeidet med fire planer som har finansiering i 2014 (Kalandsvika, Nesvika, Fossevatna og Vinnesleiro) er gjennomført.

Forvaltningsplanen for 70 sjøfuglreservat vert sendt til høring like etter årsskiftet. Det har vore eit omfattande arbeid som dessverre har tatt tid, men som vil representere et viktig løft for forvaltninga vår av det marine miljøet i fylket.

Oppstartsmelding for revidert verneforskrift og forvaltningsplan for Herdla naturreservat er sendt ut, men kapasitetsmessige omsyn gjer at arbeidet ikkje kan prioriterast fullt ut før sjøfuglplanen er sendt til høring.

I Hardangervidda nasjonalpark har vi ein felles utfordring med Fylkesmannen i Buskerud om å hindre ørekyt å spreie seg vest for vasskillet gjennom nasjonalparken. Ei nødvendig utgreiing i Buskerud er gjennomført i år, og oppfølginga vert gjort i 2015. I 2014 vart det ikkje påvist ørekyte i dei områda som vart handsama med rotenon i 2013.

Samarbeidet og kontakten med Statens naturoppsyn er god og konstruktiv.

Frivillig skogvern

I 2014 vart Heltveit/Bjørge det første frivillige skogområdet verna i fylket. Ånuglo som vart kjøpt frå Statskog, vart og verna i 2014.

Totalt har vi til no hatt elleve område til vurdering, for vidare vernearbeid. Tre områder hadde for små miljøfaglege kvalitetar til å gå vidare med, medan dei resterande sju er under vurdering.

Neste aktuelle område er truleg Skarvatun i Ullensvang herad. Her har vi hatt oppklarande møte i 2014. Det førte til at staten sitt økonomiske tilbod vart vesentleg auka.

Marint vern

Grunnlaget for å sende oppstartsmelding for våre tre kandidatområder er lagt. Vi har fordelt oppdrag for å dokumentere miljøfaglege kvalitetar i kandidatområda betre. Arbeidet med marint vern vert prioritert høgt

framover.

Kulturlandskap

Arbeidet med oppfølging av handlingsplanane for slåttemark, kystlynghei og haustingsskog er gjennomført som planlagt. Vi har hatt fokus på kystlyngheiane. Det er utarbeidd nye skjøtselsavtalar og skjøtselsplanar for sju nye kystlyngheilokalitetar. Satsane for utbetaling av tilskot er reviderte og tilpassa nye satsar for RMP-tilskot. I samarbeid med Lyngheisenteret og landbruksavdelinga er det sett i gang eit prosjekt som mellom anna inkluderer brennekurs og auka samarbeid med lokalt brannvesen, slik at terskelen for å brenne i lyngheiane skal bli lågare.

Vi har betalt ut nesten kr. 1,5 mill i skjøtselstilskot til 33 søkarar (22 slåttemarkslokalitetar og elleve kystlyngheilokalitetar). I samarbeid med landbruksavdelinga har vi gjennomført skjøtsel i Gjuvslandslia landskapsvernområde som og er utvalt kulturlandskapsområde som planlagt. Skjøtsel og restaurering i Berge landskapsvernområde er og gjennomført i samsvar med tiltaksplanen i forvaltningsplanen.

Faggrunnlag

Vi arbeider vidare med faggrunnlaga for rikare sumpskog og kystfuruskog. Et "faggrunnlag for faggrunnlaget" for kystfuruskog er ferdigstilt, og det vert arbeid vidare med faggrunnlag for fattig, boreonemoral regnskog. Det vert ikkje ferdig før i 2015 som følge av venta stort datatilfang i 2014. Av same årsak vert heller ikkje faggrunnlaget for rikare sumpskog bli ferdig før i 2015. For rikare sumpskog vil det meste av datatilfanget kome som følge av kontroll av eksisterande lokalitetar, både på papiret og i felt. For fattig, boreonemoral regnskog vil det kome til mange nye lokalitetar gjennom pågåande feltundersøkingar.

Når det gjeld irsk hinnelav, arbeider vi med genetiske analyser for å klarlegge slektskapet mellom de norske og britiske populasjonane. Det kan gje indikasjonar på innvandringshistoria til arten i Norge, og forklare forhold ved den nokså flekkvise og sparsame forekomsten her i landet. Det blir også gjennomført meir grundige søk etter arten, også på eldre ustyva asketrær, i eit av tyngdepunkta for arten på Tungesvik/Sævareidsberget i Etne.

Kartlegging av naturtypar

Når det gjeld kartlegging av skogtypar, er vi i rute. Vi har særleg lagt vekt på kartlegging og kvalitetssikring av rikare sumpskog og kystfuruskog. Rikare sumpskog vert sendt på høyring som utvald naturtype i 2015.

Prioriterte artar

Nokre nye bestandar av elvemusling er samla inn til anlegget i Austevoll. Det vert arbeidd med å legge til rette for utsetting i Haukåselva i Bergen. Hordaland har som einaste fylke utarbeidet *Miljøplan Elvemusling* i landbruket. Det er gjort i samarbeid med bondelaget. Det blir gitt tilskot til miljøtiltak i nedbørsfelt til vassdrag med elvemusling i fylket.

Våren 2014 er det lagt ned eit stort arbeid med kartlegging og overvaking av hubro, i samarbeid med Handlingsplan for Hubro, NOF og BKK. Fire hubroar er til nå satellittmerka for å auke kunnskapsgrunnlaget.

Framande artar

Vi arbeider vidare med boersvineblom, kjempespringfrø, vestamerikansk hemlokk, vasspest og kjempebjørnekjeks. Ut fra tildelte midlar kan vi fastslå at aktivitetsnivået blir omtrent på nivå med fjoråret. Samarbeidet med Statens vegvesen held fram. Det gjeld særlig kjempespringfrø i Voss og kjempebjørnekjeks/tromsøpalme.

Søknader om planting av utanlandske treslag relaterer seg i hovudsak til juletreplantasjar så langt. Ein søknad om utplanting av sitkagran blei avslått i 2013. Avslaget vart stadfesta av Miljødirektoratet ved klagehandsaming i 2014. Ein søknad om utplanting av sitkagran har fått løyve i 2014. Situasjonen med sitkagran er eit debatttema mange stader i Hordaland for tida. Vi har delteke på fleire arrangement der dette er eit tema.

Stadig fleire data i Naturbase

Vi arbeider for å halde Naturbase oppdatert, men med bakgrunn i andre arbeidsoppgåver, og fordi vi venter på skriftleg rapport fra konsulent, ligg det eit par datasett på vent. Nye rutinar for import til Naturbase er derfor heller ikkje utprøvd enno. Dei nye rutinane vil truleg føre til at det går noko meir tid til dette dei første gongene dei vert brukt. Instruksane ser greie ut, men er ganske omfattande, og det vil nok ta litt tid å sette seg godt inn i desse.

Naturtypar i Øygarden kommune og Askøy kommune vart kvalitetssikra i 2014. Konsulentane er gjort kjent med nye faktaark for naturtypar, og vil prøve ut dei aktuelle under kvalitetssikringa.

Friluftsliv

Kontakten med involverte styresmakter og aktørar er god, men vi har nok ikkje vore så aktivt involvert i saker

som gjeld friluftsliv dei siste åra. Det er gitt skjønnsmidlar til eit prosjekt der Friluftsrådet Vest vil arbeide for at kommunene kan sikre attraktive friluftsområder.

Tiltak i forureina sediment og grunnforureining

Det er gitt sju nye løyve der det mest omfattande var tildekking av forureina sjøbotn Store Lungegårdsvann. Her søkte Jernbaneverket om å nytte malt tunnelstein frå ny Ulrikstunnel som dekkmasse. Sommaren 2014 endra dei planane og vil ta steinmassane ut på Arnasiden. Tildekking av forureina sjøbotn i Store Lungegårdsvann og Puddefjorden vert utsett.

Bossnett AS har fått løyve etter forureiningslova til utgraving av forureina grunn og handtering av forureina masse på Gassverkstomten i Jekteviken i Bergen kommune. Her vart heile tomten masseutskifta grunna høge verdier av tjærestoff. Massane vart eksporterte til Nederland for destruksjon.

Forureina sediment i Bergen

Fylkesmannen deltek i prosjektgruppa for opprydding av miljøgifter i Bergen hamn. Det er utarbeidd forslag til tiltak i Vågen, men eigenfinansieringa til Bergen kommune og Bergen hamn er ikkje på plass. Tiltak i Puddefjorden skal planleggjast våren 2015

Skipsverftprosjektet

Det er tidlegare gitt ein del pålegg om opprydding i forureina sediment utanfor skipsverft. Prosjektet har hatt liten aktivitet i 2014. Vi ventar på tilbakemelding frå verksemdene på ulike element i prosessen, som til dømes gode nok rapportar og kva tiltak som skal gjennomførast.

Avfall

BIR Avfallsenergi har fått midlertidig løyve fram til 31. desember 2015 til å brenne bygg- og anleggsavfall med innhald av farleg avfall. Vi har gitt fem løyve innanfor fagområdet avfall og gitt fråsegner til fleire bakkeplanerings- og utfyllingssaker.

Vi har starta prosessen med å revidere etterdriftsløyve til Pålamyra fyllplass i Rådalen. I mars gjennomførte vi møte med Grønn etat og vi ventar nå på søknad.

Ragn-Sells AS i Rådalen vart følgd tett opp i vår med månadlege rapportar og tilsyn som nå er avslutta. Vedtaket vårt om midlertidig auke av rammene for trevirke/treflis til 1. februar 2014 vart stadfesta av Miljødirektoratet etter klagehandsaming.

Det meste av massane frå ulovleg flisdeponi på Vorland i Sund kommune er fjerna. Det er og fjerne deponert blåsesand samt eit område der stadspesifikke akseptkriterier vart overskredde. Vi har bedt om avklaring fra Miljødirektoratet på grensene mellom avfallsregelverket og reglene for forurenset grunn.

I februar slo vi sammen rapporteringsskjema for EE-avfall, farlig avfall og sorteringsanlegg, slik at bedriftene berre får eit brev med rapporteringsskjema å halde seg til. Alle bedriftene med krav eigenkontrollrapport fikk tilbakemelding innan 1. juni. Det er to bedrifter som ikkje har fått tilbakemelding på årsrapporten enno. Elles har alle andre fått tilbakemelding.

20 utsleppsløyve som er eldre enn ti år er kartlagt og overførte til arbeidsplanen.

Oppdraget fra Miljødirektoratet om å oppdatere org.nr. i Forurensning på lågaste nivå og krysse av for «har betjent mottak for farleg avfall» vart gjennomført innanfor fristen 1. juni.

Det har vore eit møte i faggruppe BA-avfall.

Avløp

Oppfølging mot kommunar som ikkje klarer fristen for primærrensing fortsetter med sikte på å få på plass forpliktande avtaler med framdrift. Vi må revidere utsleppsløyve for seks kommunar omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta i 2015.

Vi har gjeve nytt utsleppsløyve til Fjell kommune. Det er gitt fråsegn i fire saker. Vi får ein del klager frå innbyggjarar på manglande kommunal oppfølging av mindre avløpsanlegg.

Stord, Askøy, Kvam, Fjell, Os og Bergen er i gang med planlegging av nye reinseanlegg for å overhalde primærreiskrav. Bergen kommune er også i gang med å bygge sekundærreinsanlegg.

Akutt forureining

Vi deltar i øvingar arrangert av IUA'ene. Det har ikkje vore nokon større akutte forureiningssaker i 2014. Ein del

mindre oljeutslipp er handtert.

Miljøomsyn i plansaker

Miljøomsyn vert teken inn i sakshandsaminga som skjer i kommunal- og samfunnsplanavdelinga. Fokus er særleg på kommuneplanar og viktige områdeplaner. Rutinane for samhandling mellom avdelingane er under revisjon, og vil truleg bli iverksett i byrjinga av 2015. Arbeidet mot segnsprosjektet har vart i eitt år. Mange mulige motsegner er som følge av dette prosjektet avklart gjennom dialog.

Lokal luftforureining og støy

Handlingsplan nummer fire for å redusere luftforureininga i Berge er utarbeidd og vedteken i Bergen bystyre. Bystyret har også vedteke køprising som truleg vert sett i verk frå 1. januar 2016.

Bergen kommune sin handlingsplan mot støy er også vedteken.

Nytt støysonekart for 2030 rundt Bergen lufthamn er utarbeidet og vil bli tatt med ved rullering av kommuneplanen for Bergen.

Miljøkriminalitet

Samarbeidet med politiet er styrka, og dei har deltatt på utrykningstilsyn. Så langt er ingen verksemder melde, men fleire har vore vurdert. Ei oppdrettsverksemd er meldt saman med Fiskeridirektoratet og Mattilsynet for dumping av fiskeavfall.

Tilsyn og konsesjonsbehandling

Forureiningstilsynet nådde målkravet i 2014 for planlagde tilsyn og gebyrinntekter. Ein omfattande innsats og 3,2 gebyrfinansierte stillingar gjorde at måla i tilsynsplanen vart nådd. Gebyrinntektane er på kr. 2,5 mill. Val av tilsynsobjekt vert gjort i tilsynsplanen med bakgrunn i ei risikovurdering.

Vi har gjennomført 91 tilsyn så langt i år, 88 inspeksjonar og tre systemrevisjonar.

Vi har delteke på fire kontrollaksjonar, tre i regi av Miljødirektoratet og ein lokal aksjon for Hordaland.

Følgjande aksjonar er gjennomført:

Småelektronikk: Vi har gjennomført 20 tilsyn med dei største daglegvarekjedene.

HMS-aksjon: Felles tilsynsaksjon med andre tilsynsetatar. Aksjonen hadde spesielt fokus på rutinar knytt til avvikshandtering. Det vart gjennomført fem tilsyn, der to var samstundes med Arbeidstilsynet

Avløpsanlegg: Vi har besøkt alle kommunane som har § 14 - anlegg, det vart gjennomført åtte tilsyn. Å følge opp avløpsanlegg som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14 og tidlegare aksjon som vart gjennomført i 2011 var dei viktigaste tema. Vi har sett krav om å sende oss forpliktande framdriftsplan innan 2014 for å sette reinsekraft gjeve i løyva for seks av kommunane.

Slam – og komposteringsanlegg: Fem anlegg av sju planlagde er besøkt. Internkontroll, registrering og kontroll av slam, utslipp til vatn og luft og lagring av slam var tema. Alle løyva skal vi revidere.

Matfiskeanlegg og settefiskanlegg: Eit (settefisk) av 15 planlagde tilsyn er gjennomført.

Aksjonen *Tankrens/tankvask* i regi av Miljøverndepartementet er ikkje blitt prioritert. Det er gjennomført få enkelttilsyn med konsesjonsbelagt og forskriftsregulert verksemd. Seks av 31 verksemder er kontrollert og to av seks revisjonar.

Vi har i 2014 konsesjonshandsama 54 saker, nytt løyve i 43 saker og endra løyve i elleve saker.

Alle konsesjonar eldre enn ti år for landbasert industri vert vurdert om dei skal endrast. Vi har tatt og ei eiga liste frå databasen Forurensing som ligger til grunn for arbeidet. Ved tilsyn blir også behovet for revisjon av konsesjonen vurdert.

Vi har konsesjonshandsaming av tiltak i sjø og vassdrag forårsaka av landbasert anleggsaktivitet. Her har det vore gjeve sju løyver og to endringar av løyve.

Det har vore fleire saker der det ikkje er gitt løyver utan at dette er registrert.

Det er gitt utsleppsløyve frå anleggsdrift til tunneldriving for Tverrgjuvlo kraftverk i Voss, for tunneldriving og tunnelvaskevatt ved Joberget i Granvin og til endring av utsleppsløyve for Bybanen i Bergen.

Databasen Forurensning er oppdatert.

Akvakultur

Risikoklassifisering av eksisterende akvakulturanlegg er utført.

Brev om MOM C undersøking er sendt Miljødirektoratet 25. februar 2014

Det er kome inn fleire søknader om løyver innanfor akvakultur i år enn i fjor.

Miljøkonferansar i 2014

Folgefonna nasjonalparkstyre fekk ei løyving på 100 000 kroner i 2014 for å arrangere Folgefonnkonferansen 2014, med vekt på biologisk mangfald i Hardangerregionen. Fylkesmannen hadde hovudansvaret for program og gjennomføring, og konferansen vart gjennomført i Rosendal 27. og 28. august med rundt 100 deltakarar. Ei viktig hovudmålgruppe var lokale politikare, og tilbakemeldingane har vore udelt positive, med ønskje om å etablere dette som ein årleg konferanse omkring naturfaglige tema.

Fylkesmannen har i mange år hatt årlege opplæringstilbod om naturmangfaldlova. I 2014 arrangerte vi konferanse for ein fullsett sal i Bergen Kino, med deltaking frå kommunar, organisasjonar og konsulentar i fylket. Som tidlegare fekk vi også i år god tilbakemelding frå deltakarane på konferansen.

Vi bruker www.fylkesmannen.no til å publisere miljøraker så langt vi klarer med dei avgrensningar denne web-løysinga har.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen freistar innanfor dei rammene vi har, å samordne samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i fylket. Vi følgjer opp kommunane med systematiske tilsyn og øvingar. Samstundes freistar vi å vere pådrivar og gje best mogleg og tilpassa opplæring og rettleiing av kommunane innan feltet. I samband med planarbeidet legg vi stor vekt på at kommunane gjennomfører ein heilskapleg ROS-analyse.

Embetsoppgavet femner vidare enn det er grunnlag for i tildelte ressursar. Det er difor naudsynt å prioritere mellom oppgåvene. I tillegg er Fylkesmannen si rolle med omsyn til krisesituasjonar uklår. Det er, slik vi ser det, m.a. ikkje samsvar mellom lovmessige føringar og forventningar i embetsoppgavet. I tillegg er det òg for mange og urealistiske forventningar i samfunnet til kva rolle Fylkesmannen skal ha i krisesituasjonar. Denne uklårheita ser vi teikn til vil verte vidareført i utkast til ny «instruks for Fylkesmannens og Sysselmannens arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering» som er på høring vinteren 2015. Vi har difor i arbeidet med revisjon og oppdatering av eigen kriseplan sett behov for å definere vår rolle i beredskapssituasjonar slik:

Fylkesmannen si primæroppgåve er å vere bindeledd, dvs. å koordinere informasjonsflyt, mellom sentrale og lokal aktørar. Utover dette har Fylkesmannen ei tilbaketrekt rolle der hovudoppgåva er å overvake situasjonen og sjå til at dei aktuelle aktørane ("kriseeigarane") gjer det dei skal gjere og tek det ansvar dei faktisk har for å handtere situasjonen på ein adekvat måte. Om naudsynt kan Fylkesmannen gripe inn og rettleie aktørar som ikkje agerer i samsvar med forventningane. Berre unntaksvis vil det vere aktuelt for Fylkesmannen å ty til samordning med referanse til samordningsinstruksen.

Denne definisjonen vart sendt DSB 20.2.2013 med kopi til Justis- og beredskapsdepartementet i samband med tilbakemelding til DSB på rapporten etter tilsynet med embetet. Vi har ennå ikkje mottatt tilbakemelding på brevet.

Atomberedskapsarbeidet har og vore eit prioritert område i 2014 og 2015. Her òg ser vi at det på fleire område manglar avklaring av ansvar og roller på sentralt nivå, noko som gjer det vanskeleg å løyse oppgåvene våre på regionalt og lokalt nivå.

Mangel på nasjonale standardar for kva som til dømes er akseptabel risiko i ulike samanhengar, er òg ei utfordring, m.a. i arealplanarbeidet. Samstundes er det eit problem at nasjonale rettleiarar på området ikkje alltid er tråd med lov- og forskriftsmessige krav der det ligg føre. Eit døme på dette finn ein i vedlegg 1 om ROS-analyse i «T-1490 Veileder Reguleringsplan Utarbeiding av reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven» utgjeve av Miljøverndepartementet. Her vert det t.d. operert med frekvens- og konsekvensinndelingar som er i strid med krav i byggeteknisk forskrift (TEK10).

Å øve åtte til ni kommunar årleg er ressurskrevjande dersom vi skal lage gode øvingar, noko vi bør gjere for ikkje å miste truverd. Vi når ikkje dette målet, og må difor framleis basere oss på større fellesøvingar.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Klima- og miljødepartementet	kr 13 130 065,53	kr 2 089 453,39
Landbruks- og matdepartementet	kr 12 783 137,79	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 9 911 514,08	kr 13 341 091,71
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 4 757 933,55	kr 705 531,39
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 6 040 566,88	kr 10 862 054,13
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 45 194 540,43	kr 1 607 308,85
Arbeids- og sosialdepartementet	kr 3 171 719,33	kr 857 400,57
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 17 704 335,94	kr 5 990 224,27
Andre	kr 222 188,95	kr 0,00
Sum:	kr 112 916 002,00	kr 35 453 064,00

IV - Styring og kontroll i embetet

Fylkesmannen sin overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Embetet har i 2014 innanfor alle fagområde løyst embetsoppdraga med ei god måloppnåing, jf. del III.

Fylkesmannen sin styring av verksemda skal være heilskapleg og tilpassa risiko. Embetet har dei siste åra arbeidd med å utvikle eit godt styringssystem som er tilpassa verksemda og som stettar dei krav som følgjer økonomireglementet i staten og DFØ-metode for risikostyring. Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte. Vi har utarbeidd eit styringshjul som sikrar at vi har god styring og kontroll gjennom året.

Tildelingsbrevet og embetsoppdraget gir samla oversikt over økonomiske rammer, administrative føresetnader og oppgåver i embetet. Med utgangspunkt i dei sentrale styringsdokumenta vert det utarbeidd verksemdplanar som gir ein samla oversikt over årlege mål og resultatkrav. Verksemdsplanen er eit viktig styringsverktøy for den samla aktiviteten i embetet, og ein reiskap for å følgje opp og sikre at oppdraga blir utførte. I den årlege prosessen skal det leggjast til rette for at medarbeidarane kan påverke og bidra til verksemd-planen. Verksemdplanen for embetet består av:

1. Overordna verksemdplan med strategisk fokus for året
2. Detaljert plan for kvar avdeling med resultat, - arbeidsmål og tiltak embetet skal realisere. Kvar avdeling skal i samband med verksemdplanarbeidet gjennomføre risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga

Risikostyring er integrert i verksemdsplanarbeidet og i styringshjulet. Frå 2013 har avdelingane i samband med verksemdsplanarbeidet gjennomført risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Leiinga gjennomfører årlege risikovurderingar på overordna nivå. Det overordna risikobilde har ikkje vore kritisk i 2014, men vi har hatt fleire risikoområde kor vi har sett inn tiltak. Leiargruppa har gjennomført ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdkritiske område i 2014. Etter denne analysen vart det i byrjinga av året identifisert åtte overordna risikoområde:

1. Verjemål
2. Informasjonstryggleik
3. Tilskotsforvaltning
4. Beredskap
5. Sikkerhetsloven. Oppfølging av avvik etter tilsyn
6. Internt plansamarbeid
7. Ombygging i Statens Hus - kostnad
8. Arkivet

Grunna tiltak som er sett i verk, har fleire av punkta i løpet av året fått justert ned risiko og er kvittert ut. Sjå vedlegg, resultatområde for meir informasjon om vårt arbeid med risikostyring og heilskapleg.

Vi har utarbeidd eit internt styringsdokumentsystem som inneheld alle interne styringsdokument og våre interne retningsline (internkontroll). Som ein del av systemet er m.a. eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. I fjor blei det utarbeidd ein intern instruks for økonomiforvaltninga i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på vårt intranett

Leiinga vurderer at styringssystema samla sett fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i verksemda. I denne vurderinga er det lagt vekt på:

- Embetet sin evne til å nå dei mål og resultat som er sett i tildelingsbrev og embetsoppdrag
- Embetet sin evne til effektiv ressursbruk innanfor tildelte midlar
- Økonomistyringa i embetet
- Kontroll med risikomoment og risiko er innanfor akseptable nivå

Vi har igjen merknader frå Riksrevisjonen til oppfølging.

Organisasjonsutvikling – «embetsfornyng»

Embetet har i 2014 arbeidd vidare med intern utvikling av organisasjonen og "embetsfornyng". Vi har dei siste

åra gjort mange organisatoriske tiltak og endringar for å utvikle ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Prosessen med organisasjonsutvikling har hatt tre føremål:

1. Betre organisering og oppgåveløysing
2. Budsjetttilpassing og «lønsløft»
3. Heilskapleg leiing

Det har vore eit vellukka prosjekt og organisasjonen leverer betre resultat, og vi har auka effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga. Vi har innanfor fleire fagområde hatt ein markant nedgang i sakshandsamingstid.

Ei anna tiltak har vore å gjere embetet meir konkurransedyktig. Embetet har gjennom fleire år slete med eit lågt lønsnivå. Det har gitt seg utslag i m.a. høg turnover og problem med rekruttering. For å bøte på dette har embetet gjennomført eit lønsløft gjennom nedbemanning, og effektivisering. Det har gitt resultat med auka lønsnivå i alle stillingsgrupper, og vi er no i ein betre situasjon til å konkurrere lønsmessig med andre offentlege verksemder.

I 2014 har vi hatt eit særleg fokus på kompetanseutvikling. Vi har utarbeidd ein kompetansestrategi og kompetanseplan for 2014 – 2015. I budsjettet for 2014 blei det avsett kr. 1 mill. til kompetanseutvikling. Kr. 300 000,- har vore nytta til felles opplæringstiltak, medan kr. 700 000,- har vore delt ut til avdelingsvise kompetansetiltak.

Heilskapleg og strategisk leiing

Embetsleiinga og leiargruppa har i 2014 arbeidd vidare med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Det har vore eit mål å skape ei omforeint og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få til ei heilskapleg leiing har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagde inn i styringshjulet. Sjå resultatområde 60.1 i vedlegg for meir informasjon om vårt arbeid med heilskapleg og strategisk leiing.

Nøkkeltal 2014

Totalt sjukefråver (eigenmeld og legemeld): 4,19 prosent.

Turnover: 6,5 prosent (personar som har slutta for å ta til hos ny arbeidsgjevar).

Praksisplassar for personar med redusert funksjonsevne: 3

Praksisplassar for framandspråklege: 2

Rapportering

Det er sterkt ønskeleg at det gjennomgåande blir større samsvar mellom mål, resultat og rapporteringskrav. Vi er difor nøgde med at det er sett i gang eit tverrdepartementalt prosjekt for å betre styringa av Fylkesmannen, med sikte på å utarbeide tydeligare mål og prioriteringar, mindre detaljert styring og færre og irrelevante rapporteringskrav. På enkelte område er det i dag særskilte rapporteringskrav utanom årsrapport. Det er etter vår oppfatning unødvendig dobbeltarbeid både å rapportere særskilt og gjenta, eventuelt i forkorta versjon, i årsrapport til KMD. Målet må vera at den einaste rapporteringsmåten skal vera gjennom årsrapporten.

Forenklingar og tiltak om effektivisering - "jakta på tidstjuvar"

Embetet har gjennom fleire år arbeidd internt med forenklingar og effektiviseringstiltak, og slik sikre betre og smartare oppgåveløysing.

Vi har innanfor mange fagområde gjennomgått saksflyt, gjort forenklingar og utarbeidd brevmalar. Når det gjeld brukarane våre, har vi teke i bruk dei skjemaløysingar som er tilgjengelege. Fleire skjemaløysingar vil gi eit stor potensiale til forenkling for brukarane våre. Vi har internt arbeidd mykje med å auke kompetansen i IKT og bruk av våre dataverktøy. Dette er eit arbeid som vil halde fram med dette i 2015. Vi har og arbeidd med, og gitt skjønmidlar til, å få kommunane til å ta i bruk EDU-løysing. Om lag 50% av kommunane i fylket er no i gang med EDU.

Fylkesmannen meldte inn til KMD innan fristen 1. september 2014, forslag til forenklingar og effektivisering av regelverk og prosedyrekrav som skapar tidstjuvar for verksemda.

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Fylkesmannen i Hordaland teikna ny samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter og partane lokalt hausten 2014. Det vert halde minimum to årlege møte der IA er tema.

Likestilling

Hos Fylkesmannen i Hordaland har vi ei svak overvekt av kvinner, ca 60 prosent. Vi tar omsyn til kjønnsbalanse i tilsettingssaker, men ser at vi jamt over har fleire kvinnelege enn mannelege søkjarar til ledige stillingar. I leiargruppa har vi jamn kjønnsfordeling, både i den øvste leiargruppa og blant nestleiarane (seksjonssjef/ass.dir).

Mannlege tilsette tener gjennomgåande noko meir enn kvinner i dei aller fleste stillingsgruppene. Skilnadene er marginale og er ikkje resultat av forskjellshandsaming. I dei fleste stillingsgrupper kan skilnadane i lønn mellom kvinner og menn forklarast med alder, ansiennitet og utdanningsbakgrunn.

Sjølv om embetet legg til rette for kombinasjon av yrkesliv og familieliv på lik linje for kvinner og menn, ser vi at det er fleire kvinner som vel å arbeide deltid i periodar dei har omsorg for born. Det gjenspeglar situasjonen for øvrig i samfunnet.

Helse, miljø og tryggleik

Embetet driv systematisk HMS-arbeid, og har utarbeidd ein kombinert IA/HMS- tiltaksplan med fokus på helsefremjande aktivitetar som treningsrettleing, «friskdagar», pausetrin, turlunsjar mv. I tillegg har vi tett oppfølging av sjukmelde og fokus på tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid for å hindre full sjukmelding i dei tilfella det er aktuelt.

Informasjonstryggleik

Fleire tiltak er sette i verk dei siste åra for å sikre at informasjonstryggleiken i embetet er i tråd med gjeldande lovverk og vår policy for trygg handtering av informasjon. Vi har installert "Followmeprint" og Data Loss Prevention (DLP). Fylkesmannen har utarbeidd eit opplegg for trygg handtering av informasjon basert på malen frå Informasjonstryggleiksprosjektet. Det er ein del av embetet sitt interkontrollsystem. Alle tilsette har underteikna instruks for trygg handtering av informasjon. I 2014 gjennomførte vi ROS-analyse på informasjonstryggleiken i embetet. Oppfølging av ROS med ulike tiltak blir eit viktig arbeid i 2015.

Miljøtiltak

Fylkesmannen i Hordaland er med i "Klimapartnerar Hordaland" som er Noregs største offentlege og private nettverk for systematisk klimaarbeid. Ved å være med i dette nettverket forpliktar vi oss til å tenkje klimaavtrykk, vere miljøfyrtårnsertifisert og lage planar for å redusere klimaglassutsleppa våre. Vi følgjer opp handlingsplanen for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Vi har inngått kontrollmedlemskap i Grønt Punkt Norge AS. Med dette stiller vi krav til leverandørane våre om at dei er medlem av ei returordning for emballasje, eller oppfyller vilkåra ved eiga handsaming av emballasje på ein miljøvenleg måte.

I Statens Hus har vi inngått samarbeid med huseigar Entra Eigendom AS om miljøleingssystem. Vi har saman med huseigar signert "Grøn fordelsavtale" som inneber ein energireduksjon på omlag 250 000 kWh i året for Statens hus. Det svarer til 15 prosent av energiforbruket i bygget. Fordelsavtalen inkluderer alle aspekt ved forvaltning, drift og bruk av egedomen. Det er sett i verk tiltak for energisparing knytte til varme og lys, miljøvenleg avfallshandtering og val av miljøvenlege byggjematerialar.

Embetet har ei målsetning om å redusere talet på tenestereiser. Tilsette skal alltid grunnkje om det er naudsynt å reise eller om ein i staden kan gjere nytte av telefonmøte og videokonferanse. Alle tenestereiser skal gjennomførast på billegaste og raskaste måte, og mest mogleg trygt og miljøvenleg. Embetet har leasingavtale av ein Volvo V50 som eit tiltak for å redusere reiseutgiftene i embetet.

Innkjøp

Vi har eigen innkjøpskoordinator som kvalitetsikrar og rådgjer i innkjøpsprosessar. Vi har utarbeidd tenlege rutinar og støttesystem i eigen organisasjon som sikrar at risikoen er låg for brot på regelverket for innkjøp. Vi har inngått innkjøpsavtale med Bergen kommune om reiser, kontorrekvisita, kontormøblar og hotell/konferanseavtale.

Klart språk

- Embetet har utarbeida ein "klart språk» folder som vert delt ut til alle nyttilsette.
- Embetet har nynorsk kurs kvart år.
- Når det gjeld det som vert publisert på nett, er språk eit viktig tema på Nettredaksjonen sine jamlige møter.

V - Vurdering av framtidsutsikter

Strukturforvaltning – statleg regional forvaltning

Regjeringa har vedtatt at det skal vurderast samanslåingar av fylkesmannsembete. Embetet ser på dette som eit nødvendig og klokt tiltak, ikkje minst som konsekvens av kommunereforma. Dersom talet på kommunar i Hordaland t.d. blir halvert, vil det ha betydning for den rolla og dei oppgåvene Fylkesmannen vil ha overfor kommunane. Med meir profesjonelle kommunar vil dei i større utstrekning vere i stand til å løyse oppgåvene sine. Staten vil difor få ei noko meir tilbaketrukket rolle, og nedslagfeltet, i.e. Fylkesmannens verkeområde, bør altså vurderast å bli geografisk større, også for å oppretthalde kompetansen hos Fylkesmannen som eit viktig koordinerande regionalt organ for statleg politikk.

I dette vil det for det første kunne ligge effektivitetsgevinstar med færre embetseiningar med større kompetansemiljø, gjerne distribuert i eit større geografisk verkeområde.

For det andre vil ei slik embetseining med god kompetanse også vere ein føresetnad for at det blir delegert mynde og oppgåver frå sentralt statleg hald. Det vil i ei slik omorganisering ligge eit stort potensiale for at statlege oppgåver blir distribuerte på en slik måte at administreringa av dei kjem nærare dei brukarane det gjeld, kommunar og andre. (Vi viser til merknadene vår i årsmeldinga for 2013 om den uheldige ubalansen i statsforvaltninga mellom sentralt og regionalt nivå.)

I dette biletet høyrer med at det i aller høgste grad, ut frå eit effektivitets-, ressurs- og hensiktsmessighetssynspunkt, også bør vurderast heile eller delar av den regionale statsforvaltninga, både når det gjelder administrative grenser og oppgåvefordeling. Vi viser her til dei gode røynslene vi har frå motsegnforsøket, der Fylkesmannen koordinerer, med høve til avskjæring, dei motsegnene statlege sektororgan meiner bør fremjast når det gjeld kommunale planar, og då særleg arealplanar. Det bør vurderast om Fylkesmannen bør vere det einaste organet, i kraft av sitt samordningsansvar, som kan fremje motsegner mot kommunalpolitiske avgjerder på planområdet.

Organisering av embetet

Med utgangspunktet om samordning og mest effektiv ressursbruk, bør det også vere opp til det enkelte embetet på kva måte det ønskjer å organisere drifta si på. Det er kontraproduktivt og manglande rasjonale å legge inn reservasjonar på kva måte eit embete skal organiserast, t.d. når det gjeld organisasjonsmessig samanslåing av landbruks- og miljøoppgåvene. Det har referanse til den sentrale styringa av fylkesmannsembete. Slik styring er uheldig og lite målretta når det gjeld organisasjon, samanlikna med å styre etter å etterspørre kva mål som er oppnådde på dei ulike oppgåveområda Fylkesmannen har.

VI - Årsregnskap

Leiar sin kommentar til årsrekneskapet 2014

Formål

Fylkesmannen utfører dei oppgåver som er gitt i Instruks for fylkesmenn ved kgl. Res 07.08.1981, endra ved kgl. Res 10.11.1988 og 06.07.1999, og instruks for fylkesmennes beredskapsarbeid, fastsett ved kgl. Res. Av 18.04.2008.

Fylkesmannen har innanfor dei rammer som blir stilt til disposisjon i tildelingsbrev, embetsoppdrag, fullmaktsbrev og gjeldene regelverk og avtalar, mynde til å iversetje tiltak innanfor sitt område.

Stadfesting

Årsrekneskapet er avlagt i samsvar med Finansdepartementet sitt Reglement for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og Bestemmelser for økonomistyring i staten, med dei tilføyningar/presiseringar som departementet har gitt i instruksen.

Rekneskapet gir eit dekkande bilde av Fylkesmannen i Hordaland sine tildelingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigendelar og gjeld.

Fylkesmannen skal gjennom sin økonomi- og verksemdstyring sikre at statlege midlar vert nytta i samsvar med Stortinget sine vedtak og forutsetningar, at vi når fastsette mål og resultatkrav, at statlege midlar blir brukt effektivt, og forsvarleg forvaltning av materielle verdiar.

Vurdering av vesentlige forhold

Embetet har over fleire år arbeidd med intern utvikling av organisasjonen og «embetsfornyning». Vi har sett i verk fleire organisatoriske tiltak for å få ein meir effektiv og samordna organisasjon, og smartare oppgaveløysing. Dette har vore eit naudsynt prosjekt for å løyse ein utfordrande ressursituasjon med lite samsvar mellom tildelte ressursar og oppgåver. Vi har mellom anna over nokre år nedbemanna embetet med om lag 10 stillingar for å frigjere ressursar til betre budsjettstyring, til lønsauke og kompetansetiltak. Som eit resultat av desse prosessane har vi i dag god overordna styring av økonomien, men ressursituasjonen er stram og vi må innanfor alle fagområde gjere grundige prioriteringar og tenkje forenklingar og effektiviseringstiltak. Trass i ei krevjande ressursituasjon har medarbeidarane våre gjennom innsatsen sin på alle område klart å innfri krava til høg kvalitet og sakshandsamingstid i 2014.

Leiinga har hatt ei tett oppfølging av økonomien gjennom 2014. Embetet innførte i 2013 rammebudsjett til fagavdelingane.

Samla tildeling til embetet i 2014 på kap. 0525 01 var på kr. 114 926 000,-. Av dette utgjer kr. 110 130 000 årets tildeling og kr. 4 796 000 var midlar overført frå 2013. Resultatet for 2014 viser eit mindreforbruk på kr. 2 009 998,-. Mindreforbruket er m.a. knytt til avdelingane sine rammebudsjett, og skuldast vikariat som det er inngått avtale på i 2014 og som er forlenga i 2015. Dei er finansiert av fødselspengar innbetalt i 2014. Vi budsjetterte i 2014 med ein leigekostnad til Statsarkivet i Bergen på kr. 500 000,-. Embetet har avlevert store mengder arkivmateriale og vi må betale leige for arkivmateriale under 25 år. Vi har venta på ei avklaring av leigekostnader, og då rekninga kom i desember 2014 var den på kr. 150 000,-. Vi har gjennom året hatt ein krevjande budsjettsituasjon for verjemålsforvaltninga. Vi meiner tildelte midlar til Hordaland over kap. 0469 01 ikkje er i samsvar med ressursbehovet for ein forsvarleg forvaltning. Dette er meldt tilbake til Justisdepartementet i samband med rapportering pr. 10.09.2014. Prognose for 2. halvår viste at det ville bli meirutgifter på verjemål som var planlagt dekkja av driftsbudsjettet. Justisdepartementet kom i november 2014 med

ei tilleggsøyving på kr. 700 000,-. Når vi får tilleggsøyvingar og avklaringar så seint i året er det vanskeleg å omdisponere midlane

Innanfor budsjettkap. 0525 post 21 / kap 3525 post 01 viser resultatet at vi har hatt eit mindreforbruk på kr. 2 941 130,93. Mindreforbruket skuldast prosjekt som ikkje var avslutta i 2014. På miljøsektoren er det ca. 1,8 mill. kroner tilsaman på tre prosjekt og på helsesektoren ligg det ca. 1. mill. kroner på eit prosjekt. Desse må vidareførast i 2015. I tillegg er det nokre mindre prosjekt som blir avslutta i 2015.

Fylkesmannen vil ha tett oppfølging på økonomien også i 2015.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Fylkesmannen. Årsrekneskapet er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsberetning er forventa ferdig i løpet av 2. kvartal 2015. Beretninga er unnateken offentlegheit.

Statens hus 27. februar 2015

Lars Sponheim (sign)

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Fylkesmannen i Hordaland er utarbeidd og avlagt etter retningslinene fasett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», fastsett 12. desember 2003, med endringar seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med bestemmelsane punkt 3.4.1, nærare bestemmelsar i Finansdepartementets rundskriv R-115 og tilleggskrav fasett av KMD.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa viser bevilgningsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapittelrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva som er rapportert til satsrekneskapet etter standard kontoplan for statlege verksemder, og kva grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i bestemmelsane punkt 3.4.2 – grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

Rekneskapen følgjer kalenderåret. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgiftene og inntektene er ført i rekneskapet med bruttobeløp. Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapportering er utarbeida etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i bestemmelsane punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportera til statsrekneskapen.

Alle statlege verksemder er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i bestemmelsane punkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan vert ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt vert saldo på kvar oppgjerskonto nullstilt.

Bevilgningsrapporteringa:

Bevilgningsrapporteringa viser rekneskapstall som Fylkesmannen i Hordaland har rapportert til statsrekneskapet. Det blir stilt opp etter kapitlar og poster i bevilgningsreglementet som Fylkesmannen har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigendelar og pliktar embetet står oppført med i kapitalrekneskapet i staten. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt i disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon kapittel/post.

Artskontorrapporteringa:

Artskontorrapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Vi har ein trekkrettigheit for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og viser derfor ikkje ei inntekt i oppstillinga. Note 7 i artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

Note A:

I note A går det fram samla utgiftsbevilgningar som embetet har fått stilt til disposisjon i rekneskapsåret. Nota består av :

- Overføring frå førre rekneskapsår (kap 0525)
- Tildeling for 2014 frå overordna departement (kap 0525)

Note B:

I note B går det fram forklaring til brukte fullmaktar og berekning av mogleg beløp til overføring neste år - berekning av meir-/mindreutgifter.

Vi ber om å få overført mindreforbruk på 0525.01 på kr. 2 009 998,- og på 0525.21 på kr. 2 941 131,-.

Artskontooppstillinga

Artskontooppstillinga viser kva som er rapportert til statsrekneskapet etter standard kontoplan i løpet av rekneskapsåret. Ei nærare oppdeling og forklaring til talla går fram av note 1-7

Oppstilling av bevilgningsrapportering for regnskapsår 2014

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2014	Merutgift (-) og mindretgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	114 926 000	117 311 230	-2 385 230
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	2 205 000	20 292 389	-18 087 389
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		3 320 000	3 320 000	
0225	Tiltak i grunnopplæringa - særskilde driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		12 540 000	12 461 492	
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asyl	64	Diverse		4 973 000	4 972 572	
0225	Tilskudd til leirskoleopplæring	66	Diverse		4 490 000	4 489 804	
0225	Tilskudd til opplæring innenfor krimomsorg	68	Diverse		246 870 000	246 865 679	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringen - spes.	21	Spesielle driftsutgifter		11 003 049	10 471 532	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnskolen - videreutdau	22	Diverse		39 221 670	39 221 270	
0227	Tilskudd til internatdrift ved Krokeide yrkess	71	Tilskudd		24 615 000	24 615 000	
0231	Barnehager - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		6 837 660	6 837 660	
0310	Tilskudd til tros- og livssynssamfunn	70	Tilskudd		Åpen fullmakt	6 591 196	
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		19 364 355	16 364 352	
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Åpen fullmakt	5 809 744	
0470	Frå sakførsel	70	Tilskudd		Åpen fullmakt	2 066 852	
0470	Frå rettssråd	71	Tilskudd		Åpen fullmakt	8 488 235	
0571	Rammetilskudd til kommuner- spesielle drifts	21	Spesielle driftsutgifter		300 000	300 000	
0590	Byutvikling og planlegging - spes. driftsutgift	21	Spesielle driftsutgifter		1 950 000	1 948 097	
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inklud	21	Spesielle driftsutgifter		2 408 120	1 480 433	
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63	Diverse		12 268 432	12 256 229	
0718	Rusmiddelforebygging - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		560 000	299 897	
0719	Annet folkehelsearbeid - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		25 000	8 966	
0720	Helsedirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 655 353	1 495 628	
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustilt	01	Driftsutgifter		Åpen fullmakt	4 071 111	
0734	Tvungent psykisk helsevern	70	Tilskudd		Åpen fullmakt	3 704 457	
0761	Omsorgstjeneste - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		1 361 200	1 148 371	
0761	Tilskudd til omsorgstjenester	60	Diverse		15 268 400	15 268 350	
0761	Omsorgstjeneste - utviklings tiltak	67	Diverse		3 360 000	3 360 000	
0761	Kompetanseheving kjønnslemlesting	21	Spesielle driftsutgifter		100 000	0	
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetjen	60	Diverse		1 530 000	1 406 000	
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abor	73	Tilskudd		800 000	800 000	
0763	Rustiltak - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		991 400	962 175	
0763	Rustiltak - kommunalt rusarbeid	61	Diverse		44 926 717	44 809 394	
0764	Psykisk helse - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		0	413	
0764	Psykisk helse - psykisk helsearbeid	60	Diverse		23 426 014	22 930 246	
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		Åpen fullmakt	151 665	
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		970 000	1 034 268	
0783	Personell - turnustjeneste	61	Diverse		0	2 964	
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drift	21	Spesielle driftsutgifter		2 612 373	1 534 866	
0854	Kommunalt barnevern	60	Diverse		53 741 714	52 898 998	
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77	Tilskudd		95 000	95 000	
1400	Miljøverndepartementet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		60 000	60 000	
1410	Miljøovervåking og miljødata	21	Spesielle driftsutgifter		598 000	597 375	
1420	Miljødirektoratet - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		2 428 432	2 428 246	
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		3 605 500	3 599 971	
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22	Diverse		11 325 000	11 321 417	
1420	Tiltak i verneområder	31	Diverse		1 956 000	1 956 000	
1420	Oppryddings tiltak	39	Diverse		1 321 720	1 321 720	
1420	Tilskudd til vannmiljøtiltak	70	Tilskudd		370 000	370 000	
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt	72	Tilskudd		150 000	149 084	
1420	Forebyggende og konfliktdepdende tiltak i r	73	Tilskudd		50 000	41 168	
1420	Verdensarvområder, kulturlandskap og verdi	81	Diverse		50 000	50 000	
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte natur	82	Diverse		6 148 000	6 132 900	
1425	Tilskudd til fiskeformål	70	Tilskudd		300 000	300 000	
1425	Tilskott til vilføremål	71	Tilskudd		200 000	200 000	
Sum utgiftsført					687 278 109	730 674 417	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3525	Inntekter ved oppdrag	01	Driftsinntekter	0	21 028 520	21 028 520
3525	Ymse inntekter	02	Ymse	0	852 971	852 971
3525	Refusjon arbeidsmarkedstiltak	15	Refusjon av arbeidsmarkedstiltak	0	77 000	77 000
3525	Refusjon av fødsels- og adopsjonspenger	16	Refusjon av foreldrepenger	0	2 207 271	2 207 271
3525	Refusjon av sykepenger	18	Refusjon av sykepenger	0	1 257 986	1 257 986
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse	0	1 756 398	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift	0	15 946 002	
Sum inntektsført					0	43 126 148

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

Kapitalkontoer					687 548 270	
60063601	Norges Bank KK/innbetalinger				23 415 424	
60063602	Norges Bank KK/utbetalinger				-710 513 470	
715212	Endring i mellomværende med statskassen				-450 224	
Sum rapportert					0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (201412)

Konto	Tekst	2015	2014	Endring
6260	Aksjer	0	0	0
715212	Mellomværende med statskassen	-7 305 680	-6 855 456	-450 224

Virksomhet: A5 - Fylkesmannen i Hordaland

Note A Forklaring av samlet tildeling			
Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0525 01	4 796 000	110 130 000	114 926 000
0525 21	2 205 000		2 205 000
			0
			0

I 2014 søkte 98 beitelag om tilskot til drift av laget og vi har igjen fått ein liten oppgang i tal lag som søker. Nedgangen i tal beitelag som har søkt på tilskotet dei seinare åra skuldast både omorganisering og overgang til nytt søknadssystem. Enkelte beitelag er framleis organiserte som BA sjølv om dette ikkje er gyldig organisasjonsform lengre. Vi vonar at desse laga omorganiserer seg til SA snarleg.

Førebels tilskotssats til drift av beitelag i RMP 2014 var på 20 kr, men endeleg sats vart sett ned til kr 10 per småfe. Justeringa vart gjort i samråd med Bondelaget og Småbrukarlaget, og er vurdert i samheng med det regionale miljøtilskotet «Beite i utmark» som vart innført i 2013. Dette tilskotet er på om lag 50 kr per småfe og går direkte til føretak som er medlem i organiserte beitelag. Tilskotet skal motivere til fleire aktive beitelag og fleire aktive medlemmer i beitelag. Vi vonar at denne justeringa totalt sett vil føre til at større del av utmarksbeitebrukarar vert med i beitelag i Hordaland.

I 2014 gjekk tap av lam noko ned og snittet var på 3,56 prosent, nesten like lågt som i rekordåret 2012. Tap av sau hadde ei lita auke. Utviklinga totalt sett er likevel svært positiv med ein tendens til redusert tapsprosent for sau og lam over ei lengre periode.

Det låge tapet i Hordaland skuldast i stor grad at vi har svært lite rovvilt. Det vert i tillegg utført mykje bra arbeid i beitelag og enkeltbuskaper for å førebyggje tap av dyr i utmark. Tapet i 2014 var på 3.700 sau og lam i organiserte beitelag, men i tillegg kjem eit ukjent tap i buskaper som ikkje er med i beitelag og dermed ikkje er med i talgrunnlaget.

For sesongen 2014 vart det utbetalt om lag 1,4 mill kr i tilskot til drift av beitelag. Dette er ein stor nedgang frå 2,6 mill kr i 2013. Vi meiner at dette skal kompenseras med tilskotet «Beite i utmark» som går direkte til medlemmar i godkjende beitelag. Av 1.300 medlemmer i beitelag i 2014, var det om lag 750 som søkte dette tilskotet i 2014. Desse føretaka vil få utbetalt nesten 4,5 mill kr for sesongen 2014. I 2013 var dette tilskotet nytt og utbetalinga var på om lag 3,9 mill kr. Tilskota er viktig for lønnsmda i å bruke fjellbeiteområda i Hordaland då mange har stor tidsforbruk og kostnad med både tilsyn og transport.

Beiteutvalet i Hordaland

I Hordaland har vi eit Beiteutval som består at representantar frå Hordaland Sau og Geit, Hordaland

Småbrukarlag og Hordaland Bondelag. Beiteutvalet bidreg i diskusjonar og høyringar og anna aktuelt som gjeld beitebruk i fylket.

2014 har det vore tre møter i Beiteutvalet, to av desse har vore telefonmøter. Vi har avslutta Beiteprosjektet i Hordaland og seld ut det elektroniske sporingsutstyret i prosjektet. Beitelag som har vore involvert og meldt interesse i prosjektperioden, fekk tilbod om å kjøpe utstyret. Utvalet vore med på revidering av innhaldet i *Forskrift om tilskott til organisert beitebruk, Hordaland*. Frå og med 2014 vart reglane for beitelag og organisert beitebruk heilt implementert i *Forskrift om regionalt miljøprogram, Hordaland* og den gamle forskrifta har utgått. Reglane er for det meste det same med nokre mindre formuleringssendingar. Beiteutvalet har og arrangert eit Rovviltmøte i Eidfjord i juli. På møtet var det dialog mellom beitenæring, kommune, Beiteutval og Fylkesmannens klima- og miljøavdeling. Bakgrunn for møtet var observasjon av jerv på Hardangervidda og å informere beitenæringa om korleis ein bør gå fram ved eventuell skadesituasjon.

I slutten av juni hadde vi møte hjå Fylkesmannen der beiteutvalet tilrådde fordeling av investeringsmidlane til beitelaga.

Det er aukande rovviltförekomster i nabofylka våre. I 2014 vart det difor etablert ei Rovviltutvalt i Hordaland bestående av representantar frå Hordaland Sau og Geit, Beiteutvalets leiar og ein frå Fylkesmannen. Utvalet har gjeve Hordaland Jeger og Fisk i oppdrag å etablere eit fellingslag for rovvilt i Hordaland. Fellinglaget skal vere klart til beitesesongen 2015 og fungere som beredskap for beitenæringa dersom det vert aktuelt med fellingsløyve på rovvilt i akutte skadesituasjonar.

Investeringsmidlar - tilskot til tiltak i beiteområder

40 beitelag søkte om tilskot til i alt 74 ulike tiltak. 39 beitelag fekk løyvd tilskot til investering i 59 ulike tiltak. Totalt tilskot var på lag 710.000 kroner inkludert indregne midlar frå andre tiltak.

For 2015 har tildelt ramme for investeringstilskot til Hordaland blitt redusert frå 650.000 kr i 2014 til 550.000 kr. Det er stor kamp om midlane og Fylkesmannen vonar at ramma for midlane vert auka igjen i 2016.

Landskap i drift – ope landskap gjennom aktiv drift

Attgroing er eit stort problem i fylket – samstundes aukar etterspurnaden etter godt beiteareal, spesielt vår og haustbeite.

Prosjektet " landskap i drift" har gått over fleire år og vert administrert frå FM. Midlane i prosjektet vert brukt til å delfinansiere rydding og oppsett av gjerde på større fellesbeiter. Dette for at det kan hentast fleire föreningar frå ugjødsla utmarksbeite vår og haust, i staden for frå gjødsle innmarka ekstra. Samla sett har prosjektet fått opna opp kring 16.000 daa av utmark sidan oppstart. Hovudfokuset er å få til større samanhengande beite ved hjelp av rådgjeving og tilskot. NUMB og Bioforsk skal dokumentere innsparingseffekten ved meir beiting i utmark , versus fôr frå intensiv fôring på innmark ved bruk av store mengder nitrogen.

Nye typar fôringsplassar vert prøvd ut, ulike pilotar plassert på beitet vert prøvd ut for å finne gode metodar for å gje tilleggsfor og samle opp gjødla i beitet.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2013	2012
FMHO	47272	75388	70	2,18	3,56	3,27	2,87
Sum	47272	75388	70	0	0	0	

22.2 Eiendom og bosetting

Lovverket på dette området er omfattande og kommunane er fyrsteinstant ved handsaming av desse lovsakene. Fylkesmannen som kompetanseorgan på området er oppteken av at kommunane får god oppfølging i regelverket. Dette vert ivareteke ved dialog med kommunane.

Fylkesmannen ser trongen for ytterlegare kompetansebygging i kommunane på dette området i regi av Fylkesmannen. I 2014 har det vore fokus på rådgjeving av kommunane og halde kurs. Dette er noko som Fylkesmannen vil fortsetta med vidare i 2015.

Fylkesmannen har så langt ikkje nytta mynde etter jordlova § 3 til å innhente forløpande vedtak frå kommunane etter jordlov og konsesjonslov.

Fylkesmannen har i 2014 i alt fatta vedtak i 16 saker etter konsesjonslov og jordlov. Av desse var 8 fyrsteinstansvedtak og 8 klagesaker. I 1 av klagesakene vart klagar gjeve medhald heilt eller delvis i klagen. Fylkesmannen har også handsama ei sak etter odelova, om odelsfrigjerding.

22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Erfaring/ utfordring knytt til kommunane si forvaltning av økonomiske verkemiddel:

Kommunane må vera tydelegare i sin kommunikasjon mot brukarane, i fleire tilfelle er det for dårleg informasjon frå kommunen. Det er også ein del "snillisme" ute og går blant sakshandsamarar i kommunane, det vert retta mykje i søknader. Ved fleire høve er det for dårleg dokumentert kvifor rettingar/ endringar er gjort.

Kontrollarbeidet ved avdelinga vert utført av eige kontrollteam. Dette teamet består av sakshandsamarar på dei økonomiske og juridiske verkemidlane. Også i 2014 var fovaltingskontroll av kommunane eit prioritert område, og i den samanheng vart alle dei økonomiske verkemidlane som kommunane rår over, kontrollert. Dette gjeld både jord- og skogområde. I tillegg hadde vi fleire risikobaserte føretakskontrollar, både ift driftssamarbeid og probelmatikken kring utegangar / vinterfora sau.

Samla ressurs på dette i 2014 er på omlag 1,5 årsverk.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2014 - antall

Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
3	15	0	0	0	0

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
36	0	11	0	0	0	9	0	1

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2014

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 1,5

Antall personer: 6

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	Granvin kommune
Orninger/omfang:	Alle saker om produksjonstilskot for 2012 og 2013, alle saker om RMP-tilskot for 2012 og 2013, alle søknader om SMIL-tilskot for 2012 og 2013, alle søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom for 2012 og 2013, alle søknader om nybygging og ombygging av landbruksvegar for 2012 og 2013, alle søknader tilskot til skogkultur for 2012 og 2013, alle søknader om utbetaling frå skogfond for 2012 og 2013 og rekneskap for skogsvegar for 2012 og 2013.
Registrerte avvik:	

Oppfølging av avvik:	Kontrollrapport sendt 27.11.14.
Kommune:	Jondal kommune
Orninger/omfang:	Alle saker om produksjonstilskot for 2012 og 2013, søknad om SMIL-tilskot for 2012 og 2013, søknad om RMP-tilskot for 2012 og 2013, alle saker om tilskot til avløyning ved sjukdom for 2012 og 2013 vart kontrollert.
Registrerte avvik:	Det mangla miljøplan til fleire SMIL søknader Ein søknad om SMIL-tilskot mangla kostnadsoverslag, kart of konkret omtale av tiltak. Usikkert om tiltak frå ein søkjar fell innanfor formål med SMIL-tilskot. Alle søknader om sjukeavløyning mangla dokumentasjon på næringsinntekt.
Oppfølging av avvik:	Kontrollrapport sendt til kommunen 7.11.14. FM har ikkje motteke tilbakemelding for oppfølging av avvik.
Kommune:	Modalen kommune
Orninger/omfang:	Saker om produksjonstilskot for januar og august 2012 og 2013, saker om RMP for 2012 og 2013, søknad om SMIL-tilskot for 2012 og 2013 har gjennomgåande god orden og det er gjort gode saksvurderingar. Det var ikkje saker om tilskot til avløyning ved sjukdom i 2012 og 2013.
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	Kontrollrapport sendt 12.09.14. Har fått tilbakemelding frå kommunen. Berre merknader.
Kommune:	Ullensvang kommune
Orninger/omfang:	Alle saker om produksjonstilskot for 2012 og 2013, alle saker om SMIL-tilskot for 2012, alle RMP-saker for 2012 og 2013, alle søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom for 2012 og 2013, alle søknader om nybygging og ombygging av landbruksvegar for 2012 og 2013, alle søknader om tilskot til skogkultur for 2012 og 2013, alle søknader om utbetaling frå skogfond for 2012 og 2013 og rekneskap for skogsvegar for 2012 og 2013.
Registrerte avvik:	Søknader om produksjonstilskot i 2013 er ikkje journalført. To søknader om produksjonstilskot i januar 2012 var underskriven av annan person enn innehavar av føretaket. Kommunen har ikkje kontakta søkjar når dei har avslått søknadane. Søkjar eller stadfortredar har ikkje skive under på kontrollskjema etter stadleg kontroll i produksjonstilskot. Sjukeavløyning: mangla dokumentasjon for lønsutgifter og feil innsendt dokumentasjon. SIL: mangla vedlagt miljøplan trinn 2 for fleire søknader.
Oppfølging av avvik:	Kontrollrapport sendt kommunen 2.12.14. Brev frå kommunen gjeldande oppfølging av avvik vart motteken 12.1.15.

Kommune:	Ulvik kommune
Orninger/omfang:	Alle saker om produksjonstilskot januar og august 2012 og 2013, saker om RMP 2012 og 2013, alle søknader om tilskot til avløsning til sjukdom for 2012 og 2013, saker om SMIL-tilskot for åra 2012 og 2013, alle saker om tilskot til nybygging og ombygging av landbruksvegar for 2012 og 2013, saker om tilskot til skogkultur 2012 og 2013 og tilskot til skogfond for 2012 og 2013 har gjennomgåande god orden og det er gjort gode saksvurderingar.
Registrerte avvik:	
Oppfølging av avvik:	

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	1-0
Orninger/omfang:	Vi har sendt brev til alle som søker om tilskot frå forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland, tilskot til støling med foredling.
Hjemmel for kontroll:	I forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland.
Registrerte avvik:	Det er ikkje registrert avvik.
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	A-Å
Orninger/omfang:	RMPsøknad 2013: Det er manuelt kontrollert føretak som er medlem i beitelag og søkt tilskot til RMP mot lister over medlemmar i beitelaga.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram i Hordaland.
Registrerte avvik:	Ca 120 føretak må betala tilbake urettmessig utbetalt tilskot.
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	C
Orninger/omfang:	To ENK søkte produksjonstilskot i kvart sitt føretak. Kontrollert ved rekneskap, samtale med innehavarane i føretaka.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket
Registrerte avvik:	Driftsfellesskap
Oppfølging av avvik:	

Foretak:	B
Orninger/omfang:	ANS og ENK - ammekuproduksjon i begge føretak. Kontrollert ved rekneskap, billag, besøk på gardane, slaktedata og samtalar med innehavarar av føretaka.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket.
Registrerte avvik:	Driftsfellesskap.

Oppfølging av avvik:	Trekk av tilskot.
Foretak:	D
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og RMP. Foretak med utegangardrift og økologisk produksjon. Kontrollen er utført ved gjennomgang av rekneskap, slakteoppgjer osv, samt samtalar med innehavar i foretaket. Avtalt synfaring januar 2015.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 4 og 11. Forskrift om tilskot frå regionalt miljøprogram, §§3 og 27.
Registrerte avvik:	Saka er ikkje avslutta enno.
Oppfølging av avvik:	

4. Andre kommentarer/ innspill:

I 2014 hadde vi 180 manuelle utbetalningar i produksjonstilskot som vart nøye kontrollert og gjennomgått før utbetaling.

22.4 Regionalt tilpasset innsats

Samarbeid med regionale aktørar;

I Hordaland har vi i mange år hatt tett samarbeid og rollefordeling mellom dei regionale partane Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen, noko som særleg har gitt seg utslag i samarbeid og arbeidsdeling innan lokalsamfunnsutvikling, entreprenørskapsarbeid, reiseliv og matområdet. I 2014 blei Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017 (Strategidokument for styrking av rekkutteringa til landbruket i Hordaland) godkjent av fylkespolitikarane. Dette strategidokumentet bygger på Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland og har forslag til konkrete tiltak som oppfølging av meldinga. Fylkesmannen har fulgt opp dette med å initiere to pilotprosjekt i to ulike kommunane på tema auka mjølkeproduksjon.

Frå FM si side har det vore viktig å engasjere det regionale (og lokale), politiske nivå og miljø mest mogleg i utviklinga av landbruket i fylket. Vi har vore opptat av å bruke utvikling - og tilretteleggingsmidlane inn mot fellesprosjekt / samfinansiert med fylkeskommunen, Innovasjon Noreg eller anna etatar, for på den måten få løyst ut midlar frå Regionale Utviklingsprogram (RUP).

Kommunen er ein viktig aktør innanfor landbruk- og matområdet, og det vert brukt mykje ressursar for å bygge opp kompetansen og styrke deira arbeid på området. Det blei gjennomført regionale- og fylkessamlingar på områder som tilskotsforvaltning, miljøvirkemidlar, skogvirkemidlar, juridiske virkemidlar. Saman med partnerskapet blei det også gjennomført kurs og samlinger i entreprenørskap og innovasjon. For å stimulere kommunane til større engasjement innanfor næringsutvikling, blei det også gjennomført to regionale samlinger (Etne og Voss) med tema næringsutvikling tradisjonelt jordbruk. Dette som ei oppfølging av Regionalt næringsprogram, der auka produksjon av mjølk og lammekjøtt er prioritert. Det er viktig at kommunane bidrar aktivt inn mot næringa for å støtte opp om dei initiativa som kjem derifrå.

Kommuneretta midalar over kap.1144 post 77

Kr. 95.000 for 2014 er forbrukt slik:

Kommunesamling Rosendal kr. 75.845,60

Skogsamling Voss kr. 9.417,40

Kommunekurs næringsutv. Kr. 9.737,00

I 2014 er det gjennomført ein større 2-dagers kommunerretta konferanse for fagansvarlege, rådmenn og ordførar der aktuelle og prioriterte temaer innanfor landbruket var satt på dagsorden.

Skogsamling Voss var samling kun for skogansvarlege der hovudplan veg m.a. var tema.

I 2014 blei det også gjennomført 2 regionale samlinger med temaet næringsutvikling og kommunen som førstelinjeteneste. Samlingane blei godt motteke og planen er at dette skal føljest opp i 2015.

Resultatområde 23 Økt verdiskaping

Regionalt næringsprogram 2014 - 2017 legg føring for bruken av bygdeutviklingsmidlane i Hordaland. Programmet har 5 prioriterte områder; mjølkeprod., lammekjøttprod, fruktproduksjon, småskala matproduksjon og skog/tre.

Aktiviteten knytt til mjølk, lam, frukt vert skissert under 21.1. mens de andre områda vert presentert under resultatområde 23

23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

Auka satsing innanfor landbruksbasert vare- og tenesteproduksjon.

Bygdeutviklingsmidlane

Frå utviklings- og tilretteleggingsmidlane er det i 2014 løyvd 5,96 mill. kr. i 46 saker, der av 4,52 mill. til 31 utviklings- og tilretteleggingsprosjekt, 0,45 mill. til 9 prosjekt innanfor økologisk handlingsplan og 0,99 mill. til 6 prosjekt under praktikantordninga.

69 % av midlane vart løyvd innanfor tradisjonelt landbruk, berre 16 % hadde relevans for nye næringer. Eit relativt lågt tal løyvingar skuldast særleg store satsingar innanfor tradisjonelle produksjonar der vidareføring av satsing på mjølk, sau og frukt var dominerande. Høvesvis 24 og 21 % av midlane vart løyvde til prosjekt med relevans for kvinner og ungdom.

Av disponible, *bedriftsretta midlar* har Innovasjon Noreg løyvd 24 mill. i tilskot til 103 prosjekt innan tradisjonelt landbruk, mellom anna 8 mill. til 18 prosjekt på mjølk/storfe, 5 mill. til 16 prosjekt på sau og heile 10 mill. til 65 prosjekt for investering i frukthagar. Investeringane på frukt er samanfallande med den store satsinga *Dyrk Smart* i fylket. Innan bygdenæringer er det berre løyvd 36 tilskot for til saman 6 mill.

Den avgrensa etterspurnaden etter både utviklings- og bedriftsretta prosjekt innan bygdenæringer er truleg ei naturleg følge av den tunge satsinga på tradisjonelt landbruk etter landbruksmeldinga som kom i 2011. Ei aukande interesse for mobiliserings- og kompetanseaktivitetar i 2014 og på nyåret i 2015, varslar auka pågang på bygdenæringer framover. Likeins har ein avgrensa etterspurnad etter investeringsstøtte innanfor mjølkeproduksjonen gitt moglegheiter for auka satsing på sau og ikkje minst frukt. Samanfallande med konjunkturedringar i konkurrerande næringer på Vestlandet, med oljerelatert industri i spissen, vil truleg investering i tradisjonelt landbruk og bygdenæringer framstå som gode alternativ utover i 2015.

Matstrategi for Hordaland

FM, den regionale partnerskapen og Sjømatsenteret har i 2014 slutført Matstrategien "Vegval for lokalmat i Hordaland". Den føreligg no som eit politisk godkjent dokument i Hordaland Fylkeskommune . Matstrategien gjev føringar for målretta verkemiddelbruk og er ein arbeidsredskap for komande satsinga næringa vil ta tak i.

Lokalmatsatsing

I 2014 haustar vi fortsatt frå det arbeidet vi har lagt ned gjennom mange år med utviklingsarbeid i Hordaland. Det er aukande etterspurnad etter lokalmat og spesialprodukt innan lokalmatproduksjonen og vi kan til tider registra at det er underskot i marknaden på enkelte produkt, Etterspurnaden etter lokalmat har ført til auka interesse for informasjon, kurs og kompetansebyggande tiltak hjå lokalmatprodusentane, og ført til auka aktivitet hjå nye etablerarar.

FM og Kompetansenavet Vest har fortsatt eit nært samarbeid om utvikling og gjennomføring av kurs og kompetansehevide tiltak i Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg til kurs og rettleiing er besøksordninga ei god hjelp for nye etablerarar og dei som ynskjer å revitalisera eiga verksemd. I 2014 har FMLA og

kompetansenavet hatt fleire prosjekt saman, som fellesmøte med nyetablerarar og opne møter i regionane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Hordaland har eit stort nettverk av småskalaprodusentar. Det er fleire bedrifter som har landsdekkande leveransar, som Homlagarden, Ostegarden, Bønes Gardsmat og Hardanger saft og sider med fleire. Alle desse starta i det små og har utvikla seg i tråd med marknaden

Matfestivalen i Bergen har den største samlinga av lokalmatprodusentar i landet, og er den viktigaste marknadspllassen for mange aktørar. Kompetansen som er bygd opp hos FM som festivalarrangør, vert delt med andre lokale festivalarrangørar som til dømes i Eidfjord og Voss. FM ynskjer å syte for at det også i framtida vil vere ein lågterskel marknadstilgang for nye og etablerte lokalmatprodusentar. Det er arbeid på gang for å utvide festivalområde slik at både fleire utstillarar kan delta og eit større publikum får anledning til å besøke festivalen.

FM vil også framover arbeide for å sikra kompetansemiljøa i fylket, som Vestnorsk Kulturakademi og andre, som vil fremje den lokale matkulturen og matproduksjonen. Januar 2014 vart det sett i gong ei revitalisering av Vossameny i regi av Voss næringshage med nærare 40 næringsmiddelbedrifter. Næringshagen vi samle all aktivitet i området, som t.d. «Festival Voss» og «Ekstremsportveko»

Bergen søkte om status som «UNESCO Creative Cities of Gastronomy», eit arbeid der FM er sterk delaktig i. Søknaden vert sendt før sumaren 2015.

På hausten 2014 blei det etter eit initiativ frå Sjømatsenteret i Bergen, jobba med etablering av ein blå-grøn "Matarena AS" som eit lokalmatfaglig kompetansesenter for vår region. Hordaland bondelag er m.a. aksjeeigar og FM engasjerer seg for tida i diskusjonar om innhald og oppgåvar i ASet.

Deltaking på Grüne Woche i Berlin

FM deltok aktivt i utvalprosessene av utstillarar og matprodukt til messa. Lokale produsentar frå vårt område deltok med eigne og andre sine produkt, og markedeførte på den måten vårt fylke. Det er god respons på dette arbeidet frå media og frå lokamatprodusentane i fylket. Standen er eit godt samarbeid mellom vestlandsfylka og ein stor og vellukka presentasjon av Noreg.

Samarbeid med 4H

4H Matskole « Matens vei fra jord til bord» er eit ferie- og fritidstilbod til born mellom 8 og 12 år der born gjennom praktisk erfaring lærer om matlaging med sunn, lokal og kortreist mat og om maten sitt opphav. FM stiller med kontorplass til prosjektleiarer og engasjerer seg aktivt i dette prosjekt. Som eit delprosjekt arrangerte 4H i samarbeid med FM Barnas Matfestival samstundes med Bergen Matfestival i 2014. Dette fekk mykje positiv merksemd frå besøkande og media. "Barnas restaurant" som vart dreva av born under festivalen vart ein viktig formidlingsarena for lokal mat, mattryggleik og økologi.

LUK- lokal samfunnsutvikling i kommunane

Hordaland fylkeskommune saman med partnerskapen, har også i 2014 hatt støtte frå KRD sitt program Lokal samfunnsutvikling i kommunane. LUK-satsinga er under avvikling, og partnerskapen har arbeidd med metodar for vidareføring av kompetanseutviklingsarbeidet i kommunane og regionane.

I Hordaland har LUK-satsinga vore retta mot å styrka og koordinera pågåande programsatsingar i regi av partnerskapen (LivOGLyst, kom-an og kommuneprojektet).

Program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland - LivOGLyst

LivOGLyst - program for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland starta opp i 2008 og vert leia av Hordaland Fylkeskommune. Mest alle kommunar i Hordaland har no gjennomført eit eller fleire LivOGLyst-prosjekt. Alle programdeltakarane har fått tett oppfølging av FMLA, HFK og IN, og det har vore arrangert konferansar, nettverksamlingar og lokalt tilpassa kurs. LivOGLyst-prosjekta har hatt aukande fokus på næringsutvikling og prosjekta si samhandling med kommunar og lokale næringsaktørar og organisasjonar.

I samarbeid med Distriktssenteret og partnerskapen i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har Fylkesmannen i Hordaland delteke i programarbeidet for Vestlandsk Vidsyn-konferansen i Rogaland. Konferansen har i fire år arrangert konferansen for utviklingsaktørar i vestlandsfylka. www.vestlandskvidsyn.no

Hordaland Fylkesting vedtok i desember 2014 å avvikla LivOGLyst-programmet gjennom ein utfasingsperiode. Dei prosjekta som alt er med skal avslutta arbeidet sitt, men det vert ikkje teke inn nye prosjekt for 2015.

Inn på Tunet

Inn på tunet-arbeidet i Hordaland utgjorde desse aktivitetane i 2014:

- 35 KSL-IPT godkjente tilbydarar og 13 under godkjenning i Hordaland
- Inn på tunet KSL kurs oktober 2014. 11 deltakere. Pilot utviklet saman med NLR-HMS Hordaland og sentralt, samt FMLA Oslo-og Akershus. Nye elemet i kurset: HMS-medlemsskap, gårdsbesøk som del av innmelding av IPT-kyndig HMS-rådgiver. Fadderordning vart tilbydd deltakarane gjennom Fagforum IPT.
- Deltok i arbeidsgruppa for å lage nasjonal kommunikasjonsplan for Inn på tunet. Matmerk var sekretær.
- Forskingsprosjekt gikk gjennom: Møreforsk og HIB i samarbeid. IN sentralt støtta prosjekt med hest innen rusbehandling, prosjekteier-og leiar: Høgskulen i Bergen.
- Arbeid sammen med NAV for å finne nye Grønt arbeid tiltak.
- Oppfølging av lprosjekt i Indre Hardanger hvor et interkommunalt samarbeid med IPT i fokus.
- Deltok på IPT-kafeer, konf. om forskning innen Grønt arbeid tiltak på gard.

Konklusjon: Stor interesse blant bøndene for å etablere Inn på tunet tilbud, men få aktive kjøpargrupper som ynskjer Inn på tunet. Kjøpargruppene frå det offentlege kan ikkje etterspørre KSL-Inn på tunet si kvalitet-og sikkerhetsgodkjenning, men kan gjennom Lov om offentlig innkjøp spørre generelt om ei kvalitetsgodkjenning av gardsbaserte tenester til det offentlege. Det bør i framtida leggjast større vekt på å marknadsføre Inn på tunet-godkjenninga gjennom Matmerk, slik at det blir ei kjent ordning og blir den dominerande godkjenningsordninga for gardsbaserte tenester til det offentlige. Ordninga er i dag for lite kjent blant kjøpargruppene. Per i dag er det ingen marknadsføring av Inn på tunet nasjonalt og ingen plan for å merkevarebygge Inn på tunet i Matmerk. Dette bør bli ei prioritert oppgave nasjonalt.

Prosjekt Ny bruk av ledige landbruksbygg

Landbruket sine bygningar representerar store bruksressursar i Hordaland. Prosjektet Ledige landbruksbygg har i 2014 arbeidd med å gjere prosjektet kjent kring om i kommunane og stimulere kommunane til å sette tema på dagsorden Fylkesmannen i Hordaland saman med styringsgruppa for prosjektet fokusert sterkt på dei juridiske aspekta med restaurering, ombygging og bruksendring etc. Dette har vi gjennom kommunikasjon, motivering og haldningsskapande arbeid. I dette fylket er det i tillegg satt i gang to delprosjekt som tangerer dei same utfordringane. I fire kystkommunar er det iverksett prosjekt med fokus på nye næringer i fiskarbonden sine bygningar. Tilsvarende prosjekt er igangsett kommunalt på Voss med Vossaløer som tema. Begge prosjekta er ferdigstilt. Vossaprojektet med ei utstilling med formidling av resultata visualisert i 3D. Kystprosjektet har resultert i ei retteliingsbrosjyre med gode råd for dei som planlegg å starte opp næring.

Fylkesmannen har støtta opp om forfattar Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth med bokprosjektet Norges Låver som vart lansert på forlaget SKALD. Bokprosjektet har fått mye merksemd og vert nytta som eit viktig tiltak for å formidle om ressursane omkring landbrukets kulturarv som grunnlag for nye næringer. Prosjektet Ny bruk av ledige landbruksbygg slutførast i 2015.

Grønt reiseliv og utmarksnæring

Fylkesmannen i Hordaland har delteke aktivt i partnerskapen sitt reiselivsnettverk.

Perlekjede omkring Folgefonna

Fylkesmannen i Hordaland har vore medarrangør for to møter på Folgefonna, etter initiativ frå lokalt reiseliv. Målet med møta har vore å mobilisera til meir samarbeid mellom verkesemdene og å få til eit tettare samarbeid mellom reiseliv og lokalsamfunn. Det har vore god oppslutning på møta, både frå reiseliv, lokale organisasjonar og kommuneleing. Landskapsarkane og lokale eldsjeler har ut frå dette gjennomført eit forprosjekt, for å kartleggja reiselivsarbeidet i området. Dette arbeidet vert truleg vidareført i 2015, gjennom konkret arbeid med å skapa nettverk og reiselivspakkar på tvers av lokalsamfunn og kommunar.

Småkraft

Landbruksavdelinga har delteke i den tverrfaglege arbeidsgruppa på vassdragsspørsmål på embetet. Det har vore avdelinga sitt mål å syte for at saker kor ei utbygging sikrar fortsatt drift av garden/gardane, skal verte vurdert mildare og meir fleksibelt enn saker kor dette ikkje er tilfelle. Det ser ut til å vere færre slike saker no, og heller andre aktørar som står bak utbyggingsplanane.

Remote –prosjektet og kW+

Fylkesmannen i Hordaland har i 2014 avslutta eit toårig prosjekt, som partner i EU-prosjektet "Remote".

Me har i 2014 arrangert ei samling for partnerane frå dei ulike landa. Vidare har vi produsert handboka kW Plus, der vi har gode døme på næringsutvikling, med utgangspunkt i berekraftig energi. Handboka gjev også ei kort innføring i forretningsmodellering, og oppstart og drift av verksemd.

I september arrangerte vi konferansen «kW pluss» saman med Småkraftforeninga der det blei presentert ein kortfilm som synleggjer korleis ein, ut frå vasskraftproduksjon, kan utvikla nye næringar innanfor mellom anna reiseliv og matproduksjon. Filmen vart også synt på avslutningskonferansen i Finland.

Småkraftforeninga har vore ein nær samarbeidspartnar, og ein organisasjon som ynskjer å vidareføra deler av dette arbeidet.

Handbok og film kan lastast ned her: <http://www.remoteproject.eu/en/home/>

23.2 Skogbruk

Skogbruket i Hordaland har ein stor utfordring i høve struktur og storleik på eigedomane. Fylket har mange små skogeigedomar og med krevjande driftstilhøve. I mange område mangler framleis skogveger for å sikre positivt driftsresultat for skogeigarane.

Hogst av skogen i fylket har tradisjonelt auka kvart einaste år. I 2013 vart det hogd 190 221 m³, medan det i 2014 vart hogd noko mindre - 182 269 m³. Ein forventa auke i volum frå året føre, medan statistikken syner ein liten reduksjon. Hogst av plantefelt med gran utgjer 93 % av volumet. Der vart planta om lag 1950 dekar i 2014, om lag det same som i 2013 (1935 dekar). I lys av rekordhøg hogst i 2013 forventa ein meir planta areal i 2014. Årsaken er truleg at midlane for tilskot til panting ikkje strakk til i 2014. Der vart reelt planta meir enn statistikken syner, men dette vert registrert fyrst i 2015.

I 2014 vart der utført ungskogpleie i plantefelt på 324 dekar. Dette er noko mindre areal enn i 2013 (442 dekar). Årsaken til nedgang er truleg den same som for plantestatistikken, at ein del søknader om ungskogpleie vert registrert fyrst i 2015.

Hordaland fekk i 2014 tildelt 320 000 kr som midlar til kystskogbruket. Om lag 1/3 av ramma gjekk til å finansiere prosjektet Hovudplan skogsveg - eit fellesprosjekt med Sogn og Fjordana og Rogaland. Føremålet med prosjektet er å få oversyn over alle eksisterande skogsvegar og behov for nye skogsvegar dei neste 20 åra. Prosjektet har avdekka eit behov for ca. 600 km ny veg i hogstmoden skog. Skal desse vegane byggast i løpet av dei komande 20 åra betyr det årleg 30 km vegbygging til ein kostnad på om lag 35 millionar. Med tilskotsnivå i Hordaland dei siste åra rekk dei til knappe 5 km kvart år.

Til saman 17 819 meter skogsveg vart ferdig godkjent i 2014. Av desse var 11 567 meter bilvegar nyanlegg, 4 528 meter ombygging bilveg og 1 724 meter traktorvegar nyanlegg. Desse vegane hadde ein samla kostnad på 16 475 081 kroner. Det vart utbetalt 7 971 258 kroner i tilskot til desse vegane, noko som utgjer 48 % av kostnaden.

Sal av juletre i fylket vart noko reudsert i høve året føre. Tal sal av juletre vart 12 918 stk i 2014, medan året føre var 22 013 stk.

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i 2014 vart å halde fram områdeplanlegging av kommunane Fusa, Tysnes og delar av Kvinnherad. Takstprosjektet har ein kostnad på om lag 4,5 millionar og tilskot 2,7 millionar over tre år. Ein er ferdig med kommunane Fusa og Kvinnherad, og ein forventar ferdige planar i Tysnes vinteren 2015.

Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

24.1 Jordvern og kulturlandskap

Jordvern

Det er ikkje mogeleg å oppgje eksakte tal for omdisponering av dyrka mark på dette stadiet. Det vil bli rapportert frå kommunane i KOSTRA. Kommunal og samfunnsplanavdelinga (KSA), som koordinerar arbeidet knytt til planprosessane, har hatt om lag 161 dispensasjonssaker til klagevurdering der tiltaket ligg på landbrukseigedom eller på/i tilknytning til dyrka mark. Det vart klagd på om lag 5 vedtak. Vi meiner at tal dispensasjonssaker knytt til dyrka mark framleis er for høgt.

Fylkesmannen legg vekt på å vere tidleg ute med signal i planarbeidet for å redusere avgangen av dyrka mark. Bodskapen har vore at arealvurderingar skal gjerast i arbeidet med rullering av kommuneplan. Dersom det vert gjeve dyrka mark til andre føremål, skal ein ha høg utnytting av areala.

Kulturlandskap

Gjuvslandslia i Kvinnherad er Utvald kulturlandskap i Hordaland. Det er tett dialog med eigarar/brukarar med godt samarbeid på fylkesnivå. Tilskotspengane gir gode resultat i landskapet, og har i 2014 gitt auka mobilisering blant eigarane. Grunna lokalisering og tilgjenge er det lite aktuelt å få til mykje ferdsel i området. Per i dag er det lite aktuelt med næringsutvikling basert på kulturlandskapet i området, men dette kan endre seg med mogleg utviding av området og med mobiliseringsarbeid. Det kunne ha vore aktuelt å samordne med anna bygdemobilisering i samarbeid med det regionale partnerskapet. Per i dag har kommunen ikkje noko tydeleg definert rolle i arbeidet, og dei er difor mindre aktive i arbeidet. Det er tidkrevande med slikt mobiliseringsarbeid og del oppfølgande arbeid frå Fylkesmannen si side.

24.2 Samfunnsplanlegging

Landbruksinteresser vert vurdert i alle planar og dispensasjonssøknader etter plan- og bygningslova. Kommunal- og samfunnsplanavdelinga har god kontakt med fagmiljøet i Landbruksavdelinga, m.a. gjennom plankontaktnettverket når det er behov for ytterlegare råd og diskusjon kring landbruksrelaterete spørsmål.

Fylkesmannen ser fordelane med kjernearealkartlegging i kommunane. Der kommunane har gjort registreringa, rår vi til at dette vert lagt inn i kommuneplanen som omsynssone landbruk. Når det gjeld arbeidet med kjernearealkart har det i 2014 vore lite fokus på dette ift tidlegare. Dei fleste kommunane har gjennomført denne kartlegginga og karta vert nytta i stor grad ved rullering av kommunaplaner og landbruksplanar. Fylkesmannen ser at det for nokre av dei restrandende kommunane er mindre interesse for å etablere eit slikt datasett, dei vil i hovudsak ha fokus på vedlikehad og ajourføring av dei allerede etablerte kjernearealkarta.

Samfunnssikkerheit

Det vert årleg avholdt dialogmøter mellom Fylkesmannen og Mattilsynet for å sikre gjensidig informasjon om førebygging, hendingar og tiltak på områda plantehelse, dyrevelferd og dyrehelse.

I samsvar med Fylkesmannens arbeid innafor beredskap og samfunnstryggleik deltek landbruksavdelinga i beredskapsøvingar og møter der det er aktuelt i høve til tema. I tillegg til Fylkesmannens beredskapsplan og FylkesROS har Landbruksavdelinga eige planverk for beredskapssituasjonar.

Fylkesmannen har hatt tett samarbeid med Hordaland Fylkeskommune angående tiltak for at landbruket skal vere betre rusta til å tåle eit endra klima. Vi får snarleg levert ein rapport om dette frå Bioforsk. Vi har òg vore delaktiv i klimaservice pilotprosjekt med nedskalering av klimadata og implementering av tilrådingar i kommunale planer for klimatilpassing. Vi har òg tett samarbeid med Hordaland fylkeskommune om aktuelle tiltak for å redusere utslepp av klimagassar frå landbruket. Mellom anna er prosjektet kretsløptolken under arbeid. Det blir leia av Norsk Landbruksrådgiving Hordaland og gjeld særleg klimavennleg handtering og utnytting av husdyrgjødsel

24.3 Klimautfordringene

Fylkesmannen har tett samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, og landbruket er med i fylkets klimaplan med

tilhøyrande årleg handlingsprogram. Eit av tiltak i 2014 gjekk på klimavennleg handtering og utnytting av husdyrgjødsel. Landbruksrådgivinga jobbar med pilotprosjektet NLR kretsløptolken, for å berekne tap av næringsstoff og klimagassar på gardsnivå. I 2014 fekk vi også laga ei rapport som analyserte klimaeffektar av jord- og skogbruket i Hordaland ved Bioforsk. Kommunane er orientert om arbeidet, men det har ikkje vore jobba konkret med kommunale klimaplaner.

Regionalt miljøprogram har tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing med nedleggingsutstyr og tilførsleslange. Dette har utløyst investering i utstyr på nokre føretak, og vel 6 000 daa på ca. 50 foretak blei gjødsla miljøvennleg i 2014. I mange driftsopplegg vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre gjødselspreiing på denne måten. Ei ny ordning i 2014 var tilskot til miljøavtale, gjeldande i vassdrag med elvemusling. Prosessen ved innføringa av tilskotsordninga har vore god, med godt samarbeid både med bondelag, småbrukarlag og miljøvernavingdelinga. Oppsluttinga har vore stor, og arbeidet har blitt lagt merke til nasjonalt.

Tresatsing 2014

FMHO og Innovasjon Noreg driv prosjektet «Tresatsinga i Hordaland 2012-2015». I dette prosjektet stiller Fylkesmannen med stillingsressurs på 60 %. Prosjektet har vore ein aktiv nettverksbygger og pådrivar for eit samarbeid mellom ulike aktørar.

Ein viktig del av arbeidet har vore å få meir tresatsing inn i dei lokale kompetansemiljøa i Bergen. FMHO, Bergen Kommune, BAS, KHiB og HFK ved Arna vidaregåande skule starta samarbeidet i 2013 under namnet «Treklang» og har gitt fleire resultat. Skulene har gjevet trebyggeriet eit auka fokus internt i sin undervisning og dei har samarbeid i ulike prosjekt. Høgskulen i Bergen oppretta eit eige trekonstruksjonskurs for ingeniørstudentane hausten 2014. Bergen arkitektthøgskulen har realisert to spektakulære byggprosjekt i tre, d.e. Tubakuba på Fløyen og innreiinga «ungdomsbiblioteket» i Bergen hovudbibliotek. Arna Vgs har fått godkjent ein EU søknad i lag med fleire skular i Tyskland og Austerrike som går ut på veksla erfaringar i tømmer utdanninga mellom dei landa. Bergen Kunst- og Designhøgskule gjennomførde Bergen International Wood Festival, den største nokonsinne med 66 deltakarar frå 19 land fordelt på 22 lag. Dette er kun eit utval av «treklang»- prosjekt i 2014 og ein kan konstatere at skulane arbeidar fokusert for å spreia kunnskap om tre som framtidens byggjemateriale.

Fylkesmannen har planlagt og gjennomført tre frukostmøter i regi "Framtidenes Byer" i Bergen rådhus med trebyggeri som hovudtema. Tre drivaren har vidare gjennomført to dags-seminerer om trebyggeri, eit for om lag 120 studentar i BAS sine lokalar og eit for om lag 100 profesjonelle i byggebransjen i HiB sine lokalar.

Ein kan konstatere at det er mykje interesse for trebyggeri i Bergen, NCC er nesten ferdige med Ulsmåg skule i massivtre. Arbeider har starta på Voss Vidaregåande i massivtre. Verdas høgaste trehus (BOB blokken ved Damsgårdsundet) er under bygging og er i skrivande stund komme opp i 9 etasjar (14 etasjar i løpet av mai) og blir ferdig hausten 2015.

Tre drivaren har vidare bidrege til fleire spennande søknader til Trebasert Innovasjonsprogram i regi Innovasjon Noreg. Serlig er det vert å nemna treprosjekteringa av Råstølen Sjukeheim der AsplanViak hev laga to skisseprosjekt parallelt, der det eine er ein tradisjonell betong-løysning og den andre er basert på massivtre. Begge alternativ er nå ute på anbod.

Biogass

Låge straumprisar og små gardsbruk gjer det vanskeleg å introdusere biogassproduksjon i landbruket. Likevel ser vi eit potensial for enkelte områder i Hordaland der fleire bruk vil gå saman og investere i eit fellesanlegg. FM jobbar med å få store utbyggarar med på å investere i biogassanlegg i nærområdet av tettstader. Vi trur at større utbyggingsprosjekt vil vere betre enn store irreversible inngrep i landbruksområder. I denne samheng vert det jobba med konkrete eksempel.

24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

SMIL OG RMP 2014

SMIL-ordninga er eit viktig økonomisk verkemiddel for jordbruksføretak i Hordaland. Verkemiddelet er med å utløyse investeringar til restaurering av både bygg, landskap og kulturminne.

Ordninga med tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) er ei viktig ordning for å skape aktivitet knytt til miljøverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Den årlege løyvinga for 2014 var lågare enn det som trongen var for verkemiddel. Vestlandsfylka har fleire kulturlandskapsverdiar pr. areal enn mange andre fylke. I Regionalt miljøprogram for perioden 2013 – 2016 (RMP) er utfordringar og verdiane skildra. På bakgrunn av analysane har ein etablert tilskotsordningar for årleg skjøtsel, kor SMIL støttar opp om tiltak for restaurering. Det er også etablert nye tilskotsordningar knytt til føretak som deltek i organisert beitebruk og tilskot til knytt til vatn og avrenning til vassdrag.

Mange bønder i Hordaland legg vekt på å byggje opp kompetanse knytt til landskapskjøtsel for å ta i bruk fleire av ressursane på garden. Det er også i det nye Regionale bygdeutviklingsprogrammet (RBP) etablert koplingar mellom Regionalt næringsprogrammet (RNP) og RMP, då mange av dei som startar opp med Inn på tunet, reiseliv, lokal mat, aktivitetar gjer nytte av landskapsverdiane som en del av tilbodet til kundane eller er ei viktig råme rundt produktet.

I Hordaland har koplinga mellom RMP og SMIL vore god. SMIL - ordninga er kommunane sitt viktigaste verkemiddel innan for miljøområdet i landbruket og skaper aktivitet langt over dei reelle kostnadene som vert langt ned i prosjekta. Vår erfaring er at samfunnsnyttan for å bruke verkemidlet er svært høg.

I fylket har vi fleire regionale prosjekt knytt til tema innanfor SMIL ordninga. Fleire av kommunane har meldt inn at det er planlagde fellesprosjekt pågåande ift bygdeutviklingsprosjekt i Hordaland knytt til dei regionale satsingane som til dømes ”Ny bruk av gamle landbruksbygg”, ”Landskap i drift” og LivogLyst. Prosjekt Landskapsparkar har dei siste seks åra arbeidd fram gode skjøtelsprosjekt som også gjev ringverknadar knytt til næringsutvikling, biologisk mangfald, bygningar med meir.

RMP 2014

RMP er den viktigaste ordninga for å nå regionale miljømål innan miljø og klimaområdet i Hordaland. Ordningane fordelar seg på tema som kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne, avrenning og klima. Gjennom ei målretting i programperioden 2013 - 2016 har vi etbalert to nye ordningar knytt til avrenning til vassdrag. Dette gjeld tiltak knytt til vassdrag med elvemusling. FMLA har saman med Miljøvernavingdelinga arbeid med å få på plass miljøavtaler knytt til føretak som grenser til vassdrag. Ordninga med nedfelling vart vidareført i 2014 og fleire gardbrukarar investerte i utstyr for gjennomføring av tiltak.

FMLA har i 2014 lagt vekt på å sikre målstyring og kontroll av verkemidla. Ordninga tilskot til føretak som deltek i organisert beitelag, vart kontrollert for søknadsomgangen 2013 med utbetaling 2014.

Bokprosjektet Norges Låver har vore eit viktig prosjekt for Fylkesmannen i Hordaland i 2014.

Prosjektet har fått eineståande god merksemd og planane for 2015 er å nytte effekten av merksemda til å arrangere ei rekke møte kringom i fylket. I tillegg vil vi utvide bokprosjektet ved å gjere eit dypdykk i byggeskikken i Nordhordland. Prosjekt ”Ny bruk av gamle landbruksbygg” vert vidareført i 2015. Ordning med rådgjeving er eit viktig tiltak i prosjektet for dei som ønskjer å ta i bruk eksisterande landbruksbygg for å nytte dei for bruk for anna næring (vern gjennom bruk). Dette er eit samarbeid med fylkeskonservatoren hjå Hordaland fylkeskommune og deira arkitektar og handtverkarar. Etterspurnaden etter rådgjeving har vore god og har gjeve større behov for tilskot til restaurering. Kostandene på denne type restaurering er høge. Kommunen har dei siste 10 åra hatt ein offensiv politikk knytt til landskap og bygningsarven og har som resultat fleire gode innmelde prosjekt.

Landskapsparkar

Prosjekt Landskapsparkar (www.landskapspark.no) starta opp i 2006 har stimulert til etablering av 8 parkar kringom i dei ulike landskapsregionane i fylket. Ei Landskapspark har lagt opp til ei klår strategi for korleis ei bygd eller identitetsområde ønskjer å arbeide for næringsutvikling kring landskapsverdiane. I det rullerte Regionale miljøprogrammet for perioden 2013 – 2016 er det etablert ei eiga tilskotsordning til beitedyr iLandskapsparkane.

Eit krav til ordninga er at det skal utarbeidast felles skjøtelsplan for landskapet i parken. Særskilt trong for midlar til Voss, Ullensvang og Nordhordland I Hordaland er det til saman 33 kommunar. Voss, Ullensvang og kommunane i Nordhordland har ei særskilt ansvar for å forvalte kulturminne og freda og verneverdige bygg i landbruket. Bygga er viktig for opplevd kvalitet av landskapet. Utfordringane er særskilt store til å finansiere desse prosjekta, da dei krev stor del av eigenfinansiering. SMIL er eit av dei verkemidla som er med å løyse ut stor del av eigeninnsats og kapital.

Implementering av Vassdirektivet

Vassregionane sitt arbeide med karrakterisering av vassdraga i Hordaland har vore eit prioritert arbeid i 2014. FMLA har delteke på møte og informert om utfordringar knytt til handtering av husdyrgjødsel, arrondering og gjødselplanlegging. Resultata frå karrakteriseringa kringom i regionane vert grunnlag for tiltaksplanlegging.

I 2015 blir arbeidet med å hindre forureining frå landbruket auka. Nokre av tiltaka blir kopla til frivillige miljøavtalar i Regionalt Miljøprogram. I forkant av dette blir det informasjonsmøte og gardsbesøk.

Tilrettelegging av beiteområde for grågås

I samband med verneområde for fugl i kommunane Øygarden, Fedje, Kvam og Fusa er det behov for å leggje til rette beiteområde for grågås, nær hekkelokalitetane. For å sikre gode beite for gås over tid er det nødvendig med tilskot til drivar av arealet, som betaling for nødvendig skjøtsel med tilpassa slått og/eller beiting. Utan slik drift vil arealet har lite verdi som gåsebeite. Aktuelle areal vil vere både dyrka jord og beite, og blir avklart etter kartlegging og vurdering frå kommunen. For helsetilstanden til gjæsene er det viktig at dei har leveområde der dei ikkje blir stressa / skremt. I tillegg til å vere ein viktig art på Vestlandet, gir grågåsa ekstra opplevingar i kulturlandskapet. Ein kan vurdere om det er tilsvarende behov for tilrettelagte beiteområde også i kjerneområde for grågås som ikkje har tilknytning til verneområde.

SMIL-tilskot til tilrettelegging av beiteområde vil ha to positive tilleggseffektar. Det vil truleg på sikt bli mindre konflikt med at grågås beiter anna jordbruksareal, og det vil bli enklare å få laga kommunal forvaltningsplan for grågås. Med tilrettelegging av faste beiteareal vil gjæsene etter kvart føretrekke dei tilrettelagte beiteareala framfor beite på anna jordbruksareal, der dei i større grad blir skremt og jaga. Tilrettelagte beiteområde kan vere del av eit friområde, som ofte ein føresetnad for å få kommunal forvaltningsplan med bestandsmål godkjent.

Tilskotsordninga er tenkt å bli øyremerka til kommunar som melder behov, og er utvikla i samarbeid med miljøforvaltninga ved fylkesmannen. Miljøforvaltninga går inn med midlar til kartlegging av aktuelle areal og rettleiing for kommunane.

Drenering

Hordaland fekk 1,9 mill kr til tilskot til drenering av jordbruksjord i 2014. Mesteparten blei fordelt til kommunane i januar. Noko av midlane blei halde tilbake til hausten, til bruk i kommunar med størst behov. Det er løyvd tilskot til ca 130 saker, på til saman ca 1,4 mill kr i Hordaland i 2014.

Det har vore stort engasjement rundt tilskot til drenering med etterspurnad etter informasjon om både ordningane, og særleg fagleg informasjon om gjennomføring. Såleis har ordninga skapt mykje fagleg aktivitet og merksemd rundt drenering. Kostnadane med drenering er høge under våre tilhøve, gjerne 90-100 kr/meter. Årsaka er mellom anna bruk av gravemaskin, mange korte strekk og behov for stabile røyr på myrjord. Dreneringstilskotet utgjør ein liten del av kostnadane, og det er grunn til å tru at tilskotet difor berre i liten grad utløyser ekstra aktivitet. Fleire av dei grøfter bryr seg ikkje med å søkje sidan tilskotet er for lite. Behovet for drenering er framleis særst stort, så potensiale for investeringar og bruk av tilskot skulle likevel vere særst stort.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2014 etter søknadsomgang 2013 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMHO	15633440	1751090	1599463	0	0	1735430	0	0
Sum	15633440	1751090	1599463	0	0	1735430		

24.5 Økologisk landbruk

Utfordringane for Hordaland i forhold til utvikling av økologisk produksjon er synleggjort i Regionalt næringsprogram (RNP). Det vert jobba tett opp mot både næringa, storkjøkken og marknaden elles. Nytt i 2014 er at utviklingsarbeidet knytt til økologisk i stor grad vert kjørt parallelt med utviklingsarbeidet ift konvensjonell produksjon på områda som sau, mjølk og frukt.

Arbeidet knytt til føregangsfylke frukt- og bær som FM i Hordaland har hovudansvaret for, fekk i 2014 ei tydeleg utviding til også å gjelde heile landet . Det er satt av 1,5 årsverk til dette arbeidet, og det er gode tilbakemeldingar på arbeidet.

(Sjå eigen rapport frå Føregangsfylke frukt og bær)

Det blei løyvd totalt kr 449.288,- av utvikling- og tilretteleggingsmidlane til tiltak innan økologisk, same beløp som året før.

Praktisk plantevern, NLR	kr 21.500,-	
Presentasjon av økologiske produkt frå Vestlandet Frukostseminar	kr 37.900,-	(foredrag Grieghallen Bergen,
Medfinansiering fagtur BioFach 2013	kr 8.509,-	
Informasjonstiltak Reint Digg ifm matfestival, barnas matfestival og andre arrangement/ skuler	kr 45.442,-	
RenMat (publikasjon og sosiale medier)	kr 15.000,-	
Økopris	kr 3.000,-	
Analyse og Prognoseverktøy for å auke produksjon og omsetting av økologisk og konvensjonell frukt	kr 100.000,-	
Vidareføring av infokampanje Reint Digg	kr 210.000,-	
Profilering av økologisk mat på barnas matfestival	kr 7.937,-	

Ressursrapportering

Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.

Oppgaver under LMD	kr 12 783 137,79	kr 0,00
Sum:	kr 12 783 137,00	kr 0,00

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnsopplæringen

31.1 Tilsyn

Måloppnåing/resultatkrav

Fylkesmannen i Hordaland sitt aktivitetskrav for 2014 var sett til 44 poeng på skuleområdet og 18 poeng på barnehageområdet. Vi planla for eit tilsynsomfang som var tilsvarende kravet og har gjennomført i tråd med den. Det betyr at målet er nådd. Vi viser elles til særreportering på tilsynsområde for konkret informasjon om tilsynsarbeidet og resultat av tilsyna. Tilsynsrapportane er publisert på våre nettsider, vi har og laga nettoppslag knytt til tilsynsystema og funn der det har styrka vårt arbeid med informasjon og rettleiing. Private skular som er aktuelle for tilsyn er meldt til Udir med grunngjeving.

Rettleiingsarbeid og Udir sitt materiell i forbindelse med FNT har vore tema i fleire møte og samanhengar med

kommunane. Vi har hatt opplegg både for dei kommunane det har vore tilsyn i, og opplegg for dei øvrige kommunane i fylket.

Metodehandboka er behandla på ein grundig måte internt i avdelinga.

Kompetanse/ressursar

I 2014 er det totalt 12 medarbeidarar som har tatt del i tilsynsarbeidet. I utgangspunktet har vi to medarbeidarar på kvart tilsyn, men for å sikre god opplæring til nye kolleger har vi prioritert å bruke sjølve gjennomføringa av tilsyn sånn at dei med lite/ingen erfaring får vere med som observatørar under gjennomføringa, og sjølvstøtt deltakande når dokumentasjonen blir vurdert og rapportane blir utforma. Dette føl same praksisen som vi hadde i 2013, men vi har styrka kontoret med nye medarbeidarar i 2014, så denne arbeidsforma har difor breidd om seg. Her må vi legge til at nytt FNT, etter vår vurdering, og har gjort det naudsynt å bruke ei endå større breidd i kompetansen i tilsynsarbeidet.

Alle nye medarbeidarar har følgt dei tilsynskursa som har vore arrangert av Udir.

Utvalskriterier/risikovurdering

Når det gjeld utval av kommunar og tilsynsobjekt er praksis hos oss at vi nyttar informasjon frå Skoleporten og frå GSI. Vi legg og informasjon vi får gjennom henvendingar frå publikum og funn vi har gjennom klagesaksbehandling, til grunn. Vidare har vi mange møtepunkt med kommunane. I desse møta kjem det og fram informasjon som vi tar med i vurderingane våre.

Vi har eit tilsynsforum på huset der kommunane blir drøfta og vurdert ut frå fleire regelverksområde enn barnehage og utdanning. I desse møta søker vi å koordinere tilsynsaktiviteten på ein måte som frå vår si side framstår som samordna og ikkje minst at embetet framstår med interesse for heile kommunen sin situasjon. Denne interne drøftinga kan påvirke kva kommunar, når det ikkje er tungtveiate grunnar for å gjennomføre tilsyn ut frå risikohensyn, som får tilsyn.

Retting av lovbrøt

Vår vurdering er framleis at kommunane anerkjenner dei lovbrota som tilsynet konstaterer og at desse blir retta opp. Når det gjeld frist for å rette lovbrøt har vi merka oss i 2014 at kommunane ikkje har bedt om utsett frist for retting av desse.

Eigenvurdering

For 2014 vil vi konkludere med at vi har følgt opp aktivitetskravet på tilsynsområdet på ein god måte.

Når det gjeld vår vurdering av korleis tilsynsarbeidet bidreg til betre regelverksforståing og –etterlevelse, så er vi opptatt av å sjå til dei same indikasjonane frå år til år. Dette gjør oss betre i stand til å vurdere utvikling og ikkje minst korleis vi faktisk kan sjå endring og resultat.

Dei innsatsane vi har gjort for best mogleg resultat er framleis:

- Rettleiing om regelverk i forkant av tilsyn
- Tilbod om sluttmøte ved skriftlege tilsyn
- Drøftingar av tilsyn som virkemiddel i regionale møter
- Løpande informasjon om tilsynsarbeid på fase møter med regionane (5-6 gongar kvart år)
- Regelverksamlingar
- Samlingar der vi koplar tilsyn og andre faglege satsingar
- Nettsaker
- Media (i 2014 har Bergens Tidende følgt opp tilsyna våre med Gratisretten i fleire artiklar)

Vår strategi er å nytte varierte og mange arenaar i tilsynsarbeidet, med andre ord at sjølve gjennomføringa av tilsyn ikkje er avslutta som tema etter at rapportane ligg føre. Vi trur dette er ein strategi som bidrar til at kommunane nyttar resultatane ut over det konkrete tilsynet.

Så til eit kjernesporsmål – trur vi at tilsyn fører til at kommunane praktiserer med betre regelforståing som følgje av tilsyn? Til dette har vi ikkje grunnlag for å svare eit ubetinga ja. Lovbrøt etter tilsyn står seg ganske konstant, også på dei områda der vi har ført tilsyn over lang tid. Vi meiner likevel at tilsyn, når det er sett i ein samanheng med meir pedagogisk grunngeving for aktuelle lover og bestemmingar, så har tilsyn potensiale i seg til å gi lovar og reglar relevans for skulen sitt oppdrag og mandat. For å vere konkret var det vår erfaring at tilsynet med

«Gratisprinsippet» førte til sers interessant drøftingar i kommunane våre og i møte mellom Fylkesmannen og kommunane, om kva verdier og kva pedagogiske omsyn retten til gratis opplæring er meint å ivareta. Vi har og fått tilbakemeldingar frå kommunenivå at desse drøftingane har bidratt til betre tilslutning frå skulane nettopp om denne regelen. Apropos kopligrar så har gjennomføringa av tilsyn med gratisretten vore prioritert og som følge av embetet si satsing mot barnefattigdom.

Vår førebelse vurdering når det gjeld nytt FNT, er at val av tema blir tatt godt imot i skulane. Når tema er relevant og sentralt i skulane sitt daglege arbeid, trur vi og det tilbyr eit potensiale for nettopp å sjå regelverk som ei støtte for godt pedagogiske arbeid.

På barnehageområdet blir tilsynsarbeidet i mindre grad problematisert frå kommunane si side. Vi registrere likevel at den rettleiinga vi gir gjennom rapportar og oppfølging av desse blir tatt svært godt imot i kommunane, og blir vurdert som nyttig og viktig kompetanseheving.

Alt i alt får vi gode tilbakemeldingar frå kommunane på måten vi informerer om våre tilsynsplanar på, på måten vi tar tilsyn opp på samlingar og møtepunkt, på rapportane vi skriv og ikkje minst på måten vi gjennomfører tilsyna på.

31.2 Klagesaksbehandling

Måloppnåing/resultatkrav

Vi konkluderer med at måloppnåing/resultatkrav når det gjeld klagesaksbehandling er god. Den gjennomsnittlege sakshandsamingstida har gått litt ned frå 2013 og ligg no under 3 veker på klager etter opplæringslova. Når det gjeld klager etter barnehagelova, i realiteten berre klager om økonomisk likeverdig behandling, er saksbehandlingstida noko lenger. For desse klagene er det og viktig å informere om at saksbehandlingstida varierer mykje frå sak til sak. Dette vert omtalt nærmare under eigenvurderinga.

Kompetanse/ressursar

Det er vår vurdering at embetet har høg kompetanse og at kvaliteten på klagebehandlinga er god. Den kompetansen vi ikkje har på avdelinga, får vi frå andre avdelingar/einingar i embetet. Dette gjeld særleg økonomiskkompetanse som er avgjerande i klagebehandling på barnehageområdet; økonomisk likeverdig behandling.

Ressurssituasjonen i 2014 har vore god. Dette gjeld alle kompetanseområde.

Oppfølging av vedtak

Når det gjeld kommunane si oppfølging av våre vedtak har vi ikkje døme på at så ikkje er gjort. Under dette punktet er det fristande å legge til at embetet ser nærmare på korleis vi kan følge opp resultat etter klagebehandlinga, både i enkeltsaker, men og trendar og utviklingstrekk, i vår kontakt med kommunane. Her er vi i ein prosess der vi i større grad vil utnytte nettsidene vår og på den måten få merksemd om typiske klagesaker og då i håp om at kommunane kan nytte denne informasjonen i eigne og seinare klagebehandling.

Eigenvurdering

I 2014 starta vi året utan nevneverdige restansar på klagebehandling. Dette har holdt seg gjennom året og som nevnt over et saksbehandlingstida, samla sett, gått litt ned. Dette ser vi oss godt fornøyd med.

I tillegg til noko auka bemanning har vi jobba mykje med eigne strukturar og oppfølging av klagebehandlinga. Vi gjennomgår status med omsyn til klagebeholdninga kvar andre veke. Dette betyr at vi tar ansvar i fellesskap og kan omprioritere oppgåver der det er nødvendig.

Vi har og vidarefør ordninga med eigne møter for behandlinga av klager om økonomisk likeverdig behandling. Dette har sikra at alle kompetansegrupper er løpande med i vurderingane og drøftingane av problemstillingar, samt at vi har kunne koordinert oss godt når vi må innhente ytterlegare opplysningar frå kommunane. Det skjer ofte i desse sakene og er ein vesentleg årsak til at saksbehandlinga i enkelte saker blir lenger enn på skuleområdet.

Standpunktklagene utgjør ein stor del av den samla klagebeholdninga. Her har vi «låst» ei veke kvar sommar, samt skjerma 4 – 5 saksbehandlarar til å løyse desse sakene. Dette har vi klart og har i stor grad starta oppp etter sommarferien utan restansar på dette feltet.

Klagesaker etter 9a-3 har høg prioritet. Vi har hatt stor nytte av den gjennomgangen Udir gjorde av desse klagenes, og vi har prioritert å sette av forholdsvis mykje tid i kollegiet til å drøfte desse sakene. Vi har og oppretta ei eigen sørves-gruppe som gir god energi og som utfordrar oss i løysinga av desse sakene. Talet på klager etter 9-3 er litt lågare i 2014 enn året før, men det er ikkje grunnlag for å konkludere med eit mønster.

I 2014 har vi hatt fleier saker om retten til å gå på nærskulen. Vi er i dialog med kommunane og oppmodar dei om så tidleg behandling av disse sakene lokalt, at vi kan klare å behandle dei før skulestart. Vi har holdt av ressurs til dette, og med godt resultat i 2014 i den forstand at sakene er ferdig behandla før medio august.

Vi har prioritert å gi kurs til fleire kommunar/regionar i alminnelig klagebehandling og forvaltningsrett. Desse kursa blir gitt på førespurnad frå kommunane. Tilbakemeldingane så langt har vore sers gode, og vi planlegger for at dette kan vere eit kontinuerleg tilbod frå embetet. Vi vurderer det slik, og kommunalsjefane vurderer tilsvarande, at den tid vi brukar på dette «får vi igjen» i betre førebudde saker når klagenes havnar på vårt bord. Men like viktig at kommunane behandlar sakene med betre kvalitet som førsteinstans.

Kva vurderer vi så som våre utfordringar når det gjeld klagebehandling? Vi er i grunnen ikkje uroa over kvaliteten i den saksbehandligna vi sjølve har kontroll over. Som nevnt over tilbyr vi kursing i klagebehandling/forvaltningsrett. Kvaliteten i kommunane si handsaming må vi karakterisere som ujamn. Dels handlar nok dette om at mange kommunar relativt sjeldan behandlar klager, dels handlar det om kompetanse og kapasitet. Vi trur og at kommunane i for liten grad opplyser foreldre om adgangen til å klage. Når dette er del av vårt bilete av klageordninga og korleis den fungerer, så må vi prioritere kursing og informasjon til kommunane og publikum elles om korleis klageinstituttet er meint å fungere.

i tillegg til dei klagenes vi får registrert i årsrapporten sitt skjema/meny har vi behandla 22 klager etter opplæringslova, forvaltningslova og offentlighetsloven. Dei fordeler seg på ulike bestemningar, men fleira av dei gjeld språkdeling, praksis når det gjeld skkulegudstjenester klager som gjeld innsyn.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	135	3	35	97	0	
Lokalt gitt muntlig eksamen	2	0	2	0	0	
Særskilt språkopplæring, § 2-8	1	0	0	1	0	
Bortvisning, § 2-10	1	0	0	1	0	
Permisjon fra opplæring, § 2-11	13	5	8	0	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	3	0	1	2	0	
Spesialundervisning, § 5-1	13	3	2	8	0	
Skyss, § 7-1	31	6	24	1	0	
Skoleplassering, § 8-1	36	9	19	8	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	11	0	4	7	0	Saker der det ikkje er gitt medhald forklarast ved at klagenes er tatt til behandling under andre bestemningar i lovverket, til dømes § 7-1
Sum	246	26	95	125		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	3	2	1	0	0	
Tap av rett til						

videregående opplæring, §§ 3-8 og 4-6	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	2	1	0	1	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	2577	592	1985	0	0
Sum	2583	595	1987	1	

Klage i private grunnskoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	6	0	6	0	0	
Sum	6	0	6	0		

Klage i private videregående skoler (privatskoleloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Inntak, § 3-1	1	0	1	0	0	
Bortvisning, § 3-10	1	0	0	1	0	
Sum	2	0	1	1		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	2	1	1	0	0	
Sum	2	1	1	0		

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	7	5	0	12
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

Måloppnåing/resultatkrav

I Hordaland er det rapportert i samsvar med krav og frist for datainnleveringa i BASIL og GSI. Embetet har kvalitetssikra data innanfor frist.

Når det gjeld GSI har vi vore aktivt deltakande i evalueringsarbeidet. Konklusjonen vår er at oppdraget, også på Skoleporten, er innfridd. Det er framleis variasjon mellom skuleeigarane i fylket når det gjeld bruk av Skoleporten som ledd i kvalitetsvurdering og rapportering. Det same gjeld for barnehagemyndene og deira bruk av BASIL. Vi meiner alle hentar ut data, men det er utfordringar knytt til analysekompetansen og dermed til kva tiltak som blir sett i verk.

FMHO har dei siste åra sett fokus på skuleeigarrolla i samband med Skoleporten, inkludert kunnskapsgrunnlaget for den lokale kvalitetsvurderinga. Vi har i dette arbeidet ei årleg samling med erfaringsdeling og drøfting av skuleeigar sitt oppfølgingssystem og «dei gode grepa» i dei ulike kommunane. I innleiingane til drøftingane tar Fylkesmannen utgangspunkt i kvalitetsutviklingssystemet og data frå mellom anna Skoleporten blir aktivt brukt

som refleksjonsgrunnlag. I 2014 var lokalt arbeid med læreplanar, vurdering for læring og læringsmiljø hovudtema på samlinga.

Embetet prioriterer å rette merksemd mot kommunane si rolle som barnehagemynde etter same modell som for skuleeigarrolla. Her vil data og tal frå BASIL fungere som eit nyttig verkty i kommunane sine analysar, og i våre felles drøftingar om tilstanden.

I førebuingarbeidet til kommunedialogsmøta dette året har vi hatt ei gjennomgang av kommunane sine resultat med utgangspunkt mellom anna i Skoleporten og i BASIL. Også desse møta gir høve til å ta opp relevante nøkkeltal med kommunane.

FMHO har vore tilgjengeleg for hjelp og rettleiing i praktisk bruk av Skoleporten og GSI for skuleeigarane i fylket. Særleg der det har vore nyttilsettingar på skuleeigarnivå, har FMHO arbeidd aktivt med å tilby brukarstøtte. Vi har tidlegare vist til at det er ei utfordring å rettleie i bruk av skuleeigaranalysen, ettersom denne ikkje er tilgjengeleg for Fylkesmannen. Det har vore liten etterspurnad etter denne i 2014. I samband med innrapporteringa i BASIL blei kommunane invitert til embetet for å få konkret og direkte rettleiing. Dette tilbudet blei tatt godt imot i fleire av kommunane og er ein nyttig måte og særleg gi hjelp til dei kommunane som har nyttilsette sakshandsamarar på området.

Kompetanse/ressursar

Kontoret har høg kompetanse på GSI-området, både den tekniske delen og innhaldsdelen. Det same gjeld for BASIL. Samla er det no fire medarbeidarar har ansvar for oppgåvene på området, to på BASIL og to på GSI. Vi meiner vi har prioritert tilstrekkeleg ressurs for til å innfri resultatkrava.

FHMO har også god kompetanse i bruk av Skoleporten. Informasjon frå Skoleporten vert systematisk nytta i samband med tilsynsarbeid og som del av og grunnlag for anna kvalitetsarbeid og i dialog med kommunane. Skoleporten er såleis eit viktig verktøy i FMHO si rolle som sektorovervåkar.

Eigenvurdering

FMHO representerer Sør-Vest-regionen i Utdanningsdirektoratet si faggruppe for GSI. Fokus i arbeidet er å gje framlegg til skjema, tekstar til rettleiing, framlegg til rapportar, kontrollar mm. Vår oppfatning er at tilbakemeldingane frå direktoratet når det gjeld arbeidsgruppa sitt arbeid, er gode. FMHO deltek og i planlegginga av den nasjonale samlinga direktoratet arrangerer. Desse tilbakemeldingane støttar opp om vår eigenvurdering, nemlig at vi følgjer opp GSI-arbeidet på ein god måte. Vi må legge til at vi fortsatt meiner det er potensiale til å bruke både BASIL- og GSI-data på ein enda betre måte. Ikkje minst som konkret grunnlag for dialog med kommunane. Dette blir prioritert i 2015, til liks med 2014. Konkret nyttar vi eit utval av GSI-data som eitt av grunnlaga vi har for kommunedialogane som vi gjennomfører no i vårhalvåret. Framleis er målet i praksis å vise kommunane korleis både BASIL og GSI-data kan nyttast i utviklingsarbeid og som grunnlag for analyse.

FMHO arrangerer årleg ei eiga samling for Sør-Vest-fylka i desember. Vi lagar ei felles evaluering av dei erfaringane som er gjort i dei fem fylka i samband med siste års innsamling og gjer innspel til det vidare arbeidet med GSI ut frå desse.

Vi har i år, som i fjor, ikkje hatt eiga samling for kommunane og private skular i forkant av innsamlinga. Erfaringa frå i fjor, viste at det ikkje er naudsynt med ei eiga samling om dette. Som eit alternativ har vi hatt individuelle avtalar med nyttilsette i kommunane der vi hadde tett kontakt over telefon med informasjon, rettleiing og naudsynte avklaringar. Dette har fungert godt, og tilbakemeldingane frå dei aktuelle kommunane var at dei oppfatta dette som svært relevant og nyttig hjelp. Vår vurdering er at når det gjeld rettleiing av kommunane, så kan andre modellar enn dei tradisjonelle samlingane vere hensiktsmessig som eit alternativ.

Som vi skriv over har vi arrangert eigne samlingar for å rettleie kommunane i bruken av BASIL. I mange kommunar er det ein og same person som har ansvaret for barnehage og skuleområdet og som dirfor skal rapportere og nyttegjere seg av GSI og BASIL – data. I den grad vi klarer å føre same resonnement og praksis med omsyn til rettleiing, samt at vi tar i bruk data i vår samhandling med kommunane, så er det eit gode for kommunane. Særleg har bruken og analysen av resultat overføringsverdi mellom barnehage og skule.

Arbeidet vårt med kvalitetssikring av tala i GSI er blitt forenkla etter vi fekk høve til å ta ut ein rapport med kommune, skule, utslag frå kontrollar og kvittering kunne hentast ut frå systemet i excelformat. Arbeidet er likevel omfattande i eit så stor skulefylke som Hordaland og vi vil difor framleis prioritere at to personar delar på ansvaret for arbeidet.

Vår oppsummering er at vi har vald ein god strategi med arbeidet med Skoleporten for å oppfylle resultatkrava. Vi har lagt vekt på å synleggjere samanhengen mellom datagrunnlag, analysearbeid og kvalitetsutvikling i seg sjølv. Vi har og lagt vekt på at dei samlingane Fylkesmannen arrangerer for skuleeigarane byggjer opp om kvarandre og føl kvarandre tematisk. Strategien vert vidareført i 2015.

31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting

Måloppnåing/resultatkrav

Vi vurderer måloppnåinga vår som god.

Kompetanse og ressursar/tilsette i avdelinga

Informasjon og rettleiingsarbeid er ei løpande oppgåve for alle tilsette i avdelinga og vi jobbar under den forståinga at vi er formidlarar nær sagt i alle våre roller anten det er korleis vi uttrykker oss i klagesaker, korleis vi formidlar oss på e-post og i telefon eller i møter, samlingar og konferansar. Vi har dirfor hatt dette på vår kompetanseplan i 2014, og skal prioritere det ytterlegare i 2015. Vi er og bevisste korleis ulike kontaktpunkt gir oss kunnskap om sektoren, samt gir oss høve til å undersøke einskildemne meir konkret.

Vår strategi for informasjon og rettleiing

Vårt utgangspunkt har vært at vi må ha etablert eit system for møtepunkt og informasjonsarbeid, som og er godt kjent for kommunane, og der informasjon og rettleiing skjer på arenaar som er best mogleg tilpassa emnet. Vi har difor vidareført og vidareutvikla det opplegget vi har for informasjon, rettleiing og kunnskapsinnhenting. Systemet vårt er klassisk og følgjande inngår:

- nettsider
- konferansar
- samlingar for kommuneleiinga (regelverk og nasjonale satsingar)
- dialogsamling med fokus på skuleeigarrolla
- dialogsamling med fokus på rolla som barnehagemynde
- arbeidsutval (her deltar representantar for kvar kommuneregion)
- kommunedialog
- faglege kontaktgrupper (t.d. vaksenopplæring)
- foredrag på førespurnad frå einskildkommunar/regionar
- samlingar på konkret oppdrag frå Udir (t.d samling om lokalt læreplanarbeid)

Grovt sett har vi gjennomført omlag 40 møte og samlingar med kommunane i løpet av 2014. Dei emna vi har tatt opp, både i form av informasjon, foredrag, i drøftingar og dialog dekker både regelverk og satsingar på skule og barnehageområdet.

Eigenvurdering

Vår oppsummering er at vi har sers gode vilkår kva gjeld møtepunkt med kommunane for å informere og drøfte sentrale satsingar og regelverksområde. Fordi vi har ein plan for samlingar som ligg føre allereie frå januar kan vi og forfølge same tema i fleire rundar og med ulike vinklingar.

Når det gjeld nettsidene våre har vi utarbeidd eit årshjul som bidreg til at vi kan understøtte bodskapar i for- og etterkant av møter og samlingar, samt at vi kan synleggjere sentrale regelverksområde på eigna tidspunkt. Til dømes er det naturleg å legge ut nettsaker om regelverket knytt til skulegudstenester i forkant av jul og påske.

I 2014 har vi gjort eit forholdsvis grundig analysearbeid av kor mykje tid vi brukar på å utarbeide foredrag samt å gjennomføre desse. Det er tankevekkande at den absolutt mest omfattande konatkten vi har med kommunane skjer på e-post, og samstundes er det nettopp arbeid med foredrag og faglege innlegg som får høg prioritet. Vi har vidare reflektert over at mange av dei svara og avklaringane vi gir på e-post lett blir verande nettopp der, og at vi bør ha eit betydelig potensiale for å samle opp, systematiser og ikkje minst publisere mykje meir av dette på nettsidene våre. Vi har og eit potensiale i å sjå på spørsmåla vi mottar på e-post som ein endå viktigare del av vårt kunnskapsgrunnlag om sektoren enn det vi gjør i dag.

Eit område som har vore drøfta i sørvest-samarbeidet er kva føresetnadar vi har for å følgje opp den vidaregåande opplæringa med god informasjon og rettleiing. Dette er eit område vi er uroa for. Vi har erfart over tid og i

mange samanhengar at Fylkesmannen manglar informasjon om nasjonalt initierte satsingar og tiltak i den vidaregåande opplæringa. Når Fylkesmannen blir "fjern" frå fylkeskommunen kan det føre til at Fylkeskommunane ikkje ser den kompetansen vi har og såleis nyttar oss i mindre grad, eller på ferre område enn det som kunne vore ønskjeleg. Med tanke på fråfallstematikken og i den samanheng behovet for å sjå heile utdanningsløpet under ett, samt å bidra til samarbeid mellom kommunenivået og fylkeskommunen, meiner vi at våre overordna må bidra til at Fylkesmannen er informert, eller involvert, i alle satsingar som gjeld vidaregåande opplæring.

Når dette er sagt må det leggjast til at vi har eit svært godt samarbeid med fylkeskommunen, og at fylkeskommunen gjer sitt beste for å holde oss orientert.

I 2014 har vi lagt vekt på at resultat etter klagebehandling skal finne vegen til nettsidene våre i bearbeidde former som vi trur gir god rettleiing til kommunane. Dette arbeidet vil vi ta vidare med oss inn i 2015 – her har vi framleis en del å gå på.

Oppsummert meiner vi sjølv at vi har følgd opp informasjon og rettleiingsarbeidet vårt på ein god måte i 2014. Det gjeld både på dei emna som har vore etterspurde i fylket og på dei satsingane som er initiert av Udir. Oppslutninga frå kommunane på samlingar, i våre faste samarbeidsmøter og treff på nettsidene våre, fører oss til den konklusjonen. Vi meiner og samarbeidet med Udir der det har vore aktuelt, har vore godt og, trur vi, vore opplevd konstruktivt frå begge partar.

31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Måloppnåing/resultatkrav

Vi konkluderer med at måloppnåinga er god og at resultatkravet er nådd.

Kompetanse/ressursar

Tre personar på Utdanningsavdelinga har delt ansvaret for eksamensgjennomføringa. Etter vår vurdering har avdelinga høg kompetanse og lang erfaring i høve til dei oppgåvene vi skal løyse på dette området. Totalt bruker vi om lag 1,5 årsverk. Saksbehandlarar på eksamen er også nytta til klagebehandling og tilsyn, og dette gjev føringar for tidsbruk.

Vår hovudstrategi er å følgje opp skuleeigarane. I vidaregåande opplæring har vi møte med fylkeskommunen og alle skulane to gonger i året om gjennomføring av eksamen. Dette gir oss høve til å følgje opp og ansvarleggjere skuleeigar, og har ført til at få skular vender seg direkte til oss for hjelp. Omfanget av etterpåmeldingar er dermed redusert.

I grunnskulen ser vi stor skilnad på i kva grad kommunar og enkeltskular vender seg til Fylkesmannen for informasjon og rettleiing om eksamen. T.d. har Bergen kommune god kompetanse om eksamen på kommunenivå, og følgjer tett opp sine skular på eksamensfeltet og PAS/PGS området, medan det i andre kommunar er meir vanleg at skular vender seg direkte til oss grunna manglande kompetanse på kommunenivået.

PAS og PGS

PAS/PGS gjer arbeidet med eksamen effektivt, men vi saknar framleis ein del rapportfunksjonar i PAS som ville vore til lette i Fylkesmannen sitt arbeid med oppnemning, skulering og oppfølging av sensorar.

PAS-hjelpa til direktoratet har fungert mykje betre i 2014 og er no eit godt hjelpemiddel.

Fellessensuren i grunnskulen og vidaregåande opplæring fungerte godt, og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer.

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver vart gjennomført etter sentrale retningslinjer. Frå 2010 til 2014 har det vore ein liten, men jamn auke i talet på elevar som er fritekne for nasjonale prøver. Dette er ei utvikling som Hordaland deler med resten av landet. Talet på elevar som står oppført utan resultat på prøvene har derimot minka.

På grunnlag av risikovurdering av gjennomføring av prøvene i 2013, konkluderte vi med at det ikkje var nødvendig med tilsyn i 2014.

Elektroniske kartleggingsprøver

Elektroniske kartleggingsprøver vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer.

Sentralt gitt eksamen i grunnskulen

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. I Hordaland har vi ansvar for sentralt gitt eksamen i norsk, engelsk og matematikk. Det er god tilgang på sensorar til skriftleg eksamen i grunnskulen. Det var til saman 7710 påmelde kandidatar til sentralt gitt eksamen i vårt fylke, og vi hadde ansvar for 112 sensorar. I samband med grunnskuleeksamen i norsk og engelsk leverte 99,8% av elevane i Hordaland elektroniske elevsvar.

Vi arrangerte sensorskulering i norsk, engelsk og matematikk for alle sensorane i juni. Det var 100 % frammøte og gode tilbakemeldingar frå deltakarane på desse kursopplegga. I tillegg arrangerte vi ei samling for alle faglærarane som hadde meldt interesse for å vera sensorar i norsk i grunnskulen våren 2014. Denne samlinga fann stad i mars, med omlag 80 deltakarar, og vi fekk god tilbakemelding på opplegget. Vårt mål er at slike samlingar skal auka kunnskapen om vurdering i faget, og føra til at nye faglærarar melder interesse for å ta på seg sensoroppdrag. Det er varierende sensortilgang til dei tre grunnskulefaga vi har ansvaret for, både i norsk og engelsk kunne vi tenkt oss at det var fleire som melde seg til sensoroppdrag, i matematikk er det mange lærarar som ønskjer sensoroppdrag.

Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføringa av lokalt gitt eksamen i fylket. Alle kommunane, i regi av kursregionar, i fylket har laga instruksar for lokalt gitt eksamen. Vi deltok med innlegg på to regionale samlingar for kommunane i Hordaland der tema var ny forskrift om munnleg eksamen.

Vi fekk inn 8 klager på gjennomføringa av munnleg eksamen i 2014. 6 av klagene fekk medhald. Dei siste åra ha tal på klager etter munnleg eksamen i grunnskulen lege mellom 5 og 10 klager pr. år.

Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Hordaland har både eit regionalt og nasjonalt ansvar for å oppnemne sensorar og gjennomføre sensur etter sentralgitt eksamen haust og vår. I dei faga vi har ansvar for var det til vår-eksamen om lag 25 000 påmeldte kandidatar frå 300 skular, og vi oppnemnte 279 sensorar. Omfanget til hausteksamen er mykje mindre. Fylkesmannen vurderer at kvaliteten på eksamensarbeidet i vidaregåande opplæring i fylket er jamt over god.

Tilgangen på sensorar er bra i dei fleste faga. Framleis er norsk eit unntak. Vi klarer så vidt å dekkje behovet til vår-eksamen, men systemet er svært sårbart, og vi er uroa for om vi klarer å gjennomføre sensur i norsk hovud- og sidemål på ein forsvarleg måte i framtida. Omfanget av sensorskulering var svært stort. Dette er positivt, og vi får gode tilbakemeldingar frå mange sensorar.

Fylkesmannen i Hordaland har saman med Fylkesmannen i Rogaland ansvar for behandling av klager etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring. Klagebehandlinga fungerte godt og vart gjennomført etter sentrale retningslinjer. Totalt vart det behandla 2580 klager, som er om lag det same som i 2012. Frå 2015 går hovudansvaret over til Fylkesmannen i Rogaland.

Lokal gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokal gitt eksamen i fylket.

Bruk av resultat i tilsynsarbeidet

Fylkesmannen bruker aktivt resultatene frå eksamen og nasjonale prøver i analysearbeid og risikovurderinga i samband med tilsyn.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring vert tatt ut frå PAS og bearbeidd og presentert på samlingar for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane.

Karakterstatistikk etter sentralgitt eksamen i grunnskulen vert tatt ut frå PAS og bearbeidd. Resultatet vert drøfta med oppmannskorpsa i engelsk, norsk og matematikk. Resultatene av klagebehandlinga i grunnskulen vert og bearbeidd ut frå informasjon henta frå PAS, og presentert for aktuelle sensorar og medlemmene i dei tre oppmannskorpsa.

Eigenvurdering

Etter vår vurdering har vi gode rutinar for å følgje opp resultatområde 31.5 og vi har kompetanse og kapasitet i avdelinga til å følgje opp rutinane vi har laga. Vi ser at vi i stadig større grad har synleggjort i vårt arbeid med eksamen korleis det er kopla til vurderingsarbeidet og til lokalt arbeid med læreplanar. Slik vi vurderer det er det likevel gode grunnar til å sjå nærmare i åra framover, og ikkje minst å diskutere med kommunane/fylkeskommunen, korleis eksamensarbeid og undervisnings og vurderingsarbeid elles kan koplast. Etter våre vurderingar, og erfaring frå det informasjon og rettleingsarbeidet vi har gjort i 2014, ser vi at det er eit ytterlege potensiale i å drøfte, i eit skuleeigarperspektiv, korleis ulike resultat kan sjåast i samanheng med dei prioriteringane og satsingane kommunane legg opp til.

Fylkesmannen i Hordaland

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skuleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skuleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver				

31.6 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Måloppnåing/resultatkrav

Embetet meiner at resultatkravet er innfridd med god måloppnåing.

Kompetanse/ressursar

Embetet har høg kompetanse og nødvendig kapasitet til å gjennomføre oppdraget på ein god måte.

Eigenvurdering

I 2014 har embetet prioritert arbeidet for barn og unge høgt og då med særskilt merksemd retta nettopp mot samordning på tvers av sektorane. Dette har vi gjort internt ved å etablere ei barn og unge gruppe der både utdanning, helse og sosial og ikkje minst kommunal- og samfunnsplan har vore faste medlemmer. Vi meiner at det gir eit viktig signal til kommunane om behovet for samordning at embetet sjølv opptrer, informerer og møter kommunane på tvers av dei tradisjonelle avdelingsgrensene/sektorgrensene.

Konkret har vi initiert og invitert 5 kommunar med på ei særskilt satsing over 5 år knytt til barnefattigdom. Denne tilnærminga rommar vesentlege aspekt som gjeld både utdanningsområdet og barnevern, helse og sosial og ikkje minst plan. Embetet, representert ved alle dei nemnde sektorområda, er med kommunane i utforminga av kommunane sine prosjektplanar. Dette betyr at vi kan vere med å sikre nettopp at kommunen ser sine ulike etatar og innsatsar samla, og ikkje minst at arbeidet vært forankra i kommunane sine planverk. Politisk forankring og tverretatleg deltaking er stilt som krav til dei aktuelle kommunane. Når det gjeld fråfall og betydninga av barnehage og skule er det løfta høgt opp. Vi synleggjer for kommunane korleis det å gjennomføre vidaregåande opplæring nær sagt halverer risikoen (dokumentert av Nordisk råd) for å havne i uønskte statistikkar som gjeld arbeidsløyse, problem knytt til rus og psykiatri, helseproblem meir generel osb.

I samband med denne satsinga er vi i dialog med kompetansemiljø i fylket. Dette er for å sikre både at kommunane får tilgang på fagmiljøa som er relevante, samt at vi frå Fylkesmannen si side jamnleg får tilby felles kompetanseheving på område vi meiner er vesentleg. Vi har og lagt opp til ei rapportering frå kommunane som både kjem satsingskommunane til gode (inspirasjon, deling, nettverk), men som og skal kome de øvrige kommunane i fylket til gode. Når det gjeld erfaringsspreiing og ikkje minst det å sette barns beste på agendaen nyttar vi bannersaka vår, samt at vi tilbyr faglege seminar for ordførarar og rådmenn.

Når det gjeld situasjonen i fylket på områda spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning så meiner vi at vi har

god kunnskap om kommunane våre. Dette gjeld både barnehage og skule. I løpet av 2014 var dette tema i alle dialogmøta vi hadde med kommunane. Vi ser at det varierer mellom kommunane kva omfanget på spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning ligg på. Kva dette skuldast får vi mange og varierte tilbakemeldingar på. Vi registrerer at det er eit gjennomgåande ønskje i kommunane at omfanget av spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning skal vere lågt og stabilt. Dette tolkar kommunane som eit teikn på at den alminnelige opplæringa/barnehagetilbodet er godt tilpassa og så rommeleg og variert at dei fleste får eit forsvarleg og godt tilbod. I dei kommunane som ligg høgt peikar dei særleg på at det har utvikla seg ein kultur for at vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning i seg sjølv må til for å sikre barna eit godt tilbod.

Når det gjeld pp-tenesta og embetet sitt arbeid i den samanheng viser vi til resultatområde 32.2. Det er ikkje etablert i nettverk i fylket for pp-tenestene som er felles, men pp-tenestene samrabeider på tvers av kommunegrensene med noko ulik systematikk og føringar frå kommunane. Vi er kjent med at ein del pp-leiarar ønskjer eit felles nettverk. Frå embetet si side vil vi ikkje ta eit eige initiativ til at eit slikt nettverk blir oppretta eller drive av Fylkesmannen. Det vi gjer er å ta emnet opp i våre møte med kommunane (AU) og sånn set forsikrar oss om at kommunenivået er kjent med dei argumenta pp-tenestene fremmar for eit sånt nettverk. Vi er og positive til å delta, men som sagt ikkje til å drifte.

I løpet av 2014 er embetet invitert ut både til kommunar og til pp-tenester for å halde foredrag om lov og regelverk, samt kople dette til andre prioriteringar i barnehage og utdanningssektoren. Vi har prioritert å følgje opp alle dei førespurnadane vi har fått. Tilbakemeldingane frå kommunane er gode.

Embetet har følgd opp den planen vi har for møter med Statped. Når vi vurderer innhaldet i møta og resultat av møta må vi konkludere med at dei det vesentlege tar hand om rein informasjonsutveksling og i mindre grad drøftingar, samarbeid og koordinering av innsats. Statped har fremma ønskje om å få nytte embetet sine kompetanse og ressursar for eigen oppdatering/opplæring innanfor lov og regelverk. Dette er embetet positiv til og vi følgjer dette opp på bestilling frå Statped. Etersom Statped vest dekker fleire fylke, meiner vi at denne oppgåva må løyast med bidrag frå alle dei tre fylka, ikkje berre Hordaland. Dette meiner vi er strategisk klokt fordi slike møteplassar bidreg til at Statped og embeta blir betre kjent og meir synleg for kvarandre, og dette må altså fordelast mellom dei aktuelle embeta.

Embetet har etablert ei ordning der universitetet i Bergen sin psykologistudentar får ein praksisdag hos oss. Dette skjer minimum to gongar kvart år. Vårt formål er både å sette psykologstudentane inn i grunnleggjande forståing av forvaltninga, sjå ein framtidig arbeidsplass i pp-tenesta inn i den kommunale styringsstrukturen og ikkje minst å synleggjere for studentane kva problemstillingar som er særleg aktuelle for barn og unge, og som difor er aktuelle tema for pp-tenestene sitt arbeid. Dette er i ordning både vi og UiB er sers fornøgd med og vi vidarefører den. Vi meiner og det er eit lite, men viktig bidrag i arbeidet for å rekruttere psykologisk kompetanse til pp-tenestene i fylket vårt.

31.7 Tilskuddsforvaltning

Måloppnåing/resultatkrav

Resultatkravet er nådd, vi vurderer måloppnåinga som god.

Fylkesmannen forvaltar tilskotsordningar på grunnskoleområdet; kap 225 post 64 Grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak, kap 225 post 66 Leirskoleopplæring og kap 227 post 71 Tilskot til internatdrifta ved Krokeide vidaregående skole. Fylkesmannen har også kontrolloppgåver til kap 253 post 70 Tilskott til folkehøgskular.

Fylkesmannen har gjort ein formalia- og rimelegkontroll av søknadene frå kommunane om tilskott til grunnskoleopplæring. Det er henta inn liste over bebuarar i mottak frå UDI og desse er forsøkt samanlikna med søknadene. Samanlikninga er vanskeleg fordi listene frå UDI ikkje er lagt til rette for slik kontroll. Vi har også undersøkt nokre tilfelle direkte med UDI, då barn oppførte i søknader ikkje var å finne på skolelistene frå UDI.

Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll, men kontroll som er utført i samband med søknadane har ført til korleksjonar for tildeling av tilskott. Nokre hadde feil på månader av opplæringa i søknader. Ingen kommunar har fått avslag

Tilskot knytt til leirskoleopplæring er forvalta etter føresetnadane frå sentralt hald. Oppgåvene er utført i samsvar

med oppdragsbrev. Kommunane sine søknader med elevlister er gjennomgått, og kontrollert mot faktura/dokumentasjon frå kommunar på gjennomført leirskuleopphald, nokre søknader er korrigererte når det gjeld tal på grupper. Ingen kommunar har fått avslag. Fylkesmannen har ikkje funne grunnlag for stikkprøvekontroll.

FMHO har ingen indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket. Kor mange stikkprøvekontrollar vi kan ha er eit ressurs spørsmål. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga.

Hordaland har ei landsline ved ein vidaregåande skole. Fylkesmannen har gjennomført formalia og rimelighetskontroll av tala i «Oppsummering av elevlistene» frå skulen og sendt dei til Utdanningsdirektoratet. Tilskotet vert utbetalt etter Utdanningsdirektoratet sitt fullmaktsbrev kvar 10. i månaden. Det er ikkje funne grunnlag for å gjennomført stikkprøvekontroll. Fylkesmannen har ingen indikasjonar på at tilskota ikkje vert nytta i tråd med regelverket. Kor mange stikkprøvekontrollar vi kan ha er eit ressurs spørsmål. Vi fører god kontroll gjennom den vanlege sakshandsaminga. Fylkesmannen har planar for 2015 om å utføre brevtilsyn om det er endring i elevgruppa på skolen.

Fylkesmannen kontrollert ein søknad frå Hordaland fylkeskommune om tilskot til samisk og sendt den vidare til Utdanningsdirektorat

Fylkesmannen har motteke årsrekneskapen for 2013 med revisjonsmelding innan fristen frå alle dei åtte folkehøgskulane i fylket. Alle skulane hadde fått rekneskapen godkjend av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. september. Seks av folkehøgskulane hadde eit overskot, og to hadde underskot. Ein folkehøgskule opplyste at overskotet kom av sal av bustader, og ein av skulane meiner at førsetnaden for drift framover er usikker, og påpeika at truslane ligg i nedgang i elevtall og i statstilskot kombinert med at eigenkapitalen er negativ og vil halda fram med å veksa i negativ retning.

Når det gjeld tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale har Fylkesmannen kontrollert alle vedtak om tilskot (fire barnehager) i 2011 og sjekka om vilkåret om flytting frå mellombelse lokaler til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt. Kontrollen er gjennomført ved å undersøke årsmeldinga for barnehagen pr. 15.12.2014 mot årsmeldinga 2011, det året barnehagen fekk tilskot. Ein barnehage har fått utsatt frist, på grunn av at arbeide med reguleringsplanen i kommune tok lengre tid enn forventa. I to barnehager ventar Fylkesmannen tilbakemeldig frå kommunen om når det permanente barnhagen blir ferdig. Fylkesmannen finn at vilkåret om flytting frå mellombelse lokale til permanente lokaler innan 3 år er oppfylt for ein barnehagane som fekk innvilga tilskot i 2011.

Fylkesmannen hadde medio februar 2014 kontroll av at innrapporterte antall minoritetsspråklige barn i BASIL og tala blei oversendt til Utdanningsdirektoratet.

I arbeidet vårt med tilskotsforvaltning til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege er det gjennomført brevtilsyn med 4 kommunar. Ein av kommunane har ikkje svar innan frist. Dei andre kommunane har gjort greie for korleis tiltak for å betre språkforståinga er gjennomført i kommunen.

Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehager

Fylkesmannen har kontrollert og godkjend årsmeldingane per 15.12.14 frå alle barnehagane innan fristen 17.02.14. Fylkesmannen har purra kommunar som ikkje hadde godkjend årsmeldingar innan kommunane sin frist.

Nokre kommunar hadde barnehagar som ikkje var i drift, som Fylkesmannen måtte be kommunen sette i inaktiv. Dei fleste årsmeldingane som blei avviste, var det feil i årsmeldinga punkt 4 E gruppestørrelse, 6 Prioritet ved opptak, barn med nedsatt funksjonsevne eller spesialpedagogisk hjelp C,D,E her brukar kommunane mykje tid på plassering i rett rubrikk. Punk 8 A,B,C Opplysningar om stillingar og personale har det vert ein god del feil i år. Dei fleste feil er i stillinga til pedagogisk leder som ikkje har nok årsverk.

Det var også en del barnehagar som kommunen hadde godkjent som Fylkesmannen blir bedt om å avvise, grunna feil i årsmeldinga. Kommuneskjema inneheld ein del feil, som skuldast at det er ført opp barn som har søkt barnehageplass i 2015.

Fylkesmannen har gitt fagleg rettleiing til både barnehagenivå og kommunenivå. Etter Fylkesmannen si vurdering gjer barnehagane og kommunane ein god jobb med årsmeldingane, dei fleste feil skuldast at kommunen/barnehagen ikkje les spørsmåla god nok.

Fylkesmannen har kontrollert at kommunane har godkjent årsrekneksap i BASIL. Vi har svart på nokre få spørsmål om dette.

Eigenvurdering

Vi konkluderer med at rutinane vi har når det gjeld tilskotsforvaltning er gode, og at arbeidet blir ivaretatt på ein tilfredsstillande måte. Vi meiner den praksisen vi har når det gjeld felles møtepunkt mellom dei som fører tilsyn på barnehageområdet og dei som forvaltar tilskot er nyttig som ein del av risikovurderinga og grunnlaget for tilsynsarbeidet.

Alt i alt meiner vi at måloppnåinga vår er god.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Måloppnåing/resultatkrav

Vi vurderer måloppnåinga som god.

Kompetanse/ressursar

Fylkesmannen har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre oppdraget.

Eigenvurdering

- **Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020**

Oppfølging av strategien er eit omfattande arbeid ut mot kommuneleddet og UH sektoren. Dette er ivaretatt gjennom samarbeid med dei tre høgskolane i Hordaland, 6 regionar, PBL, fagforeningar og studentar. Dette er vidareføring av samarbeidet i GLØD nettverket. Nettverksarbeidet fungerer som eit verktøy for å gje styrke og støtte til det faglege arbeidet i regionane. Nettverket er også viktig for utveksling av informasjon og erfaringsdeling, synleggjere behov og sjå på utbytte og resultat av statlege satsingar. Samarbeidet vert vurdert som viktig og er relevant for Fylkesmannen sitt oppdrag på kompetanseområdet. Endring i organiseringa frå KD til Udir tydelegjer Fylkesmannen si rolle i kompetanse- og rekrutteringsarbeidet.

Dei andre kompetansetiltak som er beskrivne er og utført på ein god måte, dette gjeld både forvaltning, gjennomføring og innretting på tiltaka.

GLØD nettverket held fram som Nettverk for kompetanse og kvalitet i barnehagane i Hordaland på fast basis med Fylkesmannen i koordinerande rolle. Nettverket arbeider med rekruttering og med fungerer også som likestillingsutval for Hordaland. Ungdomsskulegutur som leikeressurs er vidareført i 2014. 11 kommunar fekk tildelt midlar.

Nettverket arrangerte i samarbeid med Fylkeskommunen ein fagdag for å auke fokus på Barne- og Ungdomsarbeideren som samarbeidspart i det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Omlag 50 deltakarar frå kommuneleddet, styrarar og eigarar, fekk grundig og god orientering frå fylkeskommunen og frå praksisfeltet. Tilbakemeldingane i løpet av samlinga viste at det er mange aktørar som gir informasjon om praksiskandidatordninga og at ordninga har virka litt uoversiktleg. Tilbakemeldingane etter samlinga var at den blei vurdert som sers nyttig. Informasjonen vart presentert på ein god og oversiktleg måte i tillegg til at kommunane oppfatta dette som ein god inspirasjon i vidare arbeid.

Statistikken for Hordaland viser eit generelt auka kompetansenivå i barnehagane dei siste åra. Ein ser ein reduksjon i talet tilsette på dispensasjon frå utdanningskravet. Dette gjeld både styrar og pedagogisk leiarar. Omlag 100 fleire tilsette har utdanning i barne- og ungdomsarbeidarfaget desember 2013 enn tilsvarande tal frå 2011.

Interessa for å delta på kompetansetiltak er stor, men den største hindringa for dette er mellom anna manglande finansiering av vikar ved etter- og vidareutdanning for barnehagesektoren. Vi erfarer at det reduserer søkjarmengda og svekker måloppnåinga. Eigargar sine virkemidlar for å leggje til rette for den tilsette som er motiverte til å utvikle sin kompetanse samsvarar dårleg med mål og virkemidlar på skuleområdet.

• **Kompetanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012 – 2015**

Hordaland hadde stor søknad til etter- og vidareutdanning, og lite fråfall etter studiestart. Det er grunn til å leggje merke til at det kom inn forholdsvis få søknader frå vidaregåande skular. Det er meldt attende til Fylkesmannen at ein del skuleeigarar ynskjer å satse på skulebasert læring, og at dette er ynskjeleg som tilbod innanfor satsinga.

UBAS som arbeidsredskap i prosessen var ikkje tilpassa behovet for rask, trygg og effektiv oppfølging og utbetaling i 2014. Fylkesmannen støttar endringar i tilskotsforvaltninga som er direktoratet varsla i møte 22. januar 2015.

Organisering av søknadsbehandling for vikar- og stipendordninga, har gitt usikkerheter ute hos mange skuleeigarar, med feil og forseinka tilbakemeldingar. Særleg gjeld dette dei mindre private skuleeigarane. Fylkesmannen har brukt uforholdsmessig mykje tid og ressursar for å følgje opp meldingar frå Udir, til- og frå skuleeigar, purring og rettleiing. I 2015 vil vi difor auke innsatsen for å orientere skuleeigarane om søknads- og oppfølging i forkant.

I Hordaland er Gnist-samarbeidet vidareført, og alle partane er instilt på å vidareføre vårt gode samarbeid på kompetanseområdet. Oppsummert konkluderer vi med at embetet har gode samarbeidsstrukturar for å følgje opp strategien «Kompetanse for kvalitet» og «Kompetanse for kvalitet». UH-sektoren og organisasjonane samlast på begge områda med ei sers konstruktiv innstilling, og er etter vår oppfatning lydhør for dei betingelsane kommunane og barnehageeigarane jobber under. Ut over det arbeidet som skjer i nettverket, er embetet sin bruk av nettsider og informasjon i faste møtepunkt med kommunane viktig for å sette rekruttering og kompetanse på dagsorden. Vi legg stor vekt på å ta opp kompetansespørsmål og rekrutteringsarbeid både for barnehage og skule ettersom strategiane kommunane legg opp til ofte er dei same og kan trekke vekslar på kvarandre.

• **Læringsmiljøprosjektet – målretta mot mobbing**

Embetet har hatt med ein kommune i direktoratet sitt tiltak med statleg rettleiing. Tilbakemeldingane frå den aktuelle kommunen var sers gode i den forstand at deltakinga hadde klart å samle alle nivå i kommunen om problemstillinga, at sjølv relasjonen til rettleiarane hadde vore god, at samlingane var fagleg relevante og at Fylkesmannen hadde følgd opp kontinuerleg. Embetet prioriterte og å tilføre midlar til kommunen sine utgifter i samband med arbeidet.

Kommunen sine erfaringar og dei endringane dei sjølv meinte å identifisere blei presentert for dei øvrige kommunane som figurerte på Udir si bekymringsliste. Embetet hadde nok registrert ei viss uro blant dei kommunane som var ført opp på lista, og vi la difor stor vekt på korleis vi presenterte satsinga og oppfølgingsarbeidet vårt. Målet vårt var på den eine sida å understreke alvoret i at barn rapporterer om mobbing, men samstundes å understreke at dette er i relevant problemstillingar for mange/alle kommunar, og at det er prioritert å gi kommunane tilgang til faglege og praktiske råd i dette viktige arbeidet. Vi hadde og invitert rettleiarane til vår deltakarkommune med på samlinga slik at dei sjølv kunne få ein dialog med kommunane om korleis dei jobba med problemstillingane. Tilbakemeldingane etter samlinga var svært gode og embetet fekk bestilling om å arrangere tilsarande samlingar i 2015.

Etter vår vurdering var denne samlinga eit viktig bidrag til at det var lett for oss å rekruttere ein ny kommune til 2015-satsinga. Når kommunerepresentantane sjølv omtalar nytte og betydning av eksterne fagmiljø i eige utviklingsarbeid, er det vår erfaring at det blir anerkjent av kommunekollegiet og bidrar til vårt rekrutteringsarbeid på ein støttande og god måte.

• **Lokalt arbeid med læreplanar**

Også i 2014 var det stor oppslutning om Udir sin konferanse om lokalt arbeid med læreplanane. Vi landa på om lag 450 deltakarar. Strategien vår for å få så stor oppslutning var som i fjor å drøfte betydninga av emnet i møtepunkt med kommunane og avtale dato på eit så tidleg tidspunkt at kommunane kunne tilpasse samlinga til eige årshjul. I tillegg har embetet sjølv hatt lokalt arbeid med lærplanar, men då i eit skuleeigarperspektiv, på agendaen i våre samlingar med skuleeigar. I desse samlingane har vi lagt vekt på at kommunane, i tillegg til faglege innlegg, har fått god tid til å dele erfaringar, drøfte seg fram til sentrale problemstillingar og moglege løysingar på desse, samt å styrke nettverkstenkinga og planlegge for oppfølging lokalt. Dette har og vore ei god anledning til å kople tilsyn til skulane sitt daglege arbeid og utviklingsarbeid. Vi vil nok halde fast på tema også i

2015.

• **Kompetanse for mangfold**

Vi vurderer dette som ei vellukka satsing i vårt fylke. Vi rekrutterte godt til satsinga og følgte den opp frå vår side med 2 regelverksamlingar for dei 4 deltakande kommunane. Tilbakemeldingane vi har fått er at samarbeidet med Høgskulen i Bergen har vore til stor nytte for kommunane. Vi vurderer det som sers nyttig at både skule og barnehage inngår i ei felles satsing.

• **Strategi for etter og vidareutdanning av ansatte i PP-tenesta**

Avdelinga har høy kompetanse på området og meiner etter ei samla vurdering å ha oppfylt resultatkrava. For å informere og motivere kommunane har vi informert om SEVU/PPT i dialogmøte med kommunane og fylkeskommunen, i AU (arbeidsutval) for skulefaglege ansvarlege, på eigne samlingar for skole- og barnehageansvarlege i kommunane/fylkeskommunen og PPT-leiarar. Avdelinga har tatt del i møter mellom Statped, representantar for kommunane og PPT i Statped vest-regionen.

I samarbeid med kommunane og fylkeskommunen har vi medverka til å leggje til rette for etterutdanning for leiarar i PPT i Hordaland og Sogn og Fjordane. Etterutdanninga gjekk over 3 dagar og fagleg ansvarleg var Høgskolen i Hedmark, Senter for praksisrettet utdanningsforskning (SePU). Tema var systemretta arbeid. Dag 3 var felles for PPT-leiarane og ansvarleg på kommunenivå. I Hordaland er barnehage/skulemyndigheit opptatt av at PPT er del av det kommunale tenesteapparatet og ein rådgjevande instans som ikkje skal leve sitt eige liv, og kommuneleddet har derfor tatt aktivt del i møte og drøftingar om korleis PPT kan medverke til å nå måla som er sett for arbeidet deira, jf, strategi for vidare- og etterutdanning av PPT (SEVU/PPT).

Avdelinga har tatt del i den årvisse fylkessamlinga for PPT og orientert om aktuelt regelverk og SEVU/PPT. Vi har også medverka på interkommunale samlingar med PPT der tema har vore Udir sin elektroniske utgåve av veileder om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

Det var det berre 7 tilsette i PPT, av 190 årsverk i fylket, som fekk innvilga studieplass til vidareutdanning av Utdanningsdirektoratet. Kommunane opplevde at dette ikkje sto i forhold til SEVU/PPT-satsinga frå staten.

Ut over dei satsingane som er omtalt meir grundig her har embetet fulgt opp både VFL, oppgåvene våre knytt til rettleiarkorpset og sensorskolering på ein god måte. Vi legg vekt på å orientere kommunane om dei ulike satsingane, motivere for deltaking og ikkje minst legg vi opp til at kommunane seg imellom får drøfte korleis dei kan nyttegjere seg kvarandre sine erfaringar før, under og etter deltaking. Frå kommunane får vi tilbakemeldingar om at dei samla statlege satsingane kan framstå noko uoversiktleg og at det og kan vere litt uklår kva problemstillingar dei er meint å løyse. Dette, saman med kommunane sine eigne vedtatte satsingar, oppfattast difor frå tid til anna som problematisk. På den eine side er det ressurskrevjande å følgje opp satsingar, samstundes er fleire kommunar litt redde for å gå glipp av noko. Vi har stadig oppe til vurdering korleis vi som embete kan bidra til at kommunae har god oversikt, og at dei prioriterer satsing og deltaking på dei mest aktuelle områda ut frå kommunen sin eigen situasjon. Her er vi og opptatt av korleis vi kan synleggjere kommunane sin nytte av tal og data som kjem fram mellom anna i BASIL og GSI, og andre brukarundersøkingar og kjelder.

32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Fylkesmannen i Hordaland har følgd opp informasjonsansvaret når det gjeld rettar til opplæring på samisk.

32.7 Opplæring innenfor kriminalomsorgen

I embetsoppdraget for 2014 står følgjande om oppdraget og målsetjinga for arbeidet med opplæring i kriminalomsorga:

«Fylkesmannen i Hordaland må sørge for tilstrekkelig og riktig kompetanse til å løse sin landsdekkende oppgave på området opplæring innenfor kriminalomsorgen.»

«Fylkesmannen i Hordaland skal bidra til at innsatte og løslatte som har rett og plikt til opplæring på grunnskolenivå/videregående skolenivå, får det»

Resultatkrav

Under følgjer Fylkesmannen i Hordaland si skildring og eigevurdering av arbeidet embetet har gjort i høve til dei tre resultatkrava i embetsoppdraget. Vi har inkludert av avvik og iverksette tiltak, eventuelle hindringar og kompetansebehov.

Fyrste resultatkrav:

Ordlyd: *Fylkesmannen i Hordaland har:*

- *forvaltet ressursene slik at hovedmålet for ordningen nås (at innsatte og løslatte som har rett og plikt til opplæring på grunnskolenivå/rett til opplæring på videregående skoles nivå, får det)*

Rapporteringa er delt i tre hovudpunkt:

1. Tilskottsordninga

Fylkeskommunane sine budsjettinnspel har blitt kontrollert og vurdert i samanheng med tidlegare innvilga tilskott, rekneskapstal frå 2013, årsrapportering for 2013 og anna kjennskap til fylkeskommunane gjennom dialog og møter. Ingen fylkeskommunar har fått avslag på budsjettinnspela, men alle fylkeskommunane fekk reduserte tildelingar sett i forhold til budsjettinnspela for året. Samla budsjetterte fylkeskommunane i 2014 med 292 501 030,- kroner. Framlegg til endeleg fordeling frå Fylkesmannen i Hordaland har blitt drøfta i koordineringsgruppa (representantar for Fylkesmannen i Hordaland og Kriminalomsorgsdirektoratet) for opplæring innanfor kriminalomsorga. Kriminalomsorgsdirektoratet har også sendt forslaget til budsjettfordeling til kriminalomsorgsregionane for å drøfte budsjettfordelinga. Etter denne gjennomgangen fekk fylkeskommunane eit generelt påslag i 2014 på 4,6 % av tilskottet for 2013 for å sikre deira arbeid med å yte opplæring til innsette og lauslatne som har rett og plikt til opplæring. Nokre av fylkeskommunane fekk eit påslag utover 4,6 % for å kunne sikre yrkesfagleg opplæring, slik at dei på ein betre måte styrkar arbeidet opp mot resultatkrava.

Eigevurdering og avvik:

Fylkesmannen i Hordaland vurderer at tilskottsordninga i hovudsak fungerer i tråd med dagens styringsdokument og resultatkrav. Det er til dels store skilnader i tilskottet (delt på tal soningsplassar) mellom fylkeskommunane. Dette er i hovudsak oppstått på grunn av ulike etableringstidspunkt for opplæringsplassar med ulike rammer gitt i dei ulike åra for etablering av opplæringa. Forskingstal frå UIB tyder på at om lag 30 % av dei som i dag ikkje tek del i opplæring har rett på opplæring. Dette kan mellom anna skyldast store skilnader mellom fylkeskommunane når det gjeld storleiken på tilskottet delt på talet på innsette.

Igangsette/planlagde tiltak:

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje gripe inn ovanfor nokon av fylkeskommunane i 2014 for ressursbruken. Ut frå resultatane frå formalia- og rimelighetskontrollane oppsummert hausten 2014, vil Fylkesmannen i Hordaland foreta stikkprøvekontrollar med tre fylkeskommunar i 2015. Her vil rekneskapane vurderast opp mot årsrapporteringa for 2014. Dette for å kontrollere nærare om ressursane har blitt nytta i høve til føresetnadene. Fylkesmannen har ved tidlegare høve vist til ei gjennomgang til ordlyden i tilskottsordninga.

Hindringar:

Det er eit misforhold mellom styringsdokument og gjeldande praksis. Fylkesmannen i Hordaland ønskjer at retningslinene og – i form av tilhøyrande styringsdokument - hensikta for tilskottet bør vurderast og eventuelt justerast ut frå dei endringane sektorane (kriminalomsorg og opplæring) har vore gjennom dei siste åra.

2. IKT i opplæringa

I læreplanverket er digital kompetanse - og dermed bruk av IKT-verkty - ein integrert del i alle fag. Det er særskilt vanskeleg å oppfylle innsette sin rett til opplæring i samsvar med gjeldande læreplanverk utan tilfredsstillande løysingar på IKT-området. Fylkesmannen i Hordaland har difor, saman med Kriminalomsorgsdirektoratet, i mange år arbeidd med ei IKT-løysing som gir tilgang til mellom anna internett for elevar/deltakarar i opplæringa. Bruk av IKT fører ofte til at kriminalomsorga sitt behov for tryggleik kjem i konflikt med skulen sitt utdanningsoppdrag. Kriminalomsorgsdirektoratet har dei siste åra utvikla ei ny, nasjonal løysing; DFS - Desktop For Skolen. Denne nye løysinga er basert på ei sentralisert styring og kontroll, og tryggare og rimelegare å drifte for kriminalomsorga. Kriminalomsorga har vedtatt at DFS skal rullast ut i alle fengsel/skuleavdelingar i 2014 og 2015, ein prosess som er i gang.

Eigevurdering og avvik:

DFS-løysinga har potensiale til å fylle skuleverket sine krav og regelverk på opplæringsområdet, innanfor kriminalomsorga sine rammar. Likevel er DFS-løysinga ikkje i samsvar med korleis ansvar er fordelt i skuleverket. Fylkesmannen i Hordaland ser eit stort behov for handtering av innhaldsleveranse sentralt, men kan

ikkje sjå at vi kan organisere dette på ein tilfredsstillande måte ut frå ressurs situasjonen i dag.

Kriminalomsorgsdirektoratet finansierer og administrerer den tekniske delen av løysinga, medan skuleverket skal og bør finansiere og administrere innhaldet i løysinga. Innhaldet i DFS vil med manglande sentral leverandør av innhald på skulesida vere ei løysing som er langt frå å fylle skuleverket sine krav til ei god IKT-løysing.

Igangsette tiltak:

Fylkesmannen i Hordaland har planar for korleis ein kan organisere sentral handtering av innhaldsleveranse frå skulane, gitt at ressurs situasjonen endrar seg.

Hindringar:

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje som sentral, ansvarleg mynde dei naudsynte administrative og økonomiske ressursane til å handtere sentral innhaldsleveranse i DFS-løysinga.

3. Innsette sine rettar i høve til opplæringslova

Fylkesmannen i Hordaland nyttar ulike strategiar for å informere og sjå til at skuleeigarar ivaretek sitt ansvar for innsette sine rettar i opplæringslova. I førebels tilskottsbrev og i tilskottsbrev til fylkeskommunane blir kvart år skuleeigar gjort merksam på dei overordna styringsdokument som gjeld for dette området og for skuleverket generelt. Skuleeigar blir i begge breva gjort særleg merksam på at innsette med rett og plikt til grunnskule og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal prioriterast. Fylkesmannen har òg arbeidd i mange år for å skape medvit i kriminalomsorga og andre relevante etatar om innsette sine rettar til opplæring.

Eigevurdering:

Fylkesmannen meiner at vi i høg grad har lykkast med å skape medvit innanfor skuleverket om dei innsette sine opplæringsrettar. Likevel er det framleis ei utfordring for skuleverket å komme i kommunikasjon med ein del av dei innsette med størst behov for opplæring og utdanning. Dette skuldast ofte at desse har dårlege erfaringar med skulen frå tidlegare eller at dei har store sosiale eller helsemessige utfordringar.

Igangsette og planlagde tiltak:

Fylkesmannen i Hordaland vil i dialog med fylkeskommunane for å fortsette å undersøkje kva grupper elevar som deltek i opplæringa og om det er mogeleg å få fleire med rett til opplæring til å delta i opplæringa. Vi har i 2014 haldt fram med arbeidet for å spreie informasjon og medvit om innsette sine opplæringsrettar i andre relevante etatar. Særleg fokus har vi hatt på arbeidet med å samarbeide med kriminalomsorga for å få arbeidsdrifta til å bli ein betre arena for praksisnær opplæring og for å nå dei som vegrar seg for, men likevel treng opplæring og utdanning. Sjå òg under resultatkrav 2 og 3.

Andre resultatkrav:

Ordlyd: *Fylkesmannen i Hordaland har:*

- *informert spesielt om rett til opplæring i grunnleggende ferdigheter og rett til vurdering av realkompetanse*

Arbeidet til Fylkesmannen i Hordaland har vi for 2. resultatkrav delt opp i 2 punkt:

1. Informasjon til og dialog med skuleverket

Vår hovudstrategi er tett oppfølging av skulane og skuleeigarane. Tilskottsbrevet sikrar at skuleeigarane formelt blir minna om dei sentrale opplæringsrettane, mens dei årlege konferansane vi arrangerer er sær gode arenaer til å informere breiare og til fleire. Vi arrangerer ein konferanse for skuleeigarar og ein for lærarar i kriminalomsorga. Her har vi i 2014 hatt både grunnleggjande ferdigheiter og realkompetansevurdering på agendaen.

Eigevurdering:

Mykje tyder på at desse møtepunkta er gjev god effekt i høve til å innfri resultatkravet. Vi vil halde fram med arbeidet, og ser potensiale i å styrkje dialogen rundt særleg realkompetansevurderingar

2. Samarbeid med kriminalomsorga (arbeidsdrifta), VOX og andre

Det er eit kjend fenomen for skulane og for mange tilsette i kriminalomsorga at ein del av dei innsette med størst behov for opplæring og utdanning er dei som og vegrar seg mest mot det. Dette kan vere grunna dårlege erfaringar med skulen frå tidlegare eller at dei har store sosiale eller helsemessige utfordringar. Mange av desse

innsette jobbar jo i arbeidsdrifta, og det er då lett å sjå at det er viktig med eit godt samarbeid mellom arbeidsdrift og skule. Eit slikt samarbeid gjev grobotn for praksisnær opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, og arbeidsdrifta kan og vere ein god katalysator for at skulen kan komme i dialog med den innsette om realkompetansevurderingar og tilpassa undervisning.

Fylkesmannen i Hordaland har mange år arbeidd for eit betra samarbeid mellom skulane og dei ulike delane av kriminalomsorga, spesielt arbeidsdrifta. I 2014 har vi gjennomført ei rekkje tiltak for å styrkje samarbeidet mellom skule og arbeidsdrift. Vi avslutta i 2013 deltaking i ei tverretatleg gruppe som arbeidde fram eit forslag for ny strategi for arbeidsdrifta, og dette arbeidet har vi følgd opp i 2014 ved å ha tett dialog med kriminalomsorgsdirektoratet om arbeidet med strategien. I 2013 gjekk vi inn i eit samarbeidsprosjekt med kriminalomsorga og VOX om dei grunnleggjande ferdigheitene. Vi har og i dette samarbeidet arrangert 4 fagsamlingar rundt i landet, der tema har vore praksisnær opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Dei inviterte deltakarane har vore frå både skule og arbeidsdrift.

Eigevurdering:

Vi ser at vi har oppnådd måla som vi sette oss då vi i 2013 gjekk inn i eit samarbeidsprosjekt med kriminalomsorga og VOX om dei grunnleggjande ferdigheitene. Prosjektperioden er no over og vi vil våren 2015 evaluere samarbeidet, resultat og diskutere eventuelt vidare samarbeid.

Tredje resultatkrav:

Ordlyd: *Fylkesmannen i Hordaland har:*

- *informert skuleeierne om sentrale krav i forvaltningsloven, herunder om krav til enkeltvedtak*

Arbeidet til Fylkesmannen i Hordaland har vi for 3. resultatkrav delt opp i 3 punkt:

1. Konferansar for skuleeigarar

Vi arrangerer årleg ein konferanse der skuleeigarar og avdelingsleiarar er til stades. Dette gir oss høve til å informere, følgje opp og ansvarleggjere skuleeigarar. Det er eit særleg fokus å minne om at utreiing og spesialundervisning òg gjeld for dei innsette i fengsel. Vi nyttar desse høva til å peike på forskning frå mellom anna UiB som syner at elevane i kriminalomsorga har større behov for spesialpedagogisk utreiing og undervisning, som følgje av auka frekvens av lese- skrive og konsentrasjonsutfordringar.

Eigevurdering:

Mykje tyder på at desse møtepunkta er gjev god effekt i høve til å innfri resultatkravet. Vi vil halde fram med arbeidet.

2. Tilskottsbrevet

I tilskottsbrevet (og førebels tilskottsbrev) minner vi om skuleeigarane sitt ansvar for å sjå til at opplæringsloven blir følgd òg for elevane som er i kriminalomsorga. Vi viser òg til forskning frå mellom anna UiB som syner at elevane i kriminalomsorga har større behov for spesialpedagogisk utreiing og undervisning som følgje av auka frekvens av lese- skrive og konsentrasjonsutfordringar.

Eigevurdering: Vi vurderer at tilskottsbrevet er eit godt verktøy i arbeidet for å nå dette resultatkravet

3. Dialog med fylkesadministrasjon og fylkesmannsembeta

I 2014 tok vi initiativ til å ha dialog om opplæring for innsette i nasjonale for fylkeskommunane og fylkesmannsembeta. I våre møtepunkt med både fylkesopplæringssjefane og utdanningsdirektørane hos fylkesmennene har vi vore medvetne om å minne om deira ansvar i høve til at opplæringsloven òg gjeld for elevane i fengsel. Vi har orientert om at dei særlege tilhøva for innsette òg vist til forskinga som tek for seg auka frekvens av lese- skrive og konsentrasjonsutfordringar. Desse faktorane gjer at det er ekstra behov for at fylkeskommunane følgjer godt med på opplæringa i kriminalomsorga og for at fylkesmannsembeta gjennomfører tilsyn.

Eigevurdering:

Desse møtepunkta har vore positive, men vi ser at utdanningsleiarane i fylkeskommunane og fylkesmannsembeta

har varierende kjennskap til opplæringsfeltet innanfor kriminalomsorga. Dette gjev oss god grunn til å forsetje arbeidet med desse gruppene.

Tilleggskrav for årsrapporten (frå embetsoppdraget):

I høve til TAFU-prosjektet og tal for innsette i opplæring i høve til kor mange innsette som har rett til opplæring, viser vi til kommande tilstandsrapport (april 2015). Tala frå 2014 er no under arbeid hos ekstern leverandør, og vil ikkje være tilgjengeleg før tilstandsrapporten blir publisert.

Eigevurdering av Fylkesmannen i Hordaland si kompetanse og ressursar i høve til embetsoppdraget

Generelt ser Fylkesmannen i Hordaland at vi har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse for å utføre vårt embetsoppdrag på ein tilfredsstillande måte. Som vist under rapporteringa for første resultatkrav er det likevel *ikkje* ressursar til å kunne handtere det nye arbeidet med innhaldsleveranse som innføringa det nye IKT-systemet DFS fører med seg.

Kommentar til resultatkrava og årsrapport:

Fylkesmannen i Hordaland har i år rapportert meir spesifikt i henhold til resultatkrava enn i tidlegare årsrapportar. I denne prosessen ser vi at det er eit spenn mellom kva oppgåver som blir lista i embetsoppdraget og kva slags resultatkrav vi blir bedne om å rapportere på.

I tilstandsrapporten som kjem ut i april 2015 kan de lese meir om dei andre oppgåvene Fylkesmannen i Hordaland har arbeidd med i 2014.

Ressursrapportering

Under resultatområde 31.9 på fagkap. er det utbetalt kr. 12 513 693 til sensorer (inkl arb.g.avg.) Altså gjelder ikke dette egne driftsutgifter/ansatte.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 2 080 964,64	kr 6 846,00
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 2 848 284,42	kr 13 022 082,21
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringa	kr 2 805 249,30	kr 311 152,87
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 2 177 015,72	kr 1 010,63
Sum:	kr 9 911 514,00	kr 13 341 091,00

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

41.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med fire kommunar.

Vd tre tilsyn undersøkte vi kommunen sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheim. Ved eitt av dei fann vi at leinga ikkje hadde sørga for at barna fekk den oppfølging dei har krav på etter lova.

Vi har og ført tilsyn med at utsette barn med krav på tenester frå barnevern- og helsetenestene vart fanga opp fekk forsvarleg oppfølging. Ved dette tilsynet avdekte vi svikt i kommunens styring med barneverntenestene.

Fylkesmannen gjennomførte og tilsyn ved Skjoldvegen barnevernsenter og Boenheten Bergen AS. Tema var institusjonen si ivaretaking av ansvaret for at bebuarane får forsvarleg omsorg og behandling. Det vart ikkje avdekt lovbrøt.

Fylkesmannen har i tillegg ført tilsyn med 49 einingar/avdelingar ved 17 barnevernsinstitusjonar. I alt var vi på 118 tilsyn i 2014. I årsrapporten som er sendt Statens Helsetilsyn har vi gjort nærare greie for dei.

41.3 Klagesaker

41.9 Andre oppdrag

Resultatområde 73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

I 2014 behandla vi åtte hendingsbaserte saker etter sosialtenestelova. 12 saker blei sende til lokal avklaring. Dei åtte sakene er fordelt på fem Nav-kontor. I tre tilfelle fann vi at Nav-kontoret sin praksis ikkje var i samsvar med lova. Median saksbehandlingstid var 2,1 månader.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med åtte Navkontor, to av dei i bydelar i Bergen. Fire av tilsyna omhandla Navkontora si handsaming av søknadar om økonomisk stønad frå personar med forsørgjaransvar. Ved to tilsyn var tema om kommunen oppfyller plikta til å tildele mellombels bustad til personar som manglar bustad. Ved to tilsyn undersøkte vi om kommunen oppfyller plikta til forsvarleg tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.

Ved tre av tilsyna med tema økonomisk stønad avdekte vi manglar ved styringa med tenestene: Manglande oppfølging frå leiinga, manglande individuell kartlegging av sakene og mangelfull opplæring.

Tilsynet med tildelinga av mellombels bustad i Bergen kommune avdekte manglande styring og oppfølging frå leiinga og manglande kapasitet og kvalitet i tilbodet.

Ved tilsyn med kvalifiseringsprogram avdekte vi manglande styring og oppfølging frå leiinga. Deltakarar i kvalifiseringsprogram haddesom følgje av dette, ikkje fått tilstrekkeleg oppfølging.

74.9 Andre oppdrag

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen i Hordaland mottok 281 saker i 2014. 60 saker blei sende til lokal avklaring. Vurdering av pliktbrøt blei gjort i 220 saker. 71 % av sakene blei behandla innan fem månader.

I 2014 fekk Fylkesmannen ikkje munnlege eller skriftlege førespurnader frå politiet med spørsmål om etterforskning skulle setjast i verk. Vi melde heller ikkje saker til politiet i 2014, men sende ei sak til Helsetilsynet og bad dei vurdere å melde saka til politiet og begjære offentlig påtale.

82.2 Planlagt tilsyn

Med unntak av eitt tilsyn med spesialisthelseteneste, blei planlagte tilsyn utført i samsvar med oppdrag. I tillegg blei det gjort ei kartlegging av sjukeheimplassar og legebemanning i sjukeheimane. Saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Rogaland kartla vi legevakt i kommunane. Rapportane er publiserte på nettsida vår.

Det er lege på vakt i alle kommunane heile døgnet, men stor variasjon i legevaktordningane.

<http://fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Stor-variasjon-i-legevaktordningar/>

Det er stor variasjon i dekning av sjuheimplassar innbyggjarar 80 år og eldre og stor variasjon i legedekning i institusjonane.

<http://fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Stor-skilnad-pa-sjukeheimsdekning-og-legetid/>

82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Fylkesmannen mottok 353 saker i 2014. 342 blei realitetsbehandla. 94 % av sakene blei behandla innan tre månader.

82.9 Andre oppdrag

Vi har arrangert felles fagdag om forbygging av tvang, jf. helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A, for tilsette i helse- og omsorgstenestene og tolketenesta.

Ved tildeling av tilskot frå Kompetanseløftet 2015 prioriterte vi kommunar som søkte om midlar til opplæringstiltak for å fylle kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 9-9, tredje avsnitt. På samlingar for leiarane i kommunane har vi særskilt oppmoda dei om å søkje om tilskot til dette fagområdet.

Opplæring i/gjennomgang av nytt rundskriv for tilsette i kommunane blei utsett då nytt rundskriv framleis ikkje er ferdig frå Helsedirektoratet.

Saksbehandlingstida var på 6 veker for 70 % av sakene etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Dette er i samsvar med sørviserklaringa til Fylkesmannen i Hordaland. 94 % av sakane blei behandla innan 3 månader.

Resultatområde 83 Folkehelse

83.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med folkehelsearbeid i fem kommunar. Rapportane er sendt Statens helsetilsyn i samsvar med oppdrag.

83.3 Klagesaker

I 2014 behandla vi tre saker. To saker om støy frå ballbinge/leikeplass og ei sak galdt klage på kommunens vedtak om godkjenning av barnehage. Ved årsskiftet 2014-2015 var tre saker om godkjenning av barnehagar under behandling.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

I 2014 gav Fylkesmannen 839 skilsmissebevillingar og 968 separasjonsbevillingar. Saker om separasjon og skilsmisse der ein eller begge partar ikkje er norske borgarar aukar, og eir meir arbeidskrevjande enn andre saker.

Det er svært mykje korrespondanse på saksfeltet. I 2014 kom det inn 3372 brev og det vart sendt ut 4310 brev.

42.2 Anerkjennelsesloven

Fylkesmannen har i 2014 handsama 146 saker om godkjenning av utanlandsk separasjon/skilsmisse og søknad om fritak for plikta til å dokumentere skifte ved skilsmisse eller død.

42.3 Barneloven

I 2014 fatta Fylkesmannen fatta 2 vedtak etter barnelova § 55. Utover det ble det ikkje fatta vedtak etter reglane i barnelova.

42.4 Veiledning og informasjon

På området separasjon og skilsmisse er det ein stabil straum av telefonar og besøk i resepsjonen, tilsvarende som tidlegare år. Det er ein liten auke av førespurnader knytt til godkjenning av utanlandske skilsmisser.

Barneverntenestene i fylket fekk informasjon om ny føresegn i barnelova § 63 a, og at Fylkesmannen ikkje lengre skal ta stilling til fritak for teieplikt i samband med vitneførsel i barnelovsaker.

Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud

det har ikke vært gjennomført tilsyn, men vi har hatt kontakt med flere kommuner om ulike problemstillinger.

Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med alle familievernkontora i Hordaland i 2012 og 2013, slik at tilsyna samla er i tråd med volumkravet frå departementet. Det blei ikkje avdekt lovbrøt ved tilsyna. På grunnlag av risikovurdering fann vi ikkje at det var naudsynt å føre tilsyn med familievernkontora i 2014.

Resultatområde 45 Barn og unge

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

I 2014 var samordning og samarbeid med andre fagområde og tenester høgt prioritert. Arbeidet vårt var og er innretta på å bidra til og styrkje samarbeidet mellom barnevern, andre hjelpetenester i kommunane og spesialisthelsetenesta. Det er framleis behov for å betre kunnskapen om kva tilbod dei ulike tenestene kan gje og korleis dei saman kan koordinere hjelp til barn og familiar.

Slik som tidlegare år, var tverrfagleg samarbeid også tema ved individtilsyn i 2014. Dette er særleg viktig når ungdom vert utskrivne frå institusjon og over i sjølvstendig tilvere. I fleire enkeltsaker har vi peika på behovet for å betre samarbeidet med aktuelle hjelpetenester, og då særleg kommunal forvaltningsteneste.

Vi har brukt nettsida systematisk til å formidle vurderingar og konklusjonar frå alvorlege enkeltsaker og planlagde tilsyn, endringar i regelverk og informasjon om mellom anna meldeplikt og kravet til individuell plan. Lokale media har følgd opp og vi har nådd ut til fleire med vår informasjon. I rådgjeving og møte har vi informert om oppgåvene til barnevernet, behov for meir robuste fagmiljø og styrkt interkommunalt samarbeid.

Vi bruker og viser til barnekonvensjonen i arbeidet med enkeltsaker og meiner at vi medverkar til å gjere fleire medvitne om artikkelane i konvensjonen.

I møte hausten 2014 med barnevernleiarane var styring (internkontroll) med tenestene hovudtema.

I individtilsyn, tilsyn med verksemder, handsaming av klagesaker og hendingsbaserte tilsynssaker og i våre nettoppslag har vi og teke opp utdanningssituasjonen til barn i barnevernet, både heimebuande og plasserte barn, bruk av individuell plan og samarbeid mellom ulike instansar om det enkelte barnet.

Oppdrag b: Vi sende eigen rapport 14. november 2014

Oppdrag c:

Fylkesmannen tok i 2014 initiativ til ei brei og fleirårig satsing på barn og unge i kommunane. Målsetjinga er å sikre at kommunale tenester blir tilpassa barn og unge, at lokalsamfunna blir lagt til rette for ein trygg oppvekst. Tiltaka kommunane set i verk bør vere universelle, men innretta på ein måte som gjer at dei særleg kjem til nytte for barn og unge frå fattige familiar. Det er også eit mål at tiltaka ikkje er stigmatiserande for nokon av dei. Satsinga har eit perspektiv på fem år og involverer heile embetet, men med ein særleg innsats frå helse- og sosialavdelinga, kommunal- og samfunnsplanavdelinga og utdanningsavdelinga.

Alle kommunane vart invitert til å søkje om å delta i satsinga. Fylkesmannen valde ut fem kommunar som vi vil følgje over ein fem års periode. Tanken er at kommunane skal prøve ut eigne idear og tiltak som kan bidra til å nå målsetjingane. Som del av satsinga etablerte vi også ei ressursgruppe som har brei kunnskap om situasjonen til barn og unge i Hordaland, god oversikt over tiltak prosjekt og satsingar som er i gang og kvalifiserte synspunkt på område det bør satsast på. Deltakarar i ressursgruppa er Region Vest Bufetat, Helse Bergen, Helse Fonna, Hordaland fylkeskommune, Hordaland politidistrikt, Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, Husbanken region vest, KS Vest, Nav Hordaland, RKBV Vest - Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, Hordaland Røde Kors Bergen og Hordaland Turlag (Barnas turlag).

45.2 Fritak for taushetsplikt

I 2014 behandla vi 83 saker om fritak for teieplikt.

45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har handsama 22 saker om biologisk opphav i 2014.

45.5 Nasjonalt opplæringstilbud i undersøkelsessaker

Fylkesmannen arrangerte seminar over to dagar om samtalar med barn om vold og seksuelle overgrep for tilsette i barneverntenestene, helsesystrer og barne- og ungdomspsykiatrien.

I samarbeid med RKBU Vest, Uni Research Helse arrangerte vi regional konferanse for tilsette i barneverntenestene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland om systemtikk og metode i undersøkingar.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Resultatområde 46 Universell utforming

Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

47.1 Statsborgerseremonier

Fylkesmannen i Hordaland prøvde ut ny dato for seremonien som normalt er på forsumaren, og flytta den til 17. august. Det var ikkje vellukka, og trakk ned snittet for året.

Årsaka til at det likevel vart 23 prosent for året skuldast etter måten godt oppmøte for seremonien 7 desember (om lag 26 prosent) og at det var betydeleg fleire nye statsborgarar som vart invitert til denne seremonien, enn for den i august.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMHO	2	23
Sum	2	

47.2 Bosetting av flyktningar

Situasjonen når det gjeld busetting av flyktningar er langt på veg tilsvarande i 2014 som den var i 2013. Det betyr at kommunane i Hordaland ikkje fattar like mange vedtak om busetting som dei vert anmoda om. I 2014 var det totale talet for busette i Hordaland 652 personar (Kjelde; IMDI Årsrapport 2014).

I 2014 engasjerte Fylkesmannen i Hordaland seg i busettingsarbeidet med målsetting om å få eit utvide oppdrag og mandat i busettingsarbeidet. Dette resulterte i at Hordaland søkte om deltaking i ei forsøksordning. Forsøksordninga vert målt på følgjande:

- kommunane i Hordaland skal samla sett stille like mange busettingsplassar til disposisjoen som fylket får tildelt frå nasjonalt utval for busetting
- kommunane i Hordaland skal busette flyktningar innan dei nasjonale måla som gjeld for rask busetting

Forsøksordninga gjeld frå 1. januar 2015, men mykje av førbuingsarbeid starta opp i 2014. Det betyr at alle kommunane var informert om Fylkesmannen si potensielt nye rolle, kommunane fekk mykje informasjon om stoda i landet og fylket vårt spesielt når det gjeld situasjonane til flyktningar, samt at integreringsrelevant arbeid vart drøfta i aktuelle møtepunkt med kommunane. Like opp under nyttår fekk Fylkesmannen stadfesta vår deltaking i forsøksordninga.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

I 2014 har embetet avgjort 5 klager etter introduksjonslova. Fylkesmannen oppheva vedtaket frå kommunen i ei sak, og stadfesta dei i tre saker. I den femte saka hadde kommunen avvist klagen, medan Fylkesmannen avgjorde at kommunen skulle behandla ho.

Omfanget av klagesaker er tillærma likt som året før. Alle sakene vart behandla innanfor ein frist på 3 månadar, og gjennomsnittet var 2 månadar.

Når det gjeld rettleiing har hatt nokre spørsmål frå kommunane på e-post eller telefon. I tillegg har vi hatt foredrag om introduksjonslova på tre konferansar i 2014 – ein i samarbeid med IMDi-Vest (Introloven 10 år), ein med VOX og ein knytta til Kompetanse for mangfald 2013–2017.

Embetet arbeider framleis tett med kontaktgruppa for opplæring av vaksne. I tillegg til tilsette ved Fylkesmannen sitt kontor består gruppa av leiarar frå kommunane som både har ansvar for opplæring etter opplæringslova og etter introduksjonslova. Gruppa produserer mellom anna problemstillingar av rettsleg/juridisk karakter som embetet i sin tur legg til grunn for faglege samlingar for kommunane.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Embetet har i 2014 ikkje hatt klager som berre gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introlova §§ 17 og 18. Sjå elles svaret under resultatområde 47.3.

Organisere etterutdanning for lærere som underviser voksne innvandrere i norsk og samfunnskunnskap.

Embetet har fulgt opp og tatt ansvar/medansvar for dei etterutdanningstilboda som har vore initiert frå VOX/IMDI/Utdanningsdirektoratet i 2014. Samarbeidet har fungert godt.

47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven

Etter kravet skal kvar Fylkesmann ha felles nasjonalt tilsyn med minst to kommunar. Temaet er «Kravet om full tids og heilårleg introduksjonsprogram».

Embetet har i 2014 hatt tilsyn med kommunane Bømlo og Stord. På grunn av ressursituasjonen var ikkje tilsyna avslutta per 31.12.2014. Dette er allereie meldt til juridiske seksjon i IMDi. Som følge av endringar i tilsynsinstruksen vil arbeidet med å ferdigstille tilsynsrapportane ta noko lenger tid enn planlagt.

Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Tilsyn og klagebeh. etter barnevernloven	kr 1 879 459,03	kr 0,00
42 Familierett	kr 1 374 222,53	kr 0,00
45 Barnevern	kr 1 405 658,93	kr 705 531,39

47 Integrering av innvandrere	kr 32 955,61	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 64 739,45	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 898,00	kr 0,00
Sum:	kr 4 757 933,00	kr 705 531,00

Justis- og beredskapsdepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A

Fylkesmannen i Hordaland har i 2014 nådd dei mål og resultatkrav som var sett i embetsoppdrag og fullmaktsbrev for verjemålsforvaltninga. Det har vore eit særskilt krevjande år for verjemålsforvaltninga med eit lite effektivt og mangelfullt samshandsamarverkty, og ein stram ressursituasjon. Vi har likevel nådd resultatmåla, og vi har fått på plass ei forsvarleg forvaltning og gode rutinar. Vi har prioritert hasteoppnemningar, å få på plass eit verjekorps, vere tilgjengelege for publikum og sikre god handtering av godtgjersle og utgiftsdekning til verjer og representantar.

Vi har hatt eit særleg fokus på å sikre ei trygg kapitalforvaltning. Dette har vi vurdert som eit risikoområde og det har vore prioritert på høgste nivå i embetet. Det har vore jobba systematisk med å avstemme og kontrollere midlar som var overført i samband med ikraftsetjing av verjemålsreforma.

Vi hadde i 2014 vår fyrste sak for tingretten om fråtaking av rettsleg handleevne. Utfallet vart delvis fråtaking av rettsleg handleevne på det personlege område. Saka er anka til lagmannsretten. Vi har sju andre saker kor vidare saksgang vert vurdert. I tillegg har vi 16 saker knytt til umyndiggjering frå overformynderia som skal vurderast for rettslege skritt.

Styringsparameter 1 - ei forsvarleg beredskapsordning for hasteoppnemningar av verjer og representantar.

Vi har fått på plass gode rutinar for saker som gjelder hasteoppnemningar.

I 2014 hadde vi totalt 223 oppnemningar av setteverje i samband med dommaravhøyr eller politiavhøyr/straffesak for mindreårige. Det betyr om lag 19 oppnemningar pr. månad. For dommaravhøyr/politiavhøyr er det laga egne rutineskildringar kor desse oppgåvene blir prioritert når melding frå politiet eller tingretten kjem til Fylkesmannen sitt postmottak. Vi har utarbeidd gode rutinar med politiet. Vi nyttar som regel telefaks for å sikre at tryggleiken rundt dei sensitive opplysningane er ivareteken. I tillegg har politikontora i Hordaland e-postadresser og telefonnummer til kontaktpersonar i embetet. Vi har inngått beredskapsavtale med nokre faste verjer som tar desse verjeoppdraga på kort varsel. Samarbeidet og dialogen om desse oppgåvene ovafor Barnevernsvakta i Bergen og kommunane elles i Hordaland er god.

For hasteoppnemningar i saker for einslege mindreårige flyktningar, har vi og nokre faste verjer og representantar som blir kontakta ved nye oppdrag. Vi oppretta i fjor 51 nye EMA-saker og sakshandsamartida var i snitt 10 dagar. Registrering av saka gjorde vi på bakgrunn av kopi-melding frå IMDI om busetjing av einslege mindreårige. I meldinga er det oppgitt eit DUF-nummer. Desse sakene vart omgjort til MUF (mindreårige utan formue) etter kvart som den einskilde EMA fekk fødselsnummer registrert i folkeregisteret. Eit fåtal saker gjeld oppnemning av representantar. Vi oppretta totalt 638 nye MUF-saker (mindreårige utan formue) i 2014 og sakshandsamingstida for desse var i snitt 9,43 dagar.

For hasteoppnemningar grunna at verja døyr eller av anna grunn er ute av stand til å ivareta sitt verjeoppdrag, nyttar vi verjer frå vårt faste verjekorps. Dette gjeld og om det skulle oppstå akutte tilfelle hos den verjetrengande, som gjer at ei hasteoppnemning er naudsynt. For bekymringsmeldingar frå verja eller andre har vi utarbeidd rutinar som gjer at vi fort kan gå inn og vurdere behovet for endringar i saka.

Styringsparameter 2 - ei trygg kapitalforvaltning

Fylkesmannen hadde pr. 31.12.2014 1,9 mrd. kroner til forvaltning for personar med verje og mindreårige med

formue fordelt på 2.214 kontoar. Vi har brukt mykje ressursar i 2014 på å kvalitetssjekke midlar frå overformynderia. Nokre kommunar har vi kontakta med oppmoding om å få stadfesta at dei ikkje lengre har midlar som står med kommunen som disponent. Det har vist seg å vere vanskeleg å få stadfesting frå nokre kommunane. Vi har vidare arbeidd for å avstemme og kontrollere midlar på kapitalkontoar. Det same har vore gjort for alle utbetalingar og innbetalingar. Vi har og brukt mykje tid på avstemming og kontroll av utbetalingar til den verjetrengande ved verje.

Fylkesmannen har sidan 01.07.2013 innvilga totalt tre lån frå mindreårige sine midlar. Ein av desse vart omgjort til eigardel i bustad i løpet av 2014. Vi har i tillegg 16 lånesaker vi fekk over frå overformynderia. To av desse er avslutta i 2014. I ei av desse sakene fylte den mindreårige 18 år i fjor haust, og i ei anna sak vart huset tvangsseld og midlane for tvangssalet betalt inn på konto til barnet. Vi har pr. 31. desember 2014 totalt 16 aktive lånesaker; 14 lånesaker som vi fekk over frå Overformynderia og to lånesaker innvilga av Fylkesmannen.

Vi arbeidd med å utarbeide rutinar for desse oppgåvene. Utfordringa er at det pr. i dag ikkje er noko saksøkonomisystem til å følgje opp at avtalte innbetalingar av avdrag blir gjort av lånetakaren. Desse sakene må difor følgjast opp manuelt inntil vidare.

Midlar under 2G

Vi er godt i gang med å gjennomgå alle saker kor vi har midlar under 2G jf. overgangsreglane i verjemålslova §101 punkt 4. Mange kontoar er frigjevne.

Månadlege utbetalingar

Vi har fleire personar med verje som får overført månadspengar (faste beløp frå kapitalkonto).

Styringsparameter 3 - tilfredsstillande høve for brukarane til å få tak i oss

Vi er opptekne av at våre brukarar skal få kontakt med oss. Vi har likevel sett behov til å ha telefontid for å sikre naudsynt tid for sakshandsaming. I periodar har vi stor pågang på telefon. Vi har sett opp intern vaktliste for handsaming av telefonar og besøkande.

Telefontida er frå kl. 10.00-11.30 og 12.30-14.00. Vi har også kopla til telefonsvarar som informerer om telefontider og epost/nettside. Vi har og oppretta vakttelefonar for dei faste verjene. Dette er to mobiltelefonnumre som er tilgjengelege i arbeidstida.

Vi får kvar veke rapportar frå SSiE (Engerdal) over talet på telefonar som kjem inn til verjemålsseksjonen, og vi prøver å setje inn ekstra ressursar i periodar kor vi har sendt ut store mengder utgåande post.

Fylkesmannen sitt servicesenteret har fått opplæring i korleis dei skal ta imot publikum og telefonar om verjemålsspørsmål. Vi har og hatt informasjonsverksemd for andre tilsette hos FMHO, kor vi har informert om arbeidet vi gjer.

Ofte stilte spørsmål er i tillegg utarbeida og lagt ut på vår nettstad. Statistikk for vår nettstad viser at vi har mange treff på verjemål. Nettstaden er difor viktig som informasjonskanal ut til brukarar.

Styringsparameter 4 - ei god nok handtering av godtgjersle og utgiftsdekning til verjer og representantar

Vi har hatt mål om effektiv handsaming av søknader frå verjer, og vi har utarbeidd gode rutinar og prioritert desse sakene. Det har vore 6 personar som har fatta vedtak om verjegotgjersle i 2014. Totalt har vi fatta 2.593 vedtak i 2014. Vi har faste, jamlege fagmøter for å ivareta behovet for likebehandling om søknader og vedtakspraksis.

Vi har hatt jamleg kontakt med dei faste verjer og advokatverjer for å informere og å rettleie om korrekt godtgjering og utgiftsdekning. Dei faste verjene har fått informasjonsskriv frå oss om temaet og kopi av nyheitsbrev fra SRF.

Styringsparameter 5 - sikre at data i verjemålsapplikasjonen ARVE inneheld relevant og riktig informasjon

Vi har lagt ned eit omfattande arbeid med å kvalitetssikre data og rydde i Arve. Vi har påpeika manglar ovanfor SRF i samband med manglande data frå Datafangstportalen.

Vi har arbeidd for å skape felles rutinar for innregistrering av saker i ARVE, for utsending av brev og

kvalitetssikre dokumenter som går ut herifrå. Arkivseksjonen har utarbeidd registreringsrettleiing og rutinar for skanning og innregistrering av saker i Ephorte ARVE. Vi har måtte setje i verk manuelle rutinar med kopi av alle utgåande dokumenter i eigen kopibok i samband med feil i Arve som førte til at utgåande dokument ikkje vart lagra.

I fjor haust hadde vi to innleidde konsulentar som gjekk i gjekk i gjennom datasystemet saman med oss for å rydde og kvalitetssikre data. Arbeidet tok to dagar.

I august 2014 tilsette vi ein medarbeidar som fekk ansvar for at innkurv skulle fungere optimalt for vidare saksgang. Dette var til stor hjelp for å halde nede sakshandsamingstida.

Vi har utarbeidd fleire prosesskart/flytdiagram for arbeidsprosessar internt hos oss. Dette har vore til stor hjelp for å organisere oppgåvene og fordele arbeid og ansvar. Desse vil bli revidert og utvida ved ein ny gjennomgang av rutinar og omorganisering av oppgåvene.

Vi har jamlege statusmøte for gjennomgang av talet på saker, utgåande brev, inngåande brev, oppnemningar, godtgjering mv.

Styringsparameter 6 - vidareutvikling av lokal verjemålsmynde, sikra naudsynt kompetanse, etablere tenlege rutinar for arbeidet og effektiv styring

Vi har i 2014 hatt stor fokus på å sikre god kvalitet på sakshandsaminga og forvaltninga. Vi har sakshandsamarar med god kompetanse innanfor dei fleste område. Vi har ein kultur for kompetansedeling og vidareutvikling. Vi har sikra god opplæring og kompetanse internt i embetet gjennom opplæring for servicesenteret, fagdag for tilsette og nettverket vårt to gonger vår og haust.

Vi har og deltatt i fleire eksterne møter og kurs med orientering om emnet. Mange sjukeheimar, sjukehus, helse og sosialteneste i kommunar og organisasjonar som sjølv har tatt kontakt og ønskja informasjon frå oss om den nye verjemålsforvaltninga.

Vi har i tillegg gjennomført individuelle samtaler med alle faste verjer/advokatar. I desse samtalen gjekk vi gjennom dei einskilde sakene til kvar verje, og orienterte om krav og reglar for arbeidet som verje. Dette var særst nyttige samtalar.

Vi hadde samling for EMA-verjer september, og samling for alle NYE faste verjer i oktober.

Rekruttering av faste verjer

Pr. 31.12.2014 hadde vi 76 verjer med totalt 1132 verjeoppdrag i vårt faste verjekorps. Av desse er der 31 advokatar og 45 andre. Målet er at alle faste verjer har minst 5 oppdrag. 25 av dei faste verjene har framleis mindre enn 5 verjeoppdrag.

Vi har hatt stor pågang av personer som ønsker å bli fast verje. Vi vurderer at vi f.t. har god dekning av faste verjer i fylket med unnatak områda Sunnhordland og Hardanger. I desse områda har det vore naudsynt å rekruttere nye verjer.

Mentorordning

Vi har inngått avtale med ei av våre faste verjer med lang røynsle om å vere mentor for nye faste verjer. Dette er ei ordning som har fungert bra, og vi vurderer no å utvida ordninga til å gjelde fleire av dei faste verjene i distrikta Hardanger og Sunnhordland.

Statistikk

Vi har sendt 33 klagesaker til SRF i 2014 og fått tilbakemelding på 16. I 14 saker har vi fått stadfesta vedtaka våre.

Det vart i 2014 registrert 9.539 dokument i sakshandsamarverktyet ARVE.

Oppnemningar 2014:

- Opprett verjemål : 467 verjemål
- Avslutning av vergemål pga dødsfall: 435 verjemål

- Avslutning pga anna: 257 verjemål

Søknader i 2014:

- Vergegodtgjering 2565
- Sal av fast eigedom 125
- Kjøp av eigedom 38
- Gjeldsstifting 25
- Odelsrett 40
- Stadfestelse av fremtidsfullmakter 5

Vedtak 2014:

- Vedtaksbrev fms godkjenning 1949
- Vedtaksbrev godtgjering 2593
- Vedtaksbrev fremtidsfullmakt - stadfestet: 10 Ikkje stadfestet: 4

Utarbeiding av rutinar, internkontroll og risikostyring

Vi arbeidd kontinuerleg med å sikre at vi har gode rutinar og internkontroll. innanfor dei ulike fagområda. Vi har framleis ein del arbeid igjen med å skrive ned og samle våre interne rutinar. Vi gjer jamlege risikovurderingar og sett inn tiltak på bakgrunn av desse vurderingane.

Effektiv styring

Vi treng god oversikt over saksportefølje og statstikk for å få ei god og effektiv intern styring. Vi har ikkje eit godt reiskap til effektiv styring i dag, og vi saknar gode oppdaterte rapportar i Arve. Vi har sett behov for å lage egne rapportar med uttrekk frå ephorte.

Vi er oppteken av at våre brev og vedtak skal følgje staten sitt mål om eit klart og godt språk. Vi har sett i gang eit internt språkprosjekt kor vi kvalitetsikrar brev, og vi har hatt intern opplæring i nynorsk. Vi ønskjer betre språk i malane som ligg i ARVE.

Vi har hatt god nytte av LEAN-metode for kontinuerlig forbetring av prosessar og oppgåver. Dette verktøyet vil bli nytta for effektiv styring også i 2015.

Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMHO	5503	426
Sum	5503	426

51.3 Forlikrådene

I 2014 har vi handsama 7 skriftlege saker om forlikråda, og svara på nokre spørsmål pr telefon.

Fem av sakene gjaldt oppnemning av avløyser og suppleringsval for forlikrådsmedlemer for perioden 2013-2016.

To av sakene var klage over forlikrådet si handsaming. Begge sakene vart undersøkt og avslutta grunna at forholdet ikkje fell inn under Fylkesmannen sitt tilsyn. I desse sakene og i ein del av telefonforespurnadene har vår oppgave vore å redegjøre på generelt grunnlag for regelverket i tvistelova og Fylkesmannen si fullmakt til tilsyn.

Andre munnlege forespurnader har dreid seg om felleskommunale forlikråd, forlikrådsmedlemer si møteplikt/gyldig forfall og Fylkesmannen sitt tilsynsansvar. På grunnlag av ei sak i media om vandelskravet for forlikrådsmedlemer, sende Fylkesmannen eit brev med fleire spørsmål til Justisdepartementet.

51.5 Tomtefesteloven

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama saker etter tomtefestelova i 2014.

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Om lag 1 400 saker er behandla i 2014. I tillegg har vi utbetalt salær for kontrollkomisjonane, og dekkja utgifter til tolk i utlendingssaker. Totalt er det utbetalt kr. 10 555 086,52 i fri rettshjelp frå Fylkesmannen i Hordaland i 2014.

72,3% av dei innkomne sakene er sendt inn elektronisk.

Vi viser ellers til den kvartalsvise rapporteringen til Statens sivilrettsforvaltning.

52.3 Navneloven

Fylkesmannen har i 2014 handsama åtte klagesaker etter namnelova. Vi har omgjort to vedtak. Seks vedtak er stadfesta.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnsikkerhet

53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

Ny revidert FylkesROS Hordaland 2015 fekk sin oppstart hausten 2013 og vart slutført desember 2014 og lansert for fylkesberedskapsrådet 15.1.2015.

Det er lista fleire moglege risikoreduserande tiltak også i denne versjonen som erfaringsmessig kan vera krevjande for fleire tiltakseigarar å følgja opp. Kommunar og andre regionale instanser nyttar FylkesROS som grunnlagsdokument for vidare detaljerte ROS-analysar.

Revisjonsarbeidet har teke utgangspunkt i hendingar i tida, nasjonalt risikobilete mv., men alle område kan ikkje få like mykje merksemd.

53.3 Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen har ved samlingar og annan kontakt med m.a. regionale beredskapskontaktar og planleggarar i kommunane fokusert på prosessar for oppfølging av samfunnsikkerheit i planlegginga etter plan- og bygningslova på regionalt og kommunalt nivå.

Krav til ROS i samfunnsikkerheitsarbeid, m.a. etter plan- og bygningslova, etter reglane om kommunal beredskapsplikt og etter sektorlover har i særleg grad vore tema i beredskapstilsyna. Utfordringar til klima er og tema som er vektlagt sterkare enn tidlegare. Skoleskyting er og omtalt i beredskapstilsyn med kommunane.

Ved revisjon/oppdatering av kommuneplan/delplanar vert det gjeve innspel til samfunnsikkerheit, jf. forskrift

om kommunal beredskapsplikt og plan- og bygningslova.

Fylkesmannen har hatt tilgang til oppdatert informasjon om flaum og skredutsette område i fylket. I hovudsak vert og innspel knytt til desse områda tilført/utveksla med andre relevante instansar (eksempelvis NVE). Innspel og kontakt med NVE i førekant av t.d. høyring i arealplansaker vert ivareteke rutinemessig når det er hensiktsmessig eller ønskjeleg. Dette for å få tydelegare og samordna tilbakemelding til kommunale planmyndigheiter på slike saksområde (samordna motsegn).

Fylkesmannen i Hordaland er i tillegg eit av fylka som deltek i prøveprosjektet med samordning av statlege motsegner.

53.4 Tilsyn

Det er i 2014, i samsvar med embetsoppdrag, gjennomført tilsyn i 9 kommunar i Hordaland.

Bergen(flytta frå 2013 til 2014), Bømlo, Eidfjord, Fusa, Jondal, Radøy, Samnanger, Sveio og Ullensvang.

Tilsynopplysningar og resultat frå tilsyna er meldt inn i DSB sin innmeldingsløyising.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsforberedelser og regional samordning

Fylkesmannen får i hovudsak inn dei fleste overordna krise- og beredskapsplanverka frå kommunane når dei vert revidert/oppdatert. Det vert gjeve tilbakemelding og råd til dei fleste kommunane. Beredskapsplanverket vert og særskilt vurdert og gjennomgått i samband med dei kommunale beredskapstilsyna. I samband med tilsyna vert kommunane også minna om å ha ei breid samansetjing/representasjon i det kommunale beredskapsrådet.

Fylkesmannen fører vaktlogg i DSB-CIM. Når det er hendingar av større omfang vert det oppretta eiga hending i CIM. Situasjonsrapportar m.m. vert delt med relevante aktørar som nyttar CIM. Bruk av DSB-CIM i kommunane er ikkje så god som ønskjeleg. Noko av dette skuldast vår manglande opplæringskapasitet i 2014 i tillegg til at kommunane i liten grad viser interesse for deltaking på sentrale CIM kurs.

Øving og testing av samordning og rapporteringsrutinar inngår m.a. i Fylkesmannen sine årlege faste varslingsøvingar med alle kommunane og fylkeskommunen.

Når det gjeld oppfølging av andre regionale beredskapsaktørar vert dette i hovudsak ivareteke ved vidareending av rutinevarsel og hendingar i DSB-CIM/vaktlogg. Det er og gjennomført ei 2-dagars samling for det utvida Fylkesberedskapsrådet i Hordaland i 2014. I det utvida fylkesberedskapsrådet er også 2 representar for frivillige organisasjonar representerte.

Etablering av Nødnett pågår i vår region og er venta fullført 2014/2015. I samarbeid med DNK er det i ulike fora og vore presentert status og problemstillingar for utbygginga i Hordaland.

Fylkesmannen har tett og godt samarbeid med kraftforsyningens distriktssjef (KDS). Det har i 2014 vore fleire kritiske hendingar som KDS har varsla Fylkesmannen om og der det har vore samordna innsats for å løysa utfordringane. Dei mest omfattande hendingane har vore i samband med vind og flaum.

Også for EKOM-tenester har det vore fleire større hendingar i samband med vind og flaum.

Telenor og kraftforsyninga sine representantar i fylkesberedskapsrådet har i 2014 rutinemessig og ved ekstraordinære hendingar varsla Fylkesmannen.

Fylkesmannen har også delteke i møte med Met Vest der tema var erfaring og utvikling av varslingsrutinar.

Styrking av atomberedskapskompetanse og CBRN beredskap har i 2014 særleg vore retta inn mot uønskte

hendingar med reaktorfarøy. Målgruppa har i fleire samanhengar vore regionale etatar i Atomberedskapsutvalet, Fylkesberedskapsrådet, politisk og administrativ leing i kommunane i tillegg til fagpersonell som brannsjefar og beredskapskontakter i regionale og kommunale etatar. Ved CBRN samlinga 28.1.2014 på Haakonsværn vart ulike hendingar og reaksjonsmønster gjennomgått.

Fylkesmannen har også vore på 2 besøk hos Statens Strålevern på Østerrås for å drøfta avklaringar i handlingreaksjon mellom Kriseutvalet og regionalt atomberedskapsutval. Statens Strålevern har også vore på møte i Bergen hos og med fylkesmannen og politimester i Hordaland for å oppdatera og avklara prosedyrar ved atomrelaterte hendingar.

Fylkesmannen deltok også i fellessamling med Krisetutvalet på Haakonsværn 2.6.2014

Fylkesmannen har beslutta å slå saman regionalt atomberedskapsutval og fylkesberedskapsrådet. I den samanheng vert det og gjennomført ein gjennomgang av kven som er relevante deltakarar i rådet. Arbeidet vert slutført i 2015.

Fylkesmannen har i 2014 gjennomført ei atomberedskapsamling for kommunane i innseglingssleia for reaktorfarøy til Haakonsværn.

Vidare har Fylkesmannen også på si årlege samling for alle kommunane hatt atomberedskap som tema.

Ved begge atomberedskapssamlingane har Statens Strålevern og naudetatane vore medverkande aktørar.

54.2 Fylkesmannens beredskapsarbeid

Fylkesmannen sin plan for beredskapssituasjonar er ikkje oppdatert utover det som gjeld kontaktinformasjon. Kriseleiiing og element i Fylkesmannen sin krise/krigstidsstab er øvd i samband med den militær/sivile øvinga Bjørgvin 2014. I denne øvinga vart og relevante aktørar (ca 15) kalla inn til møte i fylkesberedskapsrådet. Det vart då også iverksett anmodning fysisk objektsikring i samband med gjennomføring av møtet.

Krisestøtteverktøyet DSB-CIM vert nytta til loggføring i samband med hendingar. Òg her har vi utfordringar med omsyn til å ha tilstrekkeleg personell med CIM-kompetanse. Dette krev jamleg bruk og øving, noko som er vanskeleg å få til i ein hardt pressa organisasjon. Det har i 2014 vore fleire varslingsformidling til kommunane av mellom varsel frå NVE og Met Vest.

Fylkesmannen i Hordaland er i prosess med innføring av nytt gradert samband. Utstyret er fysisk på plass og montering oppstarta ved årsskiftet 2014/2015. Forventa klarsignal for operativ bruk av nytt samband er opplyst til å vera april 2015.

54.4 Øvelser

Fylkesmannen gjennomfører større fellesøvingar med alle kommunane annakvart år. Neste fellesøving vert i 2015.

Fylkesmannen gjennomførte den årlege varslings- og rapporteringsøving med alle kommunane 5. september 2014.

Fylkesmannen deltok også i varslingsøvingar frå m.a. Statens Strålevern, Mattilsynet mfl.

Fylkesmannen og fleire regionale sivile etatar har delteke og hatt ei aktiv rolle i HV09 si øving Bjørgvin 2014 som har hatt fleire Table Top-samlingar og til sist sjølvøvinga 10. - 12. september der omlag 1000 militære mannskap saman med politi gjennomførte fysisk objektsikring/trening.

Fylkesmannen har også vore delaktig i øvingar med Mattilsynet.

Ved øvingar vert krisestøtteverktøyet DSB-CIM nytta.

Det er potensiale for betre samordning og deltaking av øvingsverksemda i Bergensområdet.

Per i dag øver etatane for mykje kvar for seg. T.d. i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt fungerer dette tilsynelatande betre m.a. p.g.a. eit velfungerande øvingsutval under LRS. Det hadde vore ønskjeleg med eit tilsvarande initiativ frå Hordaland politidistrikt si side.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Regional krisehåndtering vert i hovudsak initiert via heile eller deler av fylkesberedskapsrådet når det er hensiktsmessig.

Krisehåndtering er og tema ved beredskapstilsyn i kommunane. Varsling og rapporteringsrutinar vart særskilt testa og øvd i samband med varslingsøvingar for alle kommunane. Ut over dette vert det formidla ulike beredskapsvarsel/meldingar til kommunar og regionale beredskapsorgan.

I 2014 har det grunna vind og flaum vore fleire bortfall i telenettet og kraftnettet i fleire kommunar. Dette medførte m.a. kontakt med Telenor og kraftforsyninga sine representantar i fylkesberedskapsrådet. Varsling og informasjonsrutinane har i denne samanheng fungert tilfredstillande.

Fylkesmannen har 3 berbare satelittelefonar og 1 stasjonær sendar/mottakar. I 2014 har og fleire kommunar i Hordaland kjøpt inn satelittelefonar. Pr. 2014/2015 har minst 13 av dei 33 kommuane i fylket ein eller fleire satelittelefonar.

Fylkesmannens beredskapsvaktlogg for 2014 har 247 loggføringer medreka oppfølgjande meldingar. Fylkesmannen har i tillegg også i 2014 sendt 52 vekerapportar til DSB. Dei fleste loggføringane er i hovudsak knytt til varsel/formidling av varsel frå NVE, Meteriologisk, Statens Strålevern, Helsedirektoratet og DSB.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 24 458,49	kr 10 837 605,92
52.1 Fri rettshjelp	kr 2 069 205,19	kr 24 448,21
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 2 314 859,23	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 920 383,23	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 257 780,65	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 229 872,86	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 224 007,23	kr 0,00
Sum:	kr 6 040 566,00	kr 10 862 054,00

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

60.1 Helhetlig ledelse og virksomhetsstyring

Heilskapleg og strategisk leing

Embetsleiinga og leiargruppa har i 2014 arbeidd vidare med å styrkje den heilskaplege og strategiske leiinga ved embetet. Det har vore eit mål å skape ei omforeint og myndiggjort leiargruppe som saman evner å styre embetet mot god måloppnåing både fagleg, økonomisk og personalmessig. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få til ei heilskapleg leing har det vore viktig å knytte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi har etablert fire faste leiarmøte i året for den "store" leiargruppa. Møta er lagde inn i styringshjulet.

Fylkesmannen har definert eit verdisett med leiarprinsipp som ligg til grunn for all aktivitet i verksemda:

- Vere tydleg
- Vise lojalitet til eiga organisasjon
- Vise tillit og støtt dine medarbeidarar
- Respektare andre sin kunnskap
- Avklare mål og følg opp resultatansvaret
- Vere kreativ
- Spreie humør og trivsel
- Gå føre og ver gode eksempel

Vi arrangerte hausten 2014 ei leiarutviklingssamling i Ulvik for heile den utvida leiargruppa. Med oss på samlinga hadde vi ein ekstern prosesskonsulent frå AFF som har følgt oss over tid. Tema for samlinga var mellom anna:

- Heilskapleg og strategisk tenking – kva tyder/inneber det for oss?
- Fellesmøte for leiargruppa og seksjonsleiarane – kva skal vere tema for desse møta?
- Samarbeid og samordning på tvers av fagavdelingane – fungerer samarbeidet og kva er utviklingspotensialet?
- Oppfølging av medarbeidarundersøkinga 2014

Som ei oppfølging av denne samlinga har vi sett ned ein arbeidsgruppe som skal sjå på korleis vi kan utvikle dei utvida leiarmøta. Vi har og sett i verk tiltak for å få betre samordning og samarbeid på tvers av fagavdelingane. Det er utvikla dialogmøte og gode samarbeidsrutinar på fleire område, som til dømes på planområdet. Vi har i samband med verksemdsplanarbeidet identifisert område som er avdelingsovergrepande og det er sett i gang fleire fellesprosjekt, mellom anna prosjektet «barn og unge». Dette er viktige tiltak for å bidra til læring og erfaringsutveksling internt.

Embetet har søkt og fått kompetansemidlar frå Difi til nytt leiarutviklingsprogram og til målretta kompetanseutvikling i embetet. Dette er eit to-delt prosjekt som skal gå i 2015-2016. Formålet med prosjektet er å:

1. Utvikle ein lokal leiarplattform i samsvar med ny leiarplakat i staten og programmet for betre styring og leing i staten 2014-2017. Få eit heilskapleg og strategisk leiarfokus på alle nivå i tråd med krav til betre og meir effektiv styring i staten.
2. Gjere tydeleg ansvar, roller og krav i eigen organisasjon til medarbeidarar for å auke den heilskaplege forståinga for embetet sitt oppdrag og samfunnsansvar.

Fylkesmannsskulen

Vi har etablert ei eiga opplæring for alle nyttilsette «Fylkesmannsskulen». Fylkesmannsskulen går årleg over fire bolkar og alle leiarar kan få roller i opplæringa. Vi skal med dette sikre at alle får den same grunnopplæringa i forvaltningsetikk, rolleforståing og intern policy med meir.

Bolk 1: FYLKESMANNEN

- FM - historisk framstilling
- FM - del av styringssystemet mellom sentral stat og kommunar
- FM - funksjon/roller

- FM - organisering og oppgåver

Bolk 2: KOMMUNANE

- Kort kommunehistorie
- Plass i styringssystemet
- Staten sin styring/kontroll med kommunane
- Kostra
- Kommuneøkonomisystemet
- Kommunal organisering

Bolk 3: STYRINGSSYSTEM FOR OG I FYLKESMANNSEMBETET

- Overordna organ
- Embetsoppdrag
- Bevilgningsbrev
- Sentrale interne styringsdokument
- Styringssystemet - sentrale deler

Bolk 4: TILSETTE SINE RETTER OG PLIKTER

- Lønn/lønnplassering/lønnsforhandlingar
- Ferie/avspasering
- Permisjon
- IA- avtalen
- Informasjonstryggleik/IKT

Bolk 5: FORVALTNINGSROLLA

- Etikk
- Allmenne/grunnleggjande forvaltningsprinsipp
- Menneskerettskonvensjonar
- Teieplikt
- Habilitet
- Hovudprinsippa i forvaltningslova/offentleglova

Risikostyring

Embetet har implementert risikostyring i det ordinære styringssystemet vårt. Ansvar

er forankra i leiargruppa men kvar avdeling er involvert i arbeidet. Risikostyring er integrert i verksemdsplanarbeidet og i styringshjulet. Frå 2013 har avdelingane i samband med verksemdsplanarbeidet gjennomført risikovurderingar av kritiske faktorar knytt til å nå hovudmåla i oppdraga. Risiko på dei ulike områda blir vurderte i samband med gjennomgang av verksemdsplanen jf. styringshjulet.

Leiargruppa har gjennomført ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdskritiske område i 2014. Etter denne analysen vart det i byrjinga av året identifisert åtte overordna risikoområde:

1. Verjemål
2. Informasjonstryggleik
3. Tilskotforvaltning
4. Beredskap
5. Sikkerhetsloven. Oppfølging av avvik etter tilsyn
6. Internt plansamarbeid
7. Ombygging i Statens Hus - kostnad
8. Arkivet - ressursituasjon

Leiargruppa har i løpet av året hatt risikostyring på dagsorden i fleire leiarmøte. Dette er dokumentert i referat. Grunna tiltak som er sett i verk, har fleire av punkta i løpet av året fått justert ned risiko og er kvittert ut. Dette gjeld m.a. oppfølging av avvik etter tilsyn (jf. Sikkerhetsloven), risiko knytt til ombygging og ressursituasjon i arkivet.

Vi har utarbeidd eigne retningslinjer for risikostyring som klargjer roller, ansvar og metodikk for risikovurdering. Retningslinjene skal ligge til grunn for arbeidet med verksemdsplanen i avdelingane og i embetet.

Risikovurderingar skal generelt vere eit element i kvalitetssikring av alle arbeidsprosessar med sikte på å unngå feil, og sikre god ressursutnytting. Embetet har nytta ei metodisk tilnærming med utgangspunkt i DFØ sin rettleiar for risikostyring.

Medarbeidarundersøkinga 2014

Embetet gjennomførte medarbeidarundersøking hausten 2014, gjennom verktøyet AVANT. Vi fekk ein svarprosent på 84. Samla sett er vi godt nøgd med resultatet og det er framgang på dei fleste spørsmåla i høve til tidlegare undersøking, sjølv om det er variasjonar avdelingsvis. Hovudtendensen i svara som er gitt er at medarbeidarane i stor grad opplever å ha spennande oppgåver og at dei tek ansvar for eigen utvikling. Spørsmåla med lågast verdi er knytt til løns- og arbeidsvilkår og til om medarbeidarane opplever å ha gode karrieremoglegheiter internt. I tillegg skårar vi lågt på spørsmål knytt til endringsprosessar. Undersøkinga viser og at vi har utviklingspotensial når det gjeld samarbeid og samordning på tvers av avdelingar, jf. punktet om heilskapleg leiing.

Etter at rapporten frå undersøkinga var klar, har denne vore gjennomgått i leiarmøte og i møte med tillitsvalde og verneombod. Både tillitsvalde og verneombod har hatt høve til å kome med merknader og innspel til undersøkinga og kva punkt dei meiner det er viktig å ha fokus på framover.

Undersøkinga og funna herifrå har og vore tema i utvida leiarmøte som var i Ulvik i november 2014. Leiinga i dei ulike avdelingane har ansvar for å følgje opp undersøkinga i eiga avdeling. Dette inneber å informere om, og drøfte, resultatet frå undersøkinga og utarbeide ein handlingsplan for vidare oppfølging. Det er no utarbeidd ein tiltaksplan med felles tiltak for heile embetet og tiltak for kvar avdeling. Denne planen er lagt ut på vårt intranett.

Tilbakemeldingar vi har fått frå medarbeidarar og resultatet av undersøkinga viser at fleire av spørsmåla i undersøkinga er for unyanserte og uklåre. Dette skaper problem i etterkant med tolkinga av resultatet. Dette gjeld i særleg grad spørsmåla som går på endring og etikk. Vi oppmodar KMD om å melde dette tilbake til DIFI.

60.2 Mangfold og likeverd

Inkluderande arbeidsliv

Fylkesmannen i Hordaland teikna ny samarbeidsavtale med NAV arbeidslivssenter og partane lokalt hausten 2014. Det vert halde minimum to årlege møte der IA er tema. Her deltek både tillitsvalde og verneombod i tillegg til aktuelle leiarar og representantar frå embetsleiinga, som regel både Fylkesmanne og assisterande fylkesmann. Dette er eit bevisst val for å vise at inkluderande arbeidsliv er forankra i toppleiinga og er meir enn honnørord. Inkluderande arbeidsliv og sjukefråver er og tema i leiarmøte i embetet - minimum ein gong per kvartal.

Sjukefråver

Embetet har i avtalen sett som målsetjing at sjukefråværet skal vere under fem prosent. Dette målet har vi dei siste åra nådd med god margin, noko vi trur skuldast fokus på ergonomitiltak og at medarbeidarane har meningsfylte oppgåver i eit godt og inkluderande arbeidsmiljø. Embetet driv systematisk HMS-arbeid, og har utarbeidd ein kombinert IA/HMS- tiltaksplan med fokus på helsefremjande aktivitetar som treningsrettleiing, sunnheitsdagar, pausetrin, turlunsjar mv. I tillegg har vi tett oppfølging av sjukmelde og fokus på tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid for å hindre full sjukmelding i dei tilfella det er aktuelt. Dei aller fleste tilsette har hev/senkpult med tanke på ergonomisk tilrettelegging av arbeidsplassen. Fylkesmannen i Hordaland arbeider tett både med bedriftshelsetenesta og NAV for å halde sjukefråværet nede, og nyttar verkemiddelapparatet til NAV aktivt og målretta. Vi ser at kvinner jamnt over i snitt har noko høgare sjukefråver enn menn. Det er likevel ikkje svært store skilnader. Når vi ser på aldersgrupper, er det i aldersgruppa 60-69 år vi har det høgste sjukefråværet i snitt.

Nøkkeltal 2014

Totalt sjukefråver (eigenmeld og legemeld): 4,19 prosent.

Legemeldt sjukefråver: 2,8 prosent (fram til og med 3. kvartal 2014)

Kvinner står for 56 prosent av det legemeldte sjukefråværet.

Turnover: 6,5 prosent (medarbeidarar som har **sagt opp** stillinga si for å ta til hos ny arbeidsgjevar).

Praksisplassar for personar med redusert funksjonsevne: 3

Praksisplassar for framandspråklege: 2

Lærlingar: 0 (både i 2013 og i 2014)

Mangfaldsrekruttering

Som statleg arbeidsgjevar har Fylkesmannen eit ansvar og når det gjeld å må nasjonale og overordna målsetjingar knytt til mangfald og integrering. Vi arbeider særleg for å tilsetje fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn

og nedsett funksjonsevne som er ein underrepresentert gruppe blant tilsette i embetet. I tillegg tilbyr vi arbeidspraksis, både til ordinære arbeidssøklarar med ulike utfordringar og til personar med nedsett funksjonsevne. Her har vi hatt eit utstrakt samarbeid med NAV for å nå målgruppa i "jobbstrategien" - under 30 år. Likevel ser vi at det er få aktuelle kandidatar i denne gruppa som er aktuelle for praksisplass. Vi har forsøkt å kompensere dette med å ta inn praksiskandidatar med innvandrarbakgrunn, gjennom NAV sine tilskotsordningar.

Fylkesmannen i Hordaland har gjennomgåande få kvalifiserte søklarar med innvandrarbakgrunn til ledige stillingar. Fleier av dei som søker legger ikkje ved NOKUT godkjenning av utdanning, noko som gjer det vanskeleg å vurdere kvalifikasjonane deira opp mot krava i stillinga og dei andre søklarane. Dette, saman med krav til nynorskkompetanse, er ei hindring når det gjeld å få tilsett fleire frå denne gruppa. Vi har og få søklarar som opplyser å ha nedsett funksjonsevne. Både søklarar med innvandrarbakgrunn og søklarar med nedsett funksjonsevne vert vurdert særskilt for intervju. I 2014 vart det tilsett ein person med innvandrarbakgrunn (vestleg).

Auka pensjoneringsalder

Fylkesmannen i Hordaland har høg pensjoneringsalder, over 66 år, og har difor ikkje sett som mål å auke denne, men å framleis arbeide for å oppretthalde den høge pensjoneringsalderen. Virkemiddel er fokus på kontinuerleg kompetanseheving, bruk av seniorkompetane i mentorverksemd, fleksibelt uttak av ferie-, fri- og seniordagar og individuell tilrettelegging for den einskilde etter behov.

Likestilling

Fylkesmannen i Hordaland har som måletjing at alle tilsette skal ha same høve til personleg og fagleg utvikling, kompetanseheving, arbeidsoppgåver, ansvar, lønnsutvikling og avansement uavhengig av alder, kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Vi arbeider kontinuerleg for å ha ein jamn kjønnsfordeling i leiargruppa, og ser hen til likestillingshensyn og balansert alders- og kjønnsamansetnad i arbeidsgrupper og interne utval. Dette går og fram av tilpasningsavtalen vår.

Fylkesmannen i Hordaland har overvekt av kvinner blant tilsette, og vi har jamn kjønnsfordeling i leiargruppa. Det har difor ikkje vore naudsynt å ha eigne tiltak på dette området. Vi ønskjer å ha ein så jamn kjønns- og aldersfordeling som råd - og ser hen til både kjønn og alder når vi rekrutterer nye medarbeidarar.

Når det gjeld lønn, ser vi at menn gjennomgåande tener noko meir enn kvinner. Skilnaden er likevel marginal, og i nokre stillingskategoriar som til dømes kontorstillingar og seksjonssjef/ass.dir tener kvinner meir enn menn. Kvinner er overrepresenterte i den lågaste stillingskategorien.

Embetet har retningslinjer for handtering av konflikter og mobbins som bidreg til å motvirke trakassering både generelt og relatert til kjønn, religion, etnisitet, legning mv. Elles er inkluderingsmåla våre presiserte i lokal IA-avtale.

Lønn

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Embetsledelse/direktør	2014	45,0	55,0	100	100	87,0
	2013	50,0	50,0	100	100	93,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2014	53,0	47,0	100	100	102,0
	2013	63,0	37,0	100	100	102,0
Saksbehandler I	2014	48,0	52,0	100	100	95,0
	2013	54,0	46,0	100	100	97,0
Saksbehandler II	2014	31,0	69,0	100	100	98,0
	2013	30,0	70,0	100	100	98,0
Kontorstillinger	2014	22,0	78,0	100	100	104,1
	2013	19,0	81,0	100	100	98,0
Fagarbeiderstillinger	2014	0,0	0,0	0	100	0,0
	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2014	0,0	0,0	0	100	0,0
	2013	0,0	0,0	0	100	0,0
Totalt i embetet	2014	39,8	60,2	500	100	97,5
	2013	43,2	56,8	500	100	97,5

Deltid

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2014	28,0	72,0	14,0	86,0	25,0	75,0	40,2	59,8
	2013	36,0	64,0	26,3	73,7	29,0	71,0	40,0	60,0

Ansatte

2014	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn	
	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMHO	44,0	56,0	100	40,0	60,0	100	100	93,0

60.4 Embetsspesifikke oppdrag på IKT-området

Fylkesmannen i Hordaland har ingen embetsspesifikke oppdrag på IKT-området å rapportere på i år.

Resultatområde 61 Samordning og modernisering i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Fylkesmannen i Hordaland har i 2014 videreført arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen.

Dei einskilde fagavdelingane samordnar i stor grad praktisk innafor sine fagfelt -både internt eller eksternt mot andre statsetatar.

Det er oppretta eit eige statsetatsleiarforum som blir samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. Det årlege arrangementet om hausten er eit viktig møtepunkt for ordførarar og rådmenn i fylket.

Embetet deltek også på regionmøte i fylket saman med andre regionale statsetatar.

Fylkesmannen personleg leiar fylkesberedskapsrådet. Rådet samlar regionale aktørar med relevans til beredskapssituasjonen. I rådet inngår statlege organ, kommunar og andre organisasjonar/bedrifter.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve. Kvar 14. dag er det internt møte med avdelingsdirektørane – noko som bidreg til samordning både internt og eksternt.

Det eksisterer eit tverrfagleg forum for plansaker internt på embetet. Det tverrfaglege samarbeidet vert og tatt med inn i planforum, i møte med Fylkeskommunen og kommunane.

Embetet arrangerer årleg 50-60 konferansar/seminar, i hovudsak retta mot kommunane, på ymse fagområde. Andre statsetatar deltar også der dette er føremålsteneleg.

Samordning er eit vanskeleg felt. Kva som er god samordning er vanskeleg å måle. Fylkesmannen har tatt utgangspunkt i KMD sine retningslinjer. Vi meiner vi etterlever dei mål og prinsipp som ligg til grunn, og dei særlege område som er lagt til grunn for fylkesmannen sitt samordningsansvar skal såleis vere ivareteke.

61.2 Modernisering i kommunene

Fylkesmannen i Hordaland har lagt vekt på synleggjering av den faktiske stoda i kommunane, anten det gjeld saksfelt, kommuneøkonomi eller anna. På den måten ønsker fylkesmannen å kartleggje behovet for fornying. På det økonomiske området er bruken av KOSTRA sentralt.

Fylkesmannen satt i 2014 av tilsaman 16,7 mill. kr frå ordinær skjønnsramme til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Dei fleste prosjekta var interkommunale prosjekt. Ei sterkare samhandling mellom småkommunar er naudsynt for at oppgåver skal kunne løysast. Mange kommunar er for små til å klare oppgåvene sjølve.

For tilsynsarbeid vert det vist til eige ressursområde.

Prioriteringa av interkommunale tiltak har vore vellukka, og eit utstrakt interkommunalt samarbeid er ein realitet.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

I embetet er det etablert eit forum, Tilsynsforum, der alle avdelingar som har tilsynsoppgåver er representerte. For å få til eit godt og samordna tilsyn hos Fylkesmannen blir det i forumet diskutert ulike temaer innan tilsynsfeltet, slik at vi kan ha ein felles og samordna tilsynspraksis i møte med m.a. kommunane.

For å bli kjent med og ha høve til å diskutere tilsynsspørsmål med samordningsføremaal har vi jamlege besøk av representantar frå andre statlege tilsynsorgan. Her vert det diskutert tilsynsfaglege spørsmål, og etablert samarbeid der det er høveleg.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

Fylkesmannen går kvart år gjennom samtlege 33 kommunebudsjett. Budsjetta og økonomiplanane til ROBEK-kommunane blir prioriterte. Det har i 2014 vore endringar i registreringa i ROBEK. Kommunane Meland og Kvinnherad er teken ut av registeret. Kommunane Stord og Osterøy er framleis registrert ved årsskiftet 2014/2015. Talet på kommunar i ROBEK er med andre ord i 2014 reduserte frå fire til to kommunar.

Samtlege kommunar får ei skriftleg og grundig tilbakemelding på budsjett og økonomiplan.

På denne måten kan fylkesmannen skaffe seg eit godt oversyn over stoda i kommunane (framoverretta i motsetnad til rekneskapstal). Vi veit at kommunane set pris på denne tilbakemeldinga.

Fylkesmannen har i 2014 godkjent eit låneopptak, utanom låneopptak godkjent i samband med lovlegkontroll av budsjett. Den eine særskilte lånegodkjenninga var ei utviding av kassakreditt for ein kommune i ROBEK - registeret.

Fylkesmannen har i 2014 godkjent 14 vedtak om nye garantiar, eller endring av eksisterande garantiar.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med samandrag av det økonomiske opplegget for kommunane i

statsbudsjettet (oktober) og kommuneproposisjonen (mai), når framlegget er blitt offentleg. Samstundes blir informasjon lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider.

Fylkesmannen sine økonomirådgevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen.

Vi har også i 2014 gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunane, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, fylkesmannen godt oversyn over den økonomiske tilstanden i fylket.

Vi møter ofte den einssilde kommune for ein gjennomgang av status og utfordringar. Dette er i stor grad knytt til gjennomgangen av årsbudsjett og økonomiplan, og i samband med fordeling av skjønsmidlar. Det er spørsmål frå kommunane meir eller mindre heile året, mellom anna om det økonomiske opplegget, inntektssystemet, økonomidelen av kommunelova og økonomi- reglar/ forskrifter.

I 2014 har det også vore økonomispørsmål knytt til kommunereforma, både direkte frå kommunar og gjennom eigen prosessrettleiar for reforma på embetet.

Vi har særleg lagt vekt på å halda ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å kome på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlate til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har oppmoda kommunane til å nytte KOSTRA. Det er problem med sårbarheit på personalområdet i kommunane. Ei sjukemelding eller skifte av personell i den kritiske fasen rundt nyttår kan gå ut over rapporteringa.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har også for 2013 utarbeidd samanfattande rapportar om den økonomiske stoda i alle kommunane i fylket (førebelse og endelege tal).

Rapportane gjeld utviklinga til og med 2013. I tillegg er det lagt ut 2013-tal for den einssilde sektor i den einssilde kommune i form av rapportgeneratorar. Både rapport og rapportgenerator er lagt ut på heimesidene våre og elles marknadsført overfor kommunane. Denne bruken av KOSTRA er blitt nyttig for kvalitetssikring av tala.

Fylkesmannen har i 2014 hatt kontakt med kommunane i samband med budsjettprosessen for 2015. Vi har nytta høve til å forklare den økonomiske stoda for kommunen ved hjelp av inntektssystem, statsbudsjett og KOSTRA.

For 2014 har Fylkesmannen fordelt ei skjønnsramme på kr. 137,5 mill. til kommunane. Av dette blei kr. 16,7 mill gitt til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn).

Av ramma på kr. 127,7 mill. for 2015 er kr. 27,0 mill. førebels ikkje fordelt mellom kommunane.

Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

63.1 Kommunalrett

Vi har behandla to lovlegklagar etter kommunelova § 59 nr. 1 i 2014, medan to klager vart avvist fordi vilkåra for lovlegkontroll ikkje var oppfylt. Vi har også motteke ein del oppmodingar om lovlegkontroll av eige tiltak, men ingen av desse sakene har resultert i at det er fatta vedtak.

Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMHO	2	1	1	0	0	0	0	0
Sum	2	1	1	0	0	0		

63.3 Kommuneinndeling

Det har vore eit uavklart spørsmål mellom kommunane Kvinnherad og Jondal om skatteoppgjer etter grensejustering. 41 innbyggjarar er som følge av grensejustering overførte frå Kvinnherad til Jondal kommune. Vi har tilrådd dei to kommunane å inngå ein eigen avtale om økonomisk oppgjer. Vi har gitt opplysningar frå inntektsystemet (inntektsutjamning) som grunnlag for utkast til avtale om økonomisk oppgjer frå Kvinnherad til Jondal kommune. Dei to kommunane var samde om at fylkesmannen skulle vurdera utkastet til avtale frå Jondal kommune. Vi var samd i utkastet til avtale, og det er på dette grunnlag inngått avtale mellom dei to kommunane.

63.4 Valg

Det var ikkje val i 2014.

63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 15 klagesaker etter offentleglova i 2014. Dette talet omfattar berre oversendingar hit som har resultert i vedtak fatta her.

Av desse vart klagar i 8 av sakane gitt heilt eller delvis medhald.

Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Vi har handsama 517 klagesaker i 2014. Vi arbeider systematisk med å byggje ned restansane på området.

Vi har i 2014 vore innafor fristen på 12 vekers sakshandsamingstid i nesten samtlege saker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for år 2014 er 44 dagar.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har handsama til saman ni saker om ekspropriasjon i 2014. Desse fordelte seg slik:

To saker gjaldt søknad om samtykke til ekspropriasjon etter oreigningslova § 2 nr. 19 (varmekraftverk, kraftliner, transformatorstasjonar og andre elektriske anlegg) og nr. 31 (bustadbygging). Samtykke til ekspropriasjon vart gjeve i begge sakene.

Fire saker gjaldt søknad om samtykke etter oreigningslova § 25 til å setje i verk oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjønn. Samtykke vart gjeve i alle desse.

Tre saker gjaldt klage over kommunestyret sitt vedtak etter plan- og bygningslova § 16-2 om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan. Kommunestyret sitt vedtak vart stadfesta i dei tre sakene.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama saker etter lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder i 2014.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMHO	1	1	0	Eierseksjonsloven § 11
Sum	1	1		

66.5 Planlegging og geodata

Prioriteringar

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga har òg i 2014 særleg vektlagt arbeidet med overordna planar, noko som er tydeleg kommunisert til kommunane i fylket. I praksis betyr det at vi har hatt tett dialog med kommunane i arbeidet med dei overordna planane for å gje tydelege tilbakemeldingar tidleg i planprosessane. Kommunane i Hordaland har elles generelt godt oppdaterte kommuneplaner. Samstundes har Fylkesmannen vore tydeleg på at det er viktig med gode kommuneplanar.

Utfordringar

Det har lenge vore og er framleis eit problem i Hordaland at det har vore gitt mange dispensasjonar frå gjeldande planar. Likevel ser vi ei positiv utvikling. I 2011 fekk Fylkesmannen ca. 1500 dispensasjonar til uttale, medan det i 2012 var redusert til noko i overkant av 1000 dispensasjonar. Talet for 2013 og 2014 er nokolunde dei same. Det vi ser, er at dispensasjonar etter kvart vert brukte som unntaksregel etter det som er intensjonen i plan og bygningslova, og at ein ikkje i like stor grad som før brukar dispensasjonar for tiltak som krev plan. Det medfører også at klager på dispensasjonar frå Fylkesmannen er gått ned, frå 174 klager i 2011 til 59 i 2012, 37 i 2013 og berre 18 klagar i 2014. Denne utviklinga meiner vi har samanheng med at det i kommunane ei auka merksemd på at arealutviklinga må styrast etter plan. Fylkesmannen har lagt stor vekt på dette i kommunikasjonen med kommunane.

Strandsone

Hordaland har ei stor og variert strandsone. I samband med auka arealpress generelt, aukar òg presset på strandsona. Særleg i tettbygde strok er strandsona delvis nedbygd og privatisert. Det har skjedd gjennom både godkjende planar og ved dispensasjonar. Fylkesmannen har også i 2014 vore deltakar og premissleverandør i det pågåande arbeidet med interkommunal strandsoneplan og regional kystplan som er til høyring i kommunane no. Vi merkar ei generell aukande merksemd frå kommunane om dei utfordringane dei står overfor ved vidare nedbygging av strandsona.

Planforum (samarbeid med fylkeskommunen)

I samarbeid med Hordaland fylkeskommune møter Fylkesmannen kommunane til diskusjon plansaker i hyppige møte i Planforum.

28. og 29. oktober arrangerte Fylkesmannen og fylkeskommunen i samarbeid Kommuneplankonferansen.

Prosjekt "Flere boliger i bedre by"

Arbeidet med oppfølging av kommunane kom godt i gang i 2014. Det er gjennomført vitjing til 11 kommunar i tillegg til fleire møte med ulike tema.

Eit av fleire fora for samhandling og utvikling er deltaking i Transnovaprojekt om Kunnskap og kompetanse for klimavennleg og attraktiv byutvikling. Oppstartmøte fann stad i Oslo i haust. Målet er å samle og utarbeide kunnskap som på ein relevant og refererbar måte kan nyttast av planleggjarar i planprosessar og analysar. Prosjektet vil vare ut 2017.

Fylkesmannens prosjektmedarbeidar har delteke på fleire konferansar, mellom anna Vossakonferansen, Energismarte byar, Storbynettverk KMD, KMD-møte, Ciens konferansen og Dive-metode i planlegging. Fylkesmannen deltek òg i samarbeidsgruppe for tema til frokostmøte i regi av Framtidens byer.

Prosjektet arrangerte heildagseminar 24. november med om lag 50 deltakarar frå kommunar i Hordaland.

Stillinga er nytta til vurdering av søknader til skjønsmidlar for by og tettstadsutvikling som har vore eit av dei prioriterte områda for utdeling av midlar for 2014. Os kommune ønskje å nytta arkitektkompetansen til fylkesmannen ved vurdering av to arkitektkonkurransar/parallelle oppdrag for sentrumskjerna på Os.

Stillinga deltar i tverrfaglege samarbeidsprosjekt i fylkesmannsembetet i gruppe om tiltak for fattige barn.

Fylkesmannen har hatt planprogram, samt offentleg ettersyn av sentrumsplanar til uttale. I desse planane er stillinga nytta av saksbehandlarar for gjennomgang av planer. I nokre tilfelle er det anbefalt endring av planen, og at statlege føringar og retningsliner kjem betre fram i planskildring og føresegner. Grunna saksmengde ved planseksjonen er stillinga i tillegg nytta til ordinær saksbehandling.

Det er oppretta kontakt med mellom anna Hordaland fylkeskommune og andre aktuelle fagmiljø.

Busetting av flyktningar

Fleirtalet av kommunane i Hordaland buset flyktningar, men berre eit fåtal buset så mange dei blir bedne om. Gjennom prosjektet Busettingsdugnad i Hordaland skal Fylkesmannen bidra til å busette fleire flyktningar i kommunane. Vi koplpar forsøket til rolla vår på plan men også på kommuneøkonomi, barnehage og opplæring, andre velferdstenester og næringsutvikling. Som del av prosjektet vil vi nytte skjønnsmidlar til kommunane for å styrke busetting og integrering.

Miljøomsyn i plan

Plankyndige frå plangruppa og miljøvernaveidlinga deltok på oppstartsmøtet for plannettverk om miljøomsyn i plan for vestlandsfylka. Med utgangspunkt i kystsonenettverk var det diskutert framgangsmåte for det nye nettverket. Gjennomgang av status på planområdet var diskutert, og erfaring med motsegnprosjektet med omsyn til miljø var utveksla. Gruppa skal møtast regelmessig framover.

Forsøk med samordning av statlege motsegner

Etter å ha blitt utvald som eit av 6 forsøksfylke, starta Fylkesmannen opp prosjektet "Samordning av statlege

motsegner til kommunale planar" den 1.9.2013, som planlagt. Det er tilsett prosjektleiar i full stilling for ein periode på 3 år.

Gjennom prosjektet har vi allereie hausta nyttige røynsler for korleis staten kan opptre meir koordinert i si medverknad innan kommunalt arealplanarbeid.

I samsvar retningslinene for forsøket, har vårt hovudfokus vore å samordne statlege interesser i kommunale arealplanar i høyringsfasen, der ei eller fleire statlege sektorstyresmakter finn grunnlag for å fremje motsegn.

Gjennom ein utvida og koordinert dialog mellom etatane og aktuelle kommunar, legg Fylkesmannen til rette for at samarbeidet mellom fagstyresmaktene og kommunane som planstyresmakt skal bli styrka, slik at vi oppnår raskare planprosessar for kommunane og færre motsegner. Attendemeldingane frå dei andre statsetatane og frå kommunane er så langt svært positive.

Tal frå Hordaland 2014

Meklingar

Fylkesmannen har avvikla tre meklingsmøter i 2014. Ei sak gjeld kommuneplan, dei to andre gjeld reguleringsplanar, ei områderegulering og ei eldre regulering. Ingen av sakene er sendt vidare til departementet.

Mekling om områderegulering gjeld Bergen kommune, der det var motsegn frå Statens vegvesen, Jernbaneverket og Hordaland fylkeskommune. Meklinga førte til løysing i saka. Fylkesmannen i Hordaland hadde motsegn til eldre reguleringsplan. Mekling førte til ei løysing. Saka om arealdel til kommuneplan gjeld Masfjorden kommune, der Kystverket har motsegn. Det er halde meklingsmøte der det er vist til løysingar som er drøfta. Meklinga er sett i vent inntil vidare for at kommunen skal få avklart forholda.

Dispensasjonar (tal for 2013 i parentes)

Vi mottok 996 (1059) saker til uttale. Vi har gitt uttale i 138 (144) saker. Vi mottok 1619 (1444) saker til klagevurdering. Det vart klaga på 18 (37) saker og 0 (4) vedtak vart oppheva av oss av di vi såg dei som klårt ugyldige, og ikkje send settefylkesmann.

Reguleringsplan (tal for 2013 i parentes)

Vi fekk oppstartsmelding til 267 (268) reguleringsplanar og 197 (168) planar til offentleg ettersyn. Vi hadde motsegn til *Egil xxxx* (19) planar. Grunnlaget for motsegnene var *Egil xxxx* (11) på strandsone, *Egil xxxx* (5) på naturmangfald, *Egil xxxx* (3) born og unge, *Egil xxxx* (4) landskap, *Egil xxxx* (4) ATP/Klima, *Egil xxxx* (1) landbruk, *Egil xxxx* (2) samfunnstryggleik og *Egil xxxx* (3) grunna i andre tilhøve.

Kommuneplanlegging (tal for 2013 i parentes)

Vi har motteke 18 (10) oppstartsmeldingar og planprogram til uttale. Vidare har vi motteke 19 (16) saker til offentleg ettersyn. Det vart fremja motsegn til *Egil xxxx* (4) planar. Grunnlaget for motsegnene fordeler seg slik: *Egil xxxx* (4) strandsone, *Egil xxxx* (2) naturmangfald, *Egil xxxx* (4) landskap, *Egil xxxx* (1) ATP/Klima, *Egil xxxx* (1) landbruk og *Egil xxxx* (2) samfunnstryggleik.

Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

Resultatområde 69 Partistøtte

Det vart utbetalt kr. 2.955.307,35 til kommuneparti, kr. 1.920.307,35 til fylkesungdomsparti og kr. 6.535.154,68 til fylkesparti i Hordaland i 2014 via den elektroniske løysinga www.partistotte.fylkesmannen.no.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 34 055 459,33	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 0,00	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 961 669,22	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 9 798 335,88	kr 1 445 414,65
Andre oppgaver under KMD	kr 379 076,00	kr 161 894,20
Konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 45 194 540,00	kr 1 607 308,00

Arbeids- og sosialdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

I 2014 behandla vi 320 klager på kommunale vedtak om sosiale tenester. Det er 17 % færre enn i 2013, men om lag på same nivå som i 2012.

Saksbehandlingstida var kort: 78 % av klagene blei behandla innan ein månad, og 99,7 % innan tre månader. Ved utgangen av 2014 var det 27 klager på sosiale tenester som ikkje var behandla, ei mindre enn ved førre årsskifte.

Våren 2014 gjennomførte vi fem dagssamlingar med opplæring i sosialtenestelova og rettleiaren til sosialtenestelova § 17 med nye forskrifter og nytt rundskriv, gjeldsrådgjeving, barnefattigdom og mellombels bustad. Det var eit særleg fokus på at barnefattigdom blir sett i samanheng med andre tiltak frå Nav-kontoret. Opplæringa var koordinert med Nav fylke, men gjennomført av Fylkesmannen aleine.

Alle Nav-tilsette i fylket fekk tilbodet og om lag 300 av dei deltok.

Vi arrangerte seminar for Nav kontora i Voss og Hardanger.

Gjennomførte tilsyn er rapportert under resultatområda 74.1, 74.2. Rettleiing er gitt i etterkant av planlagte tilsyn, på to samlingar for Nav-leiarar og på direkte spørsmål frå tilsette i Nav, andre tilsette i kommunane og publikum.

Fylkesmannen i Hordaland bruker nettsida aktivt til å informere om reglar og praksis når det gjeld sosialstønad: I 2014 la vi ut i alt 22 forskjellige saker under overskrifta «Økonomisk sosialhjelp».

Leiarsamlingane for statlege og kommunale Nav-leiarar, 2 dagar vår og haust, blei arrangert saman med Nav Hordaland.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Vi har lagt vekt på å samordne Fylkesmannens formidlings- og kompetansetiltak innan helse, sosial og barnevernsområdet. Tiltak for formidling, kompetanseutvikling og tilskotsforvaltning på resultatområda 73.1 og 73.6 er også samordna.

Fylkesmannen har i 2014 har starta ei felles satsing på Barn og unge. Det er rapportert nærare om satsinga under punkt 73.6.

Fylkesmannen har systematisert opplysningar om kvar kommune i eige oversikt og målrettar tiltak når det er aktuelt.

I 2014 hadde vi regelmessig kontaktmøte med Nav fylke for fagleg utveksling og samarbeid om tiltak for å styrkje kompetanse og koordinering av tiltak. Vi har også lagt vekt på samarbeid og koordinering med andre faginstanser som Husbanken og IMDI.

Vi deltok på regionale samarbeidsarenaer i fylket. Saman med Nav Hordaland arrangerte vi to samlingar for alle kommunale og statlege Nav-leiarar. Etter vår vurdering er arbeidet vi gjer på dette feltet eit viktig bidrag til utvikling av tenestene i Nav.

I 2014 vidareførte vi nettverk for arbeid med kvalifiseringsprogram og økonomisk rådgjeving.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Det er sendt eigen rapport til Kvalifiseringsprogrammet til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Ved kartlegging i fem kommunane med langt færre deltakarar i kvalifiseringsprogrammet enn kva det er rimleg å vente ut frå talet på innbyggjarar i alderen 20 -66 år fann vi at Nav-kontora gav tilbod om kvalifiseringsprogram i den grad dei meinte det var grunnlag for det. Kommunane har fått tilbod om å ta kontakt for råd og rettleiing.

Tilsette i kommunane som arbeider med kvalifiseringsprogrammet fekk tilbod om å delta i fagleg nettverk. Det var fire samlingar i 2014. Råd og rettleiing er elles gitt fortløpande til dei som har teke kontakt.

Kvalifiseringsprogrammet var tema i møte som vi hadde med statlege og kommunale Nav-leiarar. Vi har og delteke på møte med partnerskapet i Nav og på fagsamlingar i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Vi hadde ingen rettigheitsklager på dette saksområdet i 2014. Ved to tilsyn blei det avdekt brot på regelverket om tildeling av kvalifiseringsprogram og oppfølging av deltakarane.

73.4 Økonomisk rådgivning

I 2014 arrangerte vi grunnkurs i økonomisk rådgjeving for deltakarar frå Hordaland. På grunnlag av opplæringsbehov som var meldt inn frå dei andre embeta i regionen, arrangerte vi tre grunnkurs og eit vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving for andre fylke.

"Økonomisk samarbeidsforum" for kommunalt Nav-tilsette økonomiske rådgjevarar i Hordaland. Det var fem samlingar i 2014, med om lag 30 deltakarar kvar gong. Andre samarbeidsinstansar hadde innlegg på møta. Økonomisk rådgjeving var og tema i møte i nettverk for kvalifiseringsprogrammet. Føremålet var å sjå tenestene i samheng.

Deltakarar frå Navkontor i Hordaland fekk dekt kursavgift ved årskonferansen "Penger til besvær".

Vi har meldt frå om utviklingstrekk på samlingar for kompetansegruppa for økonomisk rådgjeving i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet. Det er særleg dei mindre Nav-kontora som har utfordringar med kompetanse på fagområdet. Fylkesmannen oppmodar til samarbeid på tvers av kommunegrensar. Det er generelt god merksemd på tenesta økonomisk rådgjeving i Nav-kontora, og interessa for å delta i samarbeidsforumet er god. Vi legg til rette for og oppmodar alle kommunar om å delta i samarbeidsforum. Erfaringsutveksling i forumet er ein viktig arena for kontakt og medverkar til kompetanseutvikling ved dei mindre kontora.

73.5 Boligsosialt arbeid

I 2014 tildelte Fylkesmannen 6 797 035 kroner til elleve bustadsosiale tiltak i sju kommunar. Bergen fekk tilskot til fem forskjellige tiltak, medan dei andre kommunane fekk til eitt kvar. Åtte av tiltaka var starta opp tidlegare år. Eit av tiltaka i Bergen fekk tilskot i 2013, men starta ikkje i 2014. To av tiltaka, begge i Bergen, fekk tilskot for første gong i 2014. Fylkesmannen prioriterte søknadene frå Bergen fordi storbykommunen har dei største bustadsosiale utfordringane. Fordelinga på kommune var slik:

Bergen 3 172 802

Askøy 1 110 000

Fjell 885 611

Ullensvang 560 000

Sund 551 416

Os 466 177

Fitjar 51 029

Hordaland i alt 6 797 035

Vi arrangerte bustadsosial konferanse med tema "Barnefamiliar og bustadsosiale utfordringar" i lag med Husbanken Regionkontor Vest. Målgruppe var dei som arbeider med bustadspørsmål og oppfølging i bustad i kommunane og i staten samt dei som arbeider med bustadsosiale oppgåver i frivillige og ideelle organisasjonar.

Fylkesmannen deltok også i 2014 i det bustadsosiale velferdsprogram til Husbanken Region vest. Fylkesmann Sponheim leiar programrådet som rådgir Husbanken om kva for kommunar som bør takast opp i programmet. Eit sentralt mål for samarbeidet med Husbanken er å følgje opp, samordne og vidareutvikle det strategiske arbeidet på det bustadsosiale området.

Informasjon om den statlege satsinga på bustadsosialt arbeid og om bustadsosiale tilhøve i fylket er formidla på nettsidene våre.

73.6 Barn og unge

Fylkesmannen følgjer med på og bruker informasjon om oppvekstvilkår for barn og unge i fylket i kontakten med kommunane og i vårt arbeid med kommunale planar.

I 2014 tildelte vi om lag 3,8 millionar kroner i tilskot til arbeid mot barnefattigdom. Pengane vart gitt til ni tiltak i kommunane: Askøy, Fjell, Voss, Bømlo, Kvam og fire tiltak i Bergen. Vi vitja eit av tiltaka i 2014.

I samarbeid med Arbeids- og velferdsdirektoratet arrangerte vi regional konferanse der hovudtema var barnefattigdom.

Fylkesmannen tok i 2014 initiativ til ei brei og fleirårig satsing på barn og unge i kommunane. Målsetjinga er å sikre at kommunale tenester blir tilpassa barn og unge, at lokalsamfunna blir lagt til rette for ein trygg oppvekst. Tiltaka kommunane set i verk bør vere universelle, men innretta på ein måte som gjer at dei særleg kjem til nytte for barn og unge frå fattige familiar. Det er også eit mål at tiltaka ikkje er stigmatiserande for nokon av dei. Satsinga har eit perspektiv på fem år og involverer heile embetet, men med ein særleg innsats frå helse- og sosialavdelinga, kommunal- og samfunnsplanavdelinga og utdanningsavdelinga.

Alle kommunane vart invitert til å søkje om å delta. Fylkesmannen valde ut fem kommunar som vi vil følgje over ein fem års periode. Tanken er at kommunane skal prøve ut eigne idear og tiltak som kan bidra til å nå målsetjingane. Som del av satsinga etablerte vi også ei ressursgruppe som har brei kunnskap om situasjonen til barn og unge i Hordaland, god oversikt over tiltak prosjekt og satsingar som er i gang og kvalifiserte synspunkt på område det bør satsast på. Deltakarar i ressursgruppa er Region Vest Bufetat, Helse Bergen, Helse Fonna, Hordaland fylkeskommune, Hordaland politidistrikt, Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, Husbanken region vest, KS Vest, Nav Hordaland, RKBV Vest - Regionalt kunnskapssenter for barn og unge, Hordaland Røde Kors Bergen og Hordaland Turlag (Barnas turlag).

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 562 735,10	kr 834 580,57
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 1 747 091,17	kr 22 820,00
Tilsyn etter lov om sosiale tj. i NAV	kr 861 073,06	kr 0,00
Andre oppgaver under ASD	kr 820,00	kr 0,00
Sum:	kr 3 171 719,00	kr 857 400,00

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap

76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

KS og Helse Vest RHF følger opp overordna intensjonsavtale for samarbeid i Vestlandsregionen. Samarbeidsavtalar etter lov om kommunale helse og omsorgstenester mellom kommunane og helseføretaka er reviderte i føretaksområda.

Ved utgangen av 2014 hadde 19 kommunar i fylket, aleine eller i samarbeid med andre, oppretta kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD). Fem kommunar har fått pengar til å starte tilbod, men har av ulike omsyn vald å utsetje opning til 2015.

Fylkesmannen har samla erfaringar frå besøk i dei fleste einingane for ØHD i regionen i [eigen rapport](#). Bruken av plassane ser stort sett ut til å vere svakt aukande frå eit lågt nivå (20-30%), men at det er stor variasjon mellom kommunane. Vi ser òg at oppfølging frå helseføretaket er viktig for utvikling av tilboda, og at det difor bør stillast sterkare krav til slikt samarbeid i framtidige nasjonale rettleiarar. Fylkesmannen arrangerte i samarbeid med Helsedirektoratet og KS ein nasjonal erfaringskonferanse for kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnplassar i på Flesland i november 2014. Konferansen hadde god oppslutnad.

Kommunane og helseføretaka samarbeider om innføring av system for elektronisk samhandling. Alle kommunane i fylket har starta opp med elektronisk meldingsutveksling mellom fastlegane og dei kommunale pleie og omsorgstenestene. Alle kommunane utvekslar òg elektroniske meldingar med helseføretaka.

76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Det vart gjennomført eigen fagdag om IPLOS saman med Helsedirektoratet. Ved klagesaker og tilsyn blir IPLOS kartlegging etterspurt. IPLOS har vore tema på ulike fagdagar, som f.eks. saksbehandlarkurs. Saksbehandlarkurs for tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester blei gjennomført i desember.

Nettverkssamling for sjukeheimsleger vart gjennomført som dagskonferanse med 46 deltakarar frå forskjellige kommunar. Vi fekk gode tilbakemeldingar om det faglege innhaldet, og om at dette tilbodet eksisterer.

Saman med KS arrangerte vi fagdag om etisk kompetanseheving med tema "Etikk og brukarmedverknad". Målsettinga med konferansen var å stimulere alle kommunane til å kome i gang med eller vidareføre etisk kompetanseheving. Det var 154 deltakarar frå 16 kommunar.

Alle kommunane i Hordaland har fått invitasjon til å delta i Pasientsikkerhetsprogrammet "Samstemming og riktig legemiddelbruk i hjemmetjenesten", 15 av 33 kommunar deltok. USHT Bergen fekk eit tilskot på kr 150 000 til pilotprosjektet. Fylkesmannen var med i arrangørkomiteen og deltok på samlingane. Deltakarane har

gitt tilbakemeldingar om at deltakinga ført til endringar i arbeidet med sikker medikamentbruk. Programmet held fram i 2015 med tema forebygging av fall og trykksår, og alle kommunane blir inviterte til å vere med.

USHT Bjørgene fekk eit tilskot på kr 75 000 til gjennomføring av pilotprosjektet "Riktig legemiddelbruk i sykehjem og riktig legemiddelbruk i hjemmetjenester". 9 kommunar deltok i dette læringsnettverket.

76.5 Felles digitalt nødnett

Framdriftsplan og tilrettelegging for felles digitalt naudnett er tema i fora i ulike møte med kommunar og regionale etatar. Konkrete saker som vert teke opp med fylkesmannen teke opp og avklara med aktuelle partar eller DNK. Lokalisering og plassering av nye sendarar i "verna" eller spesielle område vert prioritert løyst i dialog for å unngå unødige tidstap.

76.6 Helseberedskap og smittevern

I 2014 har vi prioritert

- Fortløpande intern og ekstern oppdatering av kontaktinformasjon og varslings- og distribusjonslister i krisestøtteverktøyet DSB-CIM.
- Samarbeid for å bidra til betre atomberedskap, sjå årsrapport frå resultatområde 54.1. Merk: Resultatkravet om å ha oppdatert atomberedskapsplanverk på atomberedskap.no i embetsoppdraget 2014 må utgå eller omdefinierast då denne sida er nedlagd. Fylkesmannen oppbevarar atomberedskapsplanane og oppdaterer i CIM etter behov i samband med atomberedskapsatsinga i 2015.
- Smitteverndag for helsepersonell og informasjonsmøte om ny rotavirusvaksine. Smittevern er også tatt opp på andre møte med helsepersonell.
- Innhenting av status for smittevernplanar i kommunane.
- Registrering av varsel om utbrot frå kommunar.
- Deltaking i fylkesberedskapsrådet, SAM-RED-seminaret om samvirke i redningstenesta og andre relevante fora.
- Varsling og rapportering i DSB-CIM i samband med nasjonale hendingar, eksempelvis ebola.

76.7 Personell og kompetanse

Kompetanseløftet 2015

Det årlege dialogmøtet med alle kommunane vart arrangert i februar. Kommunane vart minna om å sjå satsingane i Kompetanseløftet i samanheng med implementering av samhandlingsreforma og dei rekrutterings- og kompetansebehov reforma fører til i dei kommunale omsorgstenestane.

Kompetansemidlar er fordelt i samsvar med retningslinjene frå direktoratet. 31 av 33 kommunar søkte om midlar til kompetanseheving i 2014. Kommunane søker om tilskot til tiltak som er prioritert i kompetanseløftet. Tiltak det vart søkt om tilskot til i 2014, var også dette året mange fleire enn tilskotet vi hadde til fordeling. Samla tildeling av tilskot var kr 15 258 440.

16 av dei 33 kommunane i fylket har utarbeida kompetansehevingsplan som vedlegg til søknadene. Det er likevel berre i eit fåtal av kommunaneat planen er integrert i anna i anna kommunalt planverk.

Kommunane i Hordaland har høgare del årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning enn landsgjennomsnittet utanom Oslo. Kommunane i Hordaland har høgare del årsverk med høgskule/universitetsutdanning enn landsgjennomsnittet.

Fylkesmannen har årlege møte med KS, fylkeskommunen, høgskulane og Bergen kommune. Vi er også med i ei arbeidsgruppe saman med Fylkeskommunen, KS om rekruttering til helse- og omsorgsfaga.

Turnusteneste

Legar: Fylkesmannen vurderer kvaliteten på turnusstillingane for legar i kommunane som god og stabil. Det er mange nok turnusstillingar i kommunane til dagens tal på kandidatar. Ei utfordring er likevel å ivareta

både turnuslegar med rettar etter gammal ordning og turnuslegar som er tilsette i kopla stillingar. Fylkesmannen har bidrege til kontakt mellom helseføretak og kommunar på ulike trinn i samarbeidsprosessen. Nokre kommunar er meir aktive enn andre i samarbeidet med helseføretak.

Fysioterapeutar: Fylkesmannen meiner det er tid for ny gjennomgang av turnusordninga for fysioterapeutar. Det gjeld gjeld det faglege innhaldet i turnustenesta, kvalitetskrav til turnusplassar og administrasjon av turnus. For harmonisering og effektivisering bør administrative oppgåver som er lagt til dei regionansvarlege fylkesmennene samlast ein stad, valordninga bør vere elektronisk og felles for heile landet. Det er for få tilgjengelege turnusplassar i region midt- vest og sjølv med godt samarbeid mellom dei regionansvarlege fylkesmennene, er det ikkje rett at det er er turnusfysioterapeutar frå høgskulane i Bergen og Trondheim, og Oslo, som risikerer å kome på venteliste.

76.8 Rettsikkerhetsarbeid

97 % av sakene som gjeld rett til nødvendig helsehjelp blei behandla innan 3 månader. Alle sakene som gjeld sjuketransport blei behandla innan 3 månader.

Vi har følgd opp helsetenestene med fagdag, undervisning etter førespurnad og tilpassa rettleiing i enkeltsaker. Dette har medverka til å sikre nødvendig helsehjelp innanfor rammene av helselovgivinga.

Vi mottok 250 vedtak etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A i 2014. Av desse varte 55 vedtak tre månader eller meir. Det er framleis krevjande for helsetenestene å sikre at vedtaka tilfredsstiller krava i kapittel 4A. Det store bildet er likevel at vedtaka no er betre opplyste, og mindre feilaktige, enn tidlegare år.

Vi har arrangert felles fagdag om forbygging av tvang, jf. helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A, for tilsette i helse- og omsorgstenestene og tolketenesta.

Ved tildeling av tilskot frå Kompetanseløftet 2015 prioriterte vi kommunar som søkte om midlar til opplæringstiltak for å fylla kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova § 9-9, tredje avsnitt. På samlingar for leiarane i kommunane har vi særskilt oppmoda dei om å søkje om tilskot til dette fagområdet.

Opplæring i/gjennomgang av nytt rundskriv for tilsette i kommunane blei utsett då nytt rundskriv framleis ikkje er ferdig frå Helsedirektoratet.

Saksbehandlingstida var på 6 veker for 70 % av sakene etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Dette er i samsvar med sørviserklaringa til Fylkesmannen i Hordaland. 94 % av sakane blei behandla innan 3 månader.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	78	
Sum	78	

77.3 Særfradrag

Fylkesmannen behandla åtte saker om særfradrag for særleg store sjukdomsutgifter. Tre av dei blei sende til Helsetilsynet som klagesaker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 18 dagar.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	8	18
Sum	8	

77.4 Førerkortsaker

Fylkesmannen i Hordaland avslutta i 2014 i alt 2652 saker som handla om helsekrav til førarkort. Dette var ein auke frå året før på 403 saker (18%). Saker der Fylkesmannen rådde politiet til å inndra føreretten auka med 13% frå 915 til 1033. Mest auka sakene der Fylkesmannen vurderte om førarkortinnehavarar kunne få dispensasjon frå helsekrava. Desse sakene auka med 32% frå 967 til 1276. Dette er dei mest krevjande sakene. Over halvparten av dei sakene der det ikkje var trong for å innhente ekstra dokumentasjon blei behandla innan 7 dagar. Fylkesmannen har mange røynde saksbehandlarar på feltet, og har prioritert dette feltet høgt.

Dispensasjon frå helsekrava - fordeling i %:

Rus-/medikamentbruk	26 %
Hjarte-karsjukdommar	24 %
Psykisk lidning og åtferdsproblem	17 %
Anfall/medvitstap	15 %
Diabetes	8 %
Funksjon/nevrologisk sjukdom	4 %
Anna	4 %
Nedsett syn	2 %

Råd om å inndra førarkort - fordeling i %:

Anfall/medvitstap	28 %
Rus-/medikamentbruk	26 %
Psykisk lidning/åtferdsproblem	21 %
Anna	7,6 %
Hjarte-karsjukdom	7,4 %
Funksjon/nevrologisk sjukdom	5,5 %
Nedsett syn	2,6 %
Diabetes	0,6 %

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMHO	2652	7
Sum	2652	

77.5 Pasientjournaler

Fylkesmannen mottok ikkje journalarkiv i 2014.

Embeter	Antall
FMHO	0
Sum	0

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

83.1 Folkehelsearbeid

Det ser framleis ut til å vere vanskeleg for kommunane å prioritere langsiktig helsefremjande arbeid som del av samhandlingsreforma. Det står og ein del att før vi har klart å gjere strategiar for fleire gode leveår og mindre sosial ulikskap synlege og allment aksepterte i generell samfunnsplanlegging og i sektorar som har ansvar for utdanning, samferdsel, bustadutvikling og næring. Det er lettast å få gjennomslag for tilrettelegging for fysisk aktivitet.

På den andre sida viste dei kommunane som vi førte tilsyn med i 2014, at mykje av det folkehelsefremjande arbeidet kommunane gjer, blir definert som noko anna. Dette gjeld ikkje minst det systematiske arbeidet i utdanningssektoren. Når vi samanliknar med tidlegare år, er folkehelsearbeidet klart høgare prioritert i 2014.

Hovudtrekk ved folkehelsearbeidet i 2014:

- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 vart samrøystes vedteken i fylkestinget 11. mars 2014, og Fylkesmannen var aktivt med både i utforminga og i arbeidet med å gjere planen kjend i kommunane.
- Nettsida er vår viktigaste informasjonskanal, og der hadde vi 25 oppslag under folkehelsefana i løpet av året.
- Folkehelseinnspel blir prioritert i tilbakemeldingar til kommunalt planverk både i planforum, i gjennomgang av nye planstrategiar og i høyringsfråsegrer til nye kommuneplanar.
- Fylkesmannen har delteke aktivt i den regionale partnerskapen for folkehelse, særleg med innspel om nasjonale mål, strategiar og lovverk og i arbeidet med å skape betre lokalt kunnskapsgrunnlag for kommunale og regionale strategiar og tiltak.
- Ni kommunar har publisert si folkehelseoversikt til no, og fleire har kome langt i arbeidet med dette dokumentet. Både Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune har prioritert rådgjeving om dette i 2014, og arbeidet i kommunane er intensivert i 2014 og 2015 i samband med neste kommuneval og førebuing av nye planstrategiar i kommunane.
- Vi gjennomførte tilsyn med det jamlege oversiktsarbeidet i kommunane Masfjorden, Lindås, Radøy, Fusa og Voss. Vi registrerte ikkje avvik frå lovkrava, men registrerte at meldinga om at det ville bli ført tilsyn i 2014, sette fart i arbeidet med å etablere styringssystem i fleire kommunar enn dei vi faktisk besøkte. Vi registrerte og mykje godt folkehelsearbeid som kommunane sjølve ikkje skreiv på denne kontoen.
- Vi tok imot praksisstudentar i folkehelse frå Høgskulen i Bergen. Studentane ga tilbakemelding om at dette styrkte forståinga deira av dei store linjene i folkehelsearbeidet.

Skulemiljø

Som ledd i oppfølginga av kartlegginga om godkjeningsstatus ved alle grunn og vidaregåande skular i fylket, gjennomførte vi kurs i 2013. Vi arrangerte ikkje nytt kurs i 2014, men følgde dette året med på Bergen kommune sitt arbeid med å kartlegge tilstand i alle skulebygg og følgje oppsett plan for å utbetre og byggje nye skular. Tilsynet med Bergen kommune har pågått sidan januar 2012.

Forvaltning av alkoholova

Første juli vart alt arbeid med utgangspunkt i alkoholova samla i helse- og sosialavdelinga. Målet er betre samordning og sterkare tilknytning til folkehelsearbeidet og dei andre oppgåvene på rusfeltet. Vi har kartlagt og laga oversikt over skjenkekontrollane i fylket (eigne, interkommunale og kjøpte frå private selskap) og kontaktpersonar for skjenkesaker i kommunane.

I 2014 handsama vi tre klagesaker etter alkoholova. Vidare er det fastsett løyvegebyr for befalsmesser og skip med statleg skjenkeløyve og handsama søknader om utvida skjenketid og skjenkeareal for enkelthøve frå

befalsmessene. I 2014 blei det ikkje utført kontrollar med skip som har statleg skjenkeløyve frå Fylkesmannen. I samsvar med alkohollova § 19 første ledd blei kontroll med befalsmesser utført av kommunane. I tillegg er det gitt rettleiing om alkoholregelverket til kommunar og private som har vendt seg til Fylkesmannen i samband med kommunane si praktisering av regelverket.

Pilot Ansvarleg alkoholhandtering

Hordaland var eitt av tre pilotfylke for satsinga Ansvarleg alkoholhandtering. Fylkesmannen etablerte nettverkssamarbeid med Hordaland politidistrikt, Haugalandet og Sunnhordland politidistrikt, KoRus Vest, NHO reiseliiv, PSST vaktelskap, LO og kommunane Bergen, Stord og Voss. Det vart gjennomført to nettverksmøte, fire møte i arbeidsgruppa og to kurs/møte i kommunane Voss og Stord.

Sentrale punkt i oppsummeringa av piloten:

- ungdommen under 20 år er borte frå den offentlege arenaen på kveldstid (fleire diskotek og andre møteplassar for dei yngste har måtta stenge på grunn av sviktande publikum).
- Korkje politi, næring eller skjenkekontroll på bygdene kjenner eller praktiserer lovverket som gjeld for vakthald på serveringsstader.
- Stord kommune seier opp avtalen med Securitas as og går inn i eit interkommunalt samarbeid om skjenkekontroll i Sunnhordland og deler av Rogaland frå januar 2014.
- Samarbeidet mellom kommune og politi er styrkt i dei tre kommunane i løpet av pilotperioden.

Vi samarbeidde med KoRus Vest om å tilby opplæring til kommunar i å lage ruspolitisk handlingsplan, men det viste seg å ikkje vere interesse for dette i kommunane.

Resultatområde 84 kommunale helse- og omsorgstjenester

84.1 Allmennelegetjenesten inkludert fastlegeordninga

Fylkesmannen i Hordaland, Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utarbeidde i fellesskap rapport med vurdering av legevakt i kommunane. Rapporten blei sendt til Helsedirektoratet i november 2014. Alle kommunane har legevakt 24/7. Det er store skilnader i organisering, også skilnader i bemanning, utstyr og opplæring av personell.

Det er stabilitet i fastlegeordninga. Vi fekk heller ikkje i 2014 spørsmål om mellombels suspensjon.

Svar på kartlegging av helsestasjonstenestene, oppfølging etter det landsomfattande tilsynet i 2013, viste at det framleis er enkelte kommunar der samarbeidsrutinar mellom helsestasjon og fastlegar ikkje er på plass og at ansvarsforhold ikkje var tilstrekkeleg avklart.

Kartlegging av legebemanning i sjukeheimar viste at det er store skilnader mellom kommunane, med verdier frå 0,18 til 0,86 timar per pasient per veke. Legedekning kan etter vår vurdering vere ein indikator på kva kapasitet sjukeheimen har til å følgje opp dei medisinske problemstillingane som pasientane har. 2/3 av kommunane meinte legebemanninga var tilstrekkeleg. Sjølv om det alltid vil vere lokale variasjonar, meiner Fylkesmannen at det i mange kommunar er trong for betre legedekning på sjukeheimar.

I 2014 hadde vi regelmessig kontakt med kommunane som hadde eller var igang med oppretting av kommunale øyeblikkeleg-hjelp døgnseger, bemanning og vaktordningar for å møte pasientane sine behov for undersøking og tilsyn av lege.

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har hatt munnleg kontakt og dialog med helsetenesta i fengsel. Det er ikkje gjennomført tilsyn eller andre besøk til denne tenesta. Helsepersonellet deltek som andre på våre arrangement.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

I kontakt med kommunane legg vi vekt på at tenestene skal vere innretta for heile befolkninga og tilpassa individuelle behov.

Vi har informert om rettleiarar og regelverk om bruk av tolk og tolketenester i møte med helse- og omsorg, sosial og barneverntenestene, og vi har undervist om regelverk som gjeld kjønnslemlesting. Vi har særskilt påpeika plikta til å bruke kvalifiserte tolkar og mint om å bruke kompetansen til RVTS så vel som rettleiaren frå Helsedirektoratet. Det blei ikkje arrangert eige konferanse om førebygging av kjønnslemlesting. Siste konferanse om tvangsekteskap og kjønnslemlesting var i november 2013 og blei i samarbeid med IMDI Vest, UDI Vest, RVTS, Bufetat Region Vest og Hordaland fylkeskommune.

I 2013 gjennomførte vi tilsyn med helsestasjonstenestene til barn 0-6 år i fem av 33 kommunar i fylket. I 2014 kartla vi tilbodet i dei andre kommunane og spurde mellom anna om bruken av tolketenester og tilbodet til asylsøkjjarar og flyktningar.

Svara frå kommunane tilseier at helsestasjonane gir same tilbod til asylsøkjjar- og flyktningar som til andre og at tolketenester blir nytta. Somme kommunar kan forbetre rutineane for å vurdere og dokumentere at foreldra har forstått opplysningar som er gitt i konsultasjon på helsestasjonen.

84.8 Forebyggende helsetjenester

Fylkesmannen har ikkje kartlagt korleis kommunane har prioritert å disponere auken i rammetilskot. Vi har undersøkt om kommunane tilbyr helsestasjonstenester i samsvar gjeldande regelverk og følgjer tilrådingar i nasjonale faglege rettleiarar. Undersøkinga var ei oppfølging av det landsomfattande tilsynet med helsestasjonstenester til barn 0-6 år og blei gjennomført i dei kommunane som vi ikkje førte tilsyn med i 2013.

27 av 28 kommunar svara. Åtte av 27 kommunar har svara at det er enkelte av kontrollane som dei ikkje gir tilbod om til alle barn i alderen 0-6 år. KOSTRA-tal for 2013 viser skilnader i bemanning. 16 av 27 kommunar svara dei hadde nok helsepersonell (jordmor, helsesyster, lege og fysioterapeut) til å kunne tilby forsvarlege helsekontrollar heile året.

I Hordaland har vi registrert frisklivs- og eller meistringssenter i følgjande kommunar: Askøy, Bergen, Etne (ny i 2014), Odda og Ullensvang, Kvinnherad, Os, Stord, Sund og Øygarden. Åtte av desse kommunane søkte om og fekk tilskot til oppfølging av pasientar med kroniske lidningar. Både i Sunnhordland, i Hardanger og på Sotra ser vi døme på interkommunalt samarbeid om tiltak for desse pasientane, også med kommunar som ikkje har frisklivssentral.

Fleire kommunar har fått tilskot til etablering utan at det har ført til politisk vedtak om iverksetjing, og vi får melding om liten vilje til å prioritere frisklivssentral på det kommunale budsjettet. Det kan sjå ut til at frisklivstilbodet eksisterer frå år til år på grunn av dei statlege løyvingane. Det er lite som tyder på at denne situasjonen vil endre seg.

Sveio kommune valde å leggje ned sin frisklivssentral i 2014 av økonomiske grunnar. Fylkesmannen ser at det kan bli vanskeleg for dei mindre kommunane å halde oppe eit slikt frivillig helestenestetilbod i tillegg til dei lovpålagde tenestene.

84.11 Tannhelse

Vi har årlege møte med fylkestannlegen der blant anna tannhelse i kommunale helse- og omsorgstenester er tema. Tannhelse i heimetenestene var tema på helse og omsorgskonferanse i 2014. Resultat frå ei kartlegging i kommunane Os, Tysnes og Bergen vart presentert. Om lag 25 % av vedtaka om tvungen helsehjelp etter pasient og brukerrettighetslova kapittel 4 A gjeld tannbehandling. Vi gir mykje rettleiing til tannlegane i denne samanheng.

84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Alle kommunane og helseføretaka har oppretta koordinerande eining for habilitering og rehabilitering.

I samband med oppfølging av samhandlingsreforma har vi følgd med på og teke opp behovet for rehabiliteringstilbod i kommunane. Hovudinntrykket er at habiliterings- og rehabiliteringstilbod ikkje er styrkt som følgje av samhandlingsI somme kommunar er tilgangen på korttids plassar for rehabiliteringsopphald sterkt redusert som følgje at behov for plassar til pasientar som blir skrivne ut frå sjukehus. Det er elles fleire kommunar som prøver ut heimerehabilitering.

Verktøyet individuell plan er kjent, men bruken av slike planar for å koordinere tenestetilbod varierer mykje. Vi har understreka behovet for å få og plikta til å sørge for brukarmedverknad og koordinerte tilbod i møte og tilsyn med kommunale tenester og spesialisthelsetenester.

84.13 Omsorgsplan 2015/2020

Vi samarbeider med Senter for omsorgsforskning region Vest, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, Bjørgene Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, KS og NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus for gjennomføring av ulike prosjekt, koordinering av tiltak og konferansar.

Den årlege omsorgskonferanse vart arrangert i april saman med Senter for omsorgsforskning region Vest, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, og KS. Målgruppa var kommunane. Hovudtema for konferansen var morgondagens omsorg, brukarmedverknad og nytenking, implementere ny kunnskap. Hovudsakene og programområde i Omsorgsplan 2020 er presentert og tilbod om rettleiing er gitt.

Vi har bistått i arbeidet med innsamling og kvalitetssikring av data i den nasjonale kartlegginga av tilbod til personar med demens.

Overfor kommunane har vi i fleire år, også i 2014, peika på behovet for kvalifisering av personell til å vareta pasientar med demens og behovet for tilrettelagte tilbod, pårørandeskular og demensteam. ved utgangen av 2014 hadde 24 av 33 kommunar dagtilbod, tilbod til pårørande i form av pårørande skule, kurstilbod eller samtalegrupper. I løpet av 2014 har 15 av kommunane gjennomført opplæring i Demensomsorgens ABC eller ABC miljøperm. 23 av kommunane har opplyst at dei gjer vedtak om støttekontakt til personar med demens.

Investeringsstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader: Det var liten aktivitet i 2014. Det blei det gitt tilsegn om tilskot til 51 einingar, 30 sjukeheimplassar og 21 omsorgsbustader. Vi ventar fleire søknadar i 2015 og framover. Vi gav fagleg uttale til Husbanken med særleg merksemd på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi. Det er krevjande å vareta krava om at sjukeheimar og omsorgsbustader skal være tilpassa personer med demens og kognitiv svikt i tråd med Demensplan 2015 og saman med Husbanken har vi Husbanken hatt fleire møter med einskilde kommunar om dette.

Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester: Fylkesmannen har nært samarbeid med USHT Hordaland og USHT Bjørgene og deltek i fag og samarbeidsråda to gonger kvart år. Kompetanseutvikling er eit sentralt satsingsområde i Omsorgsplan 2015. Utviklingssentra er ein viktig samarbeidspartnar.

Lindrane behandling: I samarbeid med leiar for Kompetansesenteret i lindrande behandling Helseregion Vest vurderte og prioriterte vi søknadene om ”Tilskot til lindrande behandling og omsorg ved livets slutt”. 9 av 13 søknader fekk tilskot, samla tildeling var kr. 3 360 000.

84.14 Psykisk helse og rus

Fordeling av tilskotsmidlar og rapporteringar til Helsedirektoratet blei utført i samsvar med oppdrag. Fylkesmannen i Hordaland samarbeidde med Helse Vest RHF, Fylkesmannen i Rogaland, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, KoRus Vest med fleire om å arrangere eit jubileumsseminar der det blei markert at det var 10 år sidan personar med rusproblem fekk pasientrettar i spesialisthelsetenesta. Brukar-, teneste- og forskarperspektivet innan rusbehandling blei løfta fram gjennom ei rekkje parallellsesjona og viste breidda på feltet. Tilsette i ulike

tenester i kommunane, brukarorganisasjonar, kompetansesenter og tilsette i spesialisthelsetenesta var inviterte og om lag 350 deltok.

I samarbeid med ulike kompetansesenter arrangerte vi tre seminar om «Tverrfagleg samarbeid og teieplikta», eit i Bergen, eit på Tysværtunet og eit i Nordhordland. Det er heilt klart eit stort behov for fagleg oppdatering på dette området. Det er planlagt eit nytt kurs på Tysværtunet hausten 2015.

Hausten 2014 blei det oppretta eit samarbeidsforum mellom Fylkesmannen, helseføretaka, KS og dei ulike kompetansesentra. Føremålet er å få til ei betre koordinering og samarbeid om utviklings- og kompetansehevande tiltak for kommunane.

Bustad var eit viktig satsingsområde i 2013 og dette blei vidareført i 2014. Tilbod om eigna bustad til brukarane er ei av dei største utfordringane innan rus og psykisk helse. Fylkesmannen følgjer opp arbeidet gjennom enkeltsaker og fagleg rettleiing, i tillegg til å prioritere prosjekt som omhandlar bustad til menneske med samansette vanskar og behov.

Embetet har ei eiga satsing for barn og unge der helse og sosial avdelinga, tdanningsavdelinga, kommune- og samfunnsplanavdelinga samarbeider.

Kvalitetssikring av kommunerapportering IS-8/2013 er gjennomført.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMHO	0
Sum	0

85.5 Kosmetisk plastiskkirurgiske inngrep

Fylkesmannen behandla

Kosmetisk plastiskkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMHO	0	
Sum	0	

85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Fylkesmannen behandlar saker om heimsending/heimhenting også på vegne av Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I 2014 behandla vi ni saker om heimsending/heimhenting.

Talet på saker som gjeld betaling for opphald i psykisk helsevern for pasientar som ikkje har bustad i riket, aukar jamnt. Retningslinene er generelle og til dels uklare og medfører mykje meirarbeid. I 2014 behandla vi seks saker, og i to av dei fann vi at vilkår for å dekkje opphaldet ikkje var til stades. På grunnlag av saksopplysningane fann vi at pasienten hadde bustad i riket.

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 8 529 255,56	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 630 190,91	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 71 925,42	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 3 660 560,30	kr 854 409,15
85 Spesialhelsetjenesten	kr 791 720,35	kr 4 184 327,32
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 3 901 124,73	kr 951 487,80
Andre oppgaver under HOD	kr 44 918,99	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 74 639,68	kr 0,00
Sum:	kr 17 704 335,00	kr 5 990 224,00

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

Fylkesmannen i Hordaland har ikke fatta vedtak i klagesaker på dette feltet i 2014.

91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner

Fylkesmannen i Hordaland har handsama 2 søknader om konesjon etter taubanelova i 2014.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Embetet behandla 4390 apostillar i 2014.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Fylkesmannen gav i 2014 uttale i en sak om utnevning av ny honorær konsul.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Det er utbetalt støtte for 13.217 medlemmar fordelt på 66 registrerte og uregistrerte trdomssamfunn i 2014. Samla utgjer dette kr. 5.934.433,-.

Vi har registrert to nye trdomssamfunn i 2014, Menigheten Nytt Liv Austevoll og Shalom Covenant Evangelical Church. Vi viser elles til eigen årsrapport som vert sendt Kulturdepartementet.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

Fylkesmannen fatta i 2014 112 vedtak etter gravferdslova § 20 andre ledd. 8 søknader vart avslått. Resten av søknadene vart innvilga. Fylkesmannen har handsama ein søknad om privat gravplass etter gravferdsloven § 20 fyrste ledd. Denne vart avslått. Det er i tillegg gitt ein del orientering og rettleiing til publikum.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

Vi har handsama tre saker om utvida opningstid etter lov om helligdag og helligdagsfred. Vi har innvilga ein søknad og avslått to søknader.

Det er gitt ein del orientering og rettleiing til publikum over telefon.

Andre

Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525 Fagdep.	
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 222 188,95	kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 222 188,00	kr 0,00